



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2012

Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata




Rapport nr. 9-2012



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, og ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett: <http://www.fmsf.no>
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsida: Gråmåsepar. Foto Tore Larsen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 9-2012	
Forfattar Tore Larsen		Dato Desember 2012	
Prosjektansvarleg Tore Larsen		Sidetal 116	
Tittel Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2012 Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata		ISBN 978-82-92777-34-3 ISSN 0803-1886	
Geografisk område Sogn og Fjordane, kystkommunane		Fagområde Naturvern, økologi, zoologi, sjøfugl	
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens Naturoppsyn			
Samandrag I 2012 blei det gjennomført teljingar av hekkande fugl i 49 av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane, og i to våtmarksreservat med hekke- og mytefunksjon for sjøfugl. Hekkebestandane har endra seg lite frå i fjor, og næringstilhøva er framleis dårlege. For 15 sjøfuglartar er hekkebestanden i år betre enn ”normalåret” 1995 for ein art (teist, som hadde ein dårleg sesong i 95), mens to artar har gått tilbake mellom 25 og 50% (fiskemåse, alke), ti artar har gått tilbake mellom 50 og 90% (toppskarv, tjuvjo, svartbak, gråmåse, sildemåse, krykkje, raudnebbterne, makrellterne , lomvi, lunde), og to har gått tilbake med meir enn 90% i same periode (havhest, ærfugl). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (betre enn i 95) og tjeld (tilbake mellom 25 og 50%). Det store samanbrotet i hekkebestandane kom i 2004, og skjedde rundt heile Nordsjøen samtidig med kollaps for fiskeslag som er viktige for heile økosystemet. Det tidlegare overfisket av industrifisk i Nordsjøen har fått ringverknader i økosystemet i havet, heilt opp til sjøfuglane på toppen av næringskjeda. Mye av industrifisket går til produksjon av laksefôr, og oppdrettslaksen i Sogn og Fjordane åleine set til livs minst 1000 gonger meir fisk enn alle sjøfuglane i fylket til saman. Lundefuglen er den mest talrike hekkefuglen av sjøfuglane i Sogn og Fjordane, og bestanden ser ut til å halde seg stabil. Ser vi på dei andre sjøfuglartane under eitt, er hekkebestandane små samanlikna med situasjonen på 80- og 90-talet, men har vore i svært langsam auke frå 2009. Tilveksten etter samanbrotet i 2004 gjekk merkbart raskare, men blei avløyst av ein markert tilbakegang frå 2007 til 2008. Dette fall i tid saman med stenging av tobisfisket i Nordsjøen i 2005 og 2006, og opning av fisket sommaren 2007. Ei ny utvikling i år er at <i>individtalet</i> av måsar på hekkeplassane har gått ned, sjølv om tal hekkande fuglar er det same eller aukande. Dette betyr at ikkje-hekkande, vaksne fuglar i mindre grad oppheld seg på hekkeplassane, men kvar desse ”lediggåande” fuglane har gjort av seg har vi ingen indikasjonar på.			
Emneord 1. Sjøfuglar 2. Naturvern 3. Sjøfuglreservat 4. Sogn og Fjordane 5. Fiskeri		Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	

Alle bilete i rapporten er tatt av Tore Larsen, om ikkje anna er oppgitt

Føreord

Det marine miljøet er komplisert og utilgjengeleg, og vanskeleg å forvalte utan at ein har gode indikatorar på tilstanden nede i djupet. Sjøfuglane fyller ei slik rolle som indikatorar for tilstanden i havet, for dei er på toppen av næringspyramiden, og dermed avhengige av at alle trinn nedover i systemet er i god gjenge – anten det dreier seg om fuglemat som fisk og krepsdyr, eller dyreplanktonet som fisken lever av, eller planteplanktonet som er basis for alt saman. Når organismane på toppen av ei næringskjede får problem, veit vi straks at noko er galt lenger ned i systemet. Sjøfuglane er dessutan relativt lette å studere, og dei gjer mye av seg.

Verneplanen for sjøfugl blei gjennomført fordi ein såg verdien av sjøfuglane, både som viktige element i kystnaturen og som ein av dei beste indikatorane for tilstanden av den same kystnaturen. I samband med verneplanen for sjøfugl blei det gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane. Også etter at dei 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane blei verna 28.5.1993, blei det gjennomført teljingar. Alle desse undersøkingane har gitt eit godt grunnlag for å vurdere ein tilnærma ”normaltilstand” for sjøfuglane, og kva bestandstal ein kan vente når tilhøva er gunstige.

Hausten 2003 fekk Fylkesmannen melding om at det var lite sjøfugl ved hekkeplassar nord i fylket, og frå og med 2004 er det gjennomført årlege tellingar av hekkande fuglar i sjøfuglreservata. Akkurat dette same året kom det totale samanbrotet i hekkebestandane av sjøfugl, ikkje berre i Sogn og Fjordane, men i sjøfuglkoloniar rundt heile Nordsjøen. Svært få fuglar la egg, og av dei få ungane som blei ruga ut kom nesten ingen på vengene.

Den einaste moglege forklaringa når hekkebestandar av sjøfugl kollapsar samtidig over så store område, er næringssvikt. Det viste seg da også at fleire fiskeartar i Nordsjøen på same tid hadde kollapsa eller var i ferd med å gjere det. Mellom andre var eit sentralt økosystemelement som tobisen borte, og årsaka var rimeleg enkel å peike på i form av overfiske, både av ein minkande gytebestand og av yngel og ungfisk som ikkje rakk å formeire seg. Behovet for fôr til ein stadig aukande akvakulturindustri merkast, og berre oppdrettslaksen i Sogn og Fjordane set til livs tusen gengar meir mat enn sjøfuglane i fylket.

Havforskarar har i tillegg peikt på at tilsynelatande gode gytebestandar av fleire fiskeslag i Nordsjøen ikkje har ført til venta ny rekruttering. Truleg lever ikkje yngelen opp. Årsaka kan vere endringar i næringstilgangen for yngel og småfisk, og det er i så fall dårleg nytt for sjøfuglane. Det er jo overfloden av dei yngste aldersgruppene av fisk som er grunnlaget for sjøfuglane sin eksistens. For meir diskusjon om andre moglege årsakar til tilbakegangen for sjøfuglane, sjå sjøfuglrapporten frå i fjor (Larsen 2011).

Målet med sjøfuglteljingane i Sogn og Fjordane er å følgje utviklinga i hekkebestandane, og blir gjennomførte som eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens Naturoppsyn.

Leikanger, desember 2012

Tore Larsen
Miljøvernavingdelinga,
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhald


Samandrag	6
Metodikk	9
Forklaring til tabellane	12
Status for sjøfuglreservata	13
Observasjonar av sjøpattedyr	84
Resultat frå registrering av kullstorleik	85
Utvikling i hekkebestandane av utvalde artar	92
Toppskarv	93
Teist	96
Gråmåse	98
Terner	101
Artsgjennomgang	103
Havhest	103
Toppskarv	104
Grågås	104
Ærfugl	105
Havørn	106
Tjeld	106
Tjuvjo	106
Gråmåse	107
Svartbak	107
Sildemåse	108
Fiskemåse	108
Krykkje	108
Makrellterne og Raudnebbterne	109
Alke	109
Lomvi	109
Lunde	110
Teist	110
Nokre særtrekk ved sesongen 2012	111
Skjøtsel i sjøfuglreservata	113
Litteratur	115

Samandrag

Data frå sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane gjennom dei siste ti åra viser at bestandane av så godt som alle artar har gått tilbake, nokre sterkt tilbake. Tilbakegangen tok til rundt århundreskiftet. Nokre artar hadde da rett nok allereie vore på retur ei tid, men for dei fleste sjøfuglane kom kollapsen i åra 2003-04. Dette fell i tid saman med samanbrotet i bestandane av fleire fiskeslag i Nordsjøen, kanskje med tobis (eit samlenamn på havsil og andre silartar) som dei viktigaste. Tobis og andre "industrifisk" er nøkkelartar i økosystemet i Nordsjøen, og sjølv om våre sjøfuglar neppe i særleg grad et desse fiskeartane direkte, ser det ut til at dei på sin plass øvst i næringskjeda likevel raskt får føling med problema lenger nede i systemet.

Samanlikna med 1995 (den teljinga som ligg nærast tidspunktet da sjøfuglreservata blei oppretta), er den samla hekkebestanden i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane redusert frå om lag 26 000 par til under 8000 par; ein tilbakegang på 70%. Dette talet reknar berre med artar som hentar næringa si frå dei opne vassmassane, dvs. fisk og pelagiske krepsdyr, slik at tjeld og ærfugl ikkje er rekna inn. Situasjonen for dei mange artane av sjøfuglar druknar meir eller mindre i tala for lundefugl, som med to koloniar i nord er den suverent mest talrike arten i fylket. Ser vi bort frå lundefuglen for at dei andre sjøfuglartane skal kome betre fram, er samla hekkebestand i fylket redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til 2800 i år; ein tilbakegang på nesten 80%.

På figuren under ser vi at den store tilbakegangen skjedde rundt århundreskiftet. Etter botnåret 2004 auka hekkebestandane relativt raskt fram til og med 2007. I denne perioden var det eit toårig forbod mot tobisfiske i Nordsjøen, for å få økosystemet på fote igjen. Fiskeria blei opna igjen sommaren 2007, samtidig som vi ser at sjøfuglbestandane fekk ein markert tilbakegang frå 2007 til 2008. Etter 2008 har det vore ein stabilisering eller svært langsam auke i hekkebestanden, som no er ein firedel av bestanden i 1995. Frå i fjor til i år er situasjonen relativt stabil, med ein liten auke på drygt 3 %.



Ser vi nærare på dei enkelte artane, finn vi følgjande utvikling: For 15 sjøfuglartar er hekkebestanden i år betre enn "normalåret" 1995 for ein art (teist, som hadde ein dårleg sesong i 95), mens to artar har gått tilbake mellom 25 og 50% (fiskemåse, alke), ti artar har gått tilbake mellom 50 og 90% (toppskarv, tjuvjo, svartbak, gråmåse, sildemåse, krykkje, raudnebbterne, makrellterne, lomvi, lunde), og to har gått tilbake med meir enn 90% i same periode (havhest, ærfugl). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (betre enn i 95) og tjeld (tilbake mellom 25 og 50%).



Havhest var for første gang ikkje å finne hekkande i sjøfuglreservata i fylket i 2010. I fjor blei det registrert eitt enkelt par, men i år var det enda ein gang tomt. Arten har alltid vore fåtallig i Sogn og Fjordane. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er **0 par** (1995: 51 par)



Hekkebestanden av **toppskarv** er svak, men har vore på eit meir eller mindre stabilt nivå etter århundreskiftet. Bestanden er likevel redusert med nesten ein tredel dei siste fem åra, så utviklinga gir grunn til uro. Eit tidlegare viktig område som Ryggsteinen i Askvoll har vore bortimot tomt dei siste åra. Til forskjell frå dei fleste andre sjøfuglartane er det truleg først og fremst lokale faktorar som har ført til den generelle tilbakegangen i fylket sidan 90-talet. Arten er følsam for taretråling og ilandstiging ved hekkeplassane. Totalbestanden i sjøfuglreservata i år er **239 par** (1995: 969 par).



Grågåsa er vanskeleg å telje, og følgeleg varierer talet på registrerte individ ein del frå år til år. Det er likevel dei store myteflokkane som dominerer, og par med ungar ser vi lite av. Total hekkebestand i sjøfuglreservata i år er – svært lauseleg vurdert – rundt **80 par**. Tilsvarende tal i fjor var 50. I alt blei det registrert 674 individ, ein svak auke frå i fjor (406 individ i 1995).



Ærfuglen produserer også svært få ungar for tida, og hekkebestanden er ekstremt liten. Dersom Godø (2000) sitt overslag på 10 000 hekkande par i heile fylket (ikkje berre sjøfuglreservata) er rett, er hekkebestanden redusert med minst 95 % sidan år 2000! Hekkebestand i sjøfuglreservata i år er truleg berre rundt **70 par** (100 i fjor). Flokkane av fjørfellande (mytande) ærfuglar er meir enn halvert sidan i fjor, til 725 individ (2825 individ i 1995).

Tjuvjo blei for første gang ikkje registrert under sjøfuglteljingane i Sogn og Fjordane i 2007, og vi proklamerte at arten måtte reknast som forsvunne som hekkefugl i fylket, etter fleire år med berre eit fåtal individ å sjå. Etter dette har det trassig halde seg eit par i Håsteinane naturreservat i Askvoll, så vi kan nok ikkje avskrive arten heilt. Men det er langt fram til tilhøva på 80-talet med tretti ganger så mange individ, og ein hekkebestand kan vi knapt seie at vi har. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er **1 par** (1995: 4 par)


Alle dei tre stormåsan, svartbak, gråmåse og sildemåse, blei hardt ramma av næringskollapsen i Nordsjøen i 2003/04. Hekkebestandane har etter det variert i takt med reguleringane i tobisfisket, men heile tida på eit lågt nivå. Etter markert betring i 2007 kom nye botnår, men etter dette har det vore teikn til langsam betring.



Hekkebestanden av **Svartbak** har auka rundt 20 % sidan i fjor, men er likevel langt under halvparten av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **780 par** (1995: rundt 1650 par)



Gråmåsen auka i 2010 ved nær sagt alle hekkeplassar, og talet på hekkande par var ei betring på 60% frå året før. I fjor heldt hekkebestanden seg på same nivå, og i år auka den forsiktig vidare. Hekkebestanden er likevel mindre enn ein sjettedel av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **960 par** (1995: rundt 6200 par)




Sildemåsen hekka i år i 19 av sjøfuglreservata, og det er fleire enn nokon gang før. Hekkebestanden har også auka vesentleg frå det svært dårlege fjoråret. Bestanden er likevel godt under halvparten av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **260 par** (1995: 620 par)




Fiskemåsen har ein stabil, men liten hekkebestand i fylket. Tilbakegangen starta tidlegare enn for dei fleste andre artar, og i praksis har hekkebestanden vore låg så lenge at den truleg må rekrutterast frå andre stader. Teikn til slik auke har vore synlege dei siste åra, og hekkebestanden er no i langsam auke. Den er likevel mindre enn ein åttedel av det den var i 1984, og litt over det halve av i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **300 par** (1995: om lag 580 par)



Krykkja skil seg frå dei andre sjøfuglane i fylket ved at hovuddelen av hekkebestanden *ikkje* er å finne i sjøfuglreservata. Den hekkar nemleg berre i større tal to stader i fylket, og den eine er ein relativt ny koloni utanfor verna område. Berre den verna kolonien blei sjekka i år, og den har auka langsamt men sikkert kvart år etter lågnoteringa i 2008. Fylkesbestanden i sjøfuglreservata er no på høgde med 2007, men likevel berre ein dryg tidel av bestanden i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er **230 par** (1995: 2145 par). Inkludert den andre kolonien er totalbestanden truleg rundt 700 par.



Ternene (raudnebbterne og makrellterne) var i nokre år heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane, etter ein rask nedgang som begynte tidleg på 90-talet. I 2007 blei ternar for første gang i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men etter dette har hekkebestandane igjen gått ned, og er små og flyktige. Hekkebestanden i år er den høgaste etter 2007, men berre 14 % av hekkebestanden i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **90 par** (1995: 690 par)



Hekkebestanden av **alke** er truleg om lag som den har vore dei siste ti-femten åra, men det er svært store uvisse knytta til tala. Sjølv om teljemetodikken vår er dårleg tilpassa alkefuglane, får vi i det minste nokonlunde dei same resultata frå år til år. Hekkebestanden i år er truleg rundt halvparten av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år kan vurderast til rundt **110 par** (1995: 205 par)



Lomvien har truleg gått tilbake dei siste åra, men tala er usikre av same grunn som for alke. Dårleg teljemetodikk kombinert med liten bestand kan gi store tilfeldige svingingar frå år til år, og tilsynelatande dobling/halvering av talet på registrerte individ har tidlegare skjedd frå eitt år til det neste. Hekkebestanden i år er truleg berre rundt ein firedel til ein femdel av det den var i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år kan vurderast til rundt **60 par** (1995: 280 par). I tillegg kjem ein nyetablert koloni på Buholmen (ikkje verna) med rundt 30 par i fjor (ikkje sjekka i år).



Lundefuglen er truleg nokolunde stabil, i alle fall tyder siste års teljingar på Veststeinen på det. Der har estimatet for hekkebestanden variert rundt 3000 par dei siste fire åra. I år tillot ikkje veret opptelling på Veststeinen, men bestanden på Einevarden ser i alle fall ikkje ut til å ha minka, og det same gjeld nok Veststeinen. Lundebestanden i fylket ligg i så fall framleis på rundt **5000 par**, som er godt under halvparten av den vurderinga som blei gjort i 1995 (1995: 13 000 par)

Hekkebestanden av **teist** braut saman på slutten av 80-talet, og har vore liten sidan. Den har likevel halde seg relativt stabil. Å bruke 1995 som "normalår" passar ikkje heilt for teisten, som da for lengst var på retur. I høve til i fjor har bestanden i år auka litt, og ligg 20 % høgare enn bestanden i 1995. Totalbestand i sjøfuglreservata i år er rundt **100 par**. Til skilnad frå dei andre alkefuglane fiskar teisten i tareskog, og er dermed følsam for taretråling (1995: rundt 80 par)

Utrekning av totalbestandar i sjøfuglreservata er basert på ein litt anna reknemåte enn i tidlegare rapportar, derfor er det litt avvik for nokre artar både for nye og gamle tal.

Metodikk

I forarbeida til verneplanen for sjøfugl blei det gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane (Godø 1983, 1984, 1991). Etter at dei 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane blei verna 28.5.1993, blei det også gjennomført teljingar (Godø 1995, 2000). Ein hadde dermed eit godt oversyn både over kva område som er viktige for sjøfuglane, og kva nivå hekkebestandane kan ligge på når næring er tilgjengeleg. Etter samanbrotet i hekkebestandane av sjøfuglar rundt heile Nordsjøen i 2003/2004, har dette materialet vore eit viktig underlag for den sjøfuglovervakinga som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens Naturoppsyn starta i 2004, og som kvart år sidan har blitt gjennomført i form av teljingar av hekkande fuglar i sjøfuglreservata.

Sjøfuglreservata blei i 2012 talt opp i perioden 6.-10. juni. Tidvis dårleg ver gjorde at lundekolonien på Veststeinen ikkje blei talt opp, og det var heller ikkje mogleg å kome nord til Buholmen i Selje for å sjekke den nye krykkjekolonien der. Etter 10. juni blei forverra vertilhøva seg vidare. Tore Larsen frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Tore Gundersen frå Statens Naturoppsyn gjennomførte teljingane, med hjelp frå Inge Kjøberg dei to siste dagane. Av dei 57 sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei 49 talt opp på standardisert vis i år, i tillegg til to våtmarksreservat (Sakrisøy og delar av Vassøyane).

Teljingane blir i utgangspunktet gjort frå båt. Ilandstiging og reirteljing er tidkrevjande arbeid, og for å få talt opp reservata på nokolunde same stadium i hekketida er det nødvendig å avgrense tidsbruken. Ilandstiging blir derfor først og fremst gjort der teljing frå båt erfaringsmessig ikkje gir eit godt resultat. I Sogn og Fjordane gjeld dette særleg for artane toppskarv og teist, som hekkar skjult i bergsprekker og ur. Vidare er det nødvendig å gå i land på enkelte store, flate øyer for å få oversyn.



Statens Naturoppsyn sin båt blei nytta under teljingane. Båten er svært anvendeleg og gjer det mogleg å kome seg i land relativt lett der teljing frå dekk ikkje er tilstrekkeleg. Biletet er frå Gåsvær naturreservat i Solund.

Dei fleste småøyer, holmar og skjer lar seg likevel telje opp med akseptable feilmargar når observasjonane blir gjort frå båt som kan ta seg inn over grunnene og sjekke koloniane frå alle kantar. Dette har blitt stadfesta ved kontrollsjekk gjennom ilandstiging på utvalde lokalitetar. Der det blei gjort ilandstiging i år, er dette særskilt nemnt i omtalen av reservata i neste kapittel.

Målet med teljingane er å få data om hekkebestandane i sjøfuglreservata. Med 57 sjøfuglreservat spreidde over heile fylket er det vanskeleg å kome over alle på tilfredsstillande vis, og derfor har vi tidlegare sløyfa dei reservata som ligg mest isolerte og langt unna alle andre (i praksis lengst inne i fjordane). Denne praksisen er i stor grad blitt følgt opp seinare, og dei mest isolerte reservata vil derfor berre bli sjekka med lengre mellomrom.

For å få eit best mogleg inntrykk av dei reelle hekkebestandane bør teljingane gjennomførast ikkje altfor seint i rugetida, og dette avgrensar det tilgjengelege "tidsvindauget" såpass mye at det stort sett berre er mogleg å gjere ei teljing i kvart reservat. Det ideelle tidspunktet for teljingar i Sogn og Fjordane er antakeleg mellom 10. og 15. juni når utgangspunktet er å presse så mange artar som mogleg inn i eit avgrensa tidsvindaug. Etter retningslinjene i takseringsmanualen frå Norsk Institutt for Naturforskning (Lorensen 1989) er tellingane godt avpassa i tid til havhest, toppskarv, sildemåse, fiskemåse, krykkje,

makrellterne og rødnebbterne, rimeleg bra tilpassa gråmåse, svartbak, lomvi og lunde, men mindre bra tilpassa ærfugl og teist. Lokalt ser vi likevel at tellingane våre er for tidlege til å få gode data om talet på hekkande par av dei to terneartane, i tillegg til at dei er for seine for ærfugl og teist.

SNO-båten gjer det lett å observere og notere undervegs. Under teljingane sit observatørane på ein flybridge med observasjonshøgde ca. 3 meter, mens båtføraren held auge med grunntilhøva på instrumenta i kabinen. Den eine observatøren noterer sjøfuglane på kart mens båten går for sakte fart gjennom reservatet. I år var det berre ein observatør det meste av tida, noko som gjorde at teljingane tok litt lenger tid enn normalt (og dels gjekk føre seg seinare på kvelden enn vanleg, slik at ilandstiging på nokre få holmar måtte sløyfast). Kvar holme blir runda ein gong, evt. rundar ein grupper av holmar og skjer dersom farvatnet er svært grunt. Alle artar blir talte opp, med unntak av små sporvefuglar, og følgjande blir notert så langt tilhøva tillet det:

Alle artar:	Tal individ
	Tal rugande individ eller reir
Ærfugl:	Tal hannar og hoer
	Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull
Grågås:	Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull

Observatørane noterer det dei konkret ser, slik at eventuelle tolkingar/vurderingar kjem i tillegg til dei reelle tala. I ettertid blir det gjort eit estimat av talet på hekkande par. Tidlegare teljingar gjennomført av Godø (Godø 1983, 1984, 1995, 2000) ser ut til å vere basert på metodikk frå takseringsmanualen til NINA (Loretsen 1989), og vi har under teljingane dei siste åra brukt dei same metodane så langt som mogleg. For dei enkelte gruppene av sjøfuglar betyr det følgjande:

Havhest: Teljast frå båt, da hekkeplassane i fylket er i utilgjengelege fuglefjell. Fuglar som ligg på berghylle eigna som reirplass, anten enkeltvis eller i par, blir rekna som hekkande.

Toppskarv: For denne arten blir det gjennomført grundig gjennom søk av hekkelokalitetane på land, der reir av året blir talt opp og produksjonen notert. På dei fleste hekkeplassane kan det observerte talet på reir reknast som det reelle. Nokre av koloniane nord i fylket er utilgjengelege; her må talet på reir vurderast ut frå flyaktivitet til og frå hekkeplassane.

Ærfugl: Ein enkel og grei metode for å vurdere talet på hekkande "par" skal vere å telje hannfuglar ved hekkelokalitet før hoene går på land for å hekke (Loretsen 1989). Våre juniteljingar skjer for seint til dette, og vi må derfor vurdere talet på rugande fuglar lauseleg ut frå observasjonar av både hann- og hofuglar ved hekkeplassane, og reir vi kjem over ved ilandstiging. Vurderingane blir dermed usikre. I 2009 gjennomførte vi derfor teljing av ærfugl i 22 reservat midt i mai for å samanlikne resultata med juniteljingane, men utan at det blei funne vesentlege avvik.

Stormåsar: Hekkebestanden bør ideelt sett vurderast ut frå reirteljing på land, men dette er ein tidkrevjande prosess med dei mange koloniane i fylket, og som ei nest beste løysing tel vi opp hekkeplassane frå båt med kikkert, på ein avstand som er lang nok til at vi kan sjå at rugande fuglar ikkje reiser seg og forlét reiret. Både rugande og ikkje-rugande fuglar blir talte, og ved vurdering av talet på hekkande par blir det tatt omsyn til om det finst større grupper av truleg ikkje-hekkande individ på kvileplassar (skjer), at ein viss del av dei rugande fuglane ikkje er synlege frå båten, og til åtferd når vi kjem nærare inn mot land (om fuglane varslar og er aggressive). Dette viste seg særleg aktuelt i dei første sesongane med mange fuglar som ikkje hekka. Enkelte stikkprøver blir gjort i form av ilandstiging for å sjekke i kva grad talet på rugande fuglar sett frå båten stemmer med talet på reir funne på land, og for å samanlikne totaltalet sett frå båten med totaltalet som går på vengene ved ilandstiging. Lokalitetsspesifikk korleksjon blir vurdert ut frå alle desse momenta, men vi ser som regel at i lokalitetar med mange hekkande fuglar blir talet på *hekkande par* litt undervurdert frå båt i høve til det vi finn ved reirteljing på land - mens det i område med dårlege næringstilhøve (få reir) ikkje er nokon klar tendens (talet på rugande fuglar sett frå båt ligg da ofte nær opp til talet funne ved kontrollteljing på land). I område med gode tilhøve finn vi gjerne at *totaltalet måsar* er godt korrelert med talet på reir, mens i område med dårlege tilhøve er det ingen slik samanheng (ofte mange måsar, men få reir). Det er derfor mest krevjande å vurdere talet på hekkande par i dårlege sesongar/dårlege område, og fleire faktorar må trekkast inn i vurderingane.

Terner: Hekkande terner i noko omfang har vi hatt lite av dei siste ti-femten åra, men i koloniar på meir enn rundt 10 par må vi i land for å få brukbare tal på reir/rugande fuglar.

Alke og lomvi: Standardmetodikken med gjentatte teljingar av hekkeplassar i berget over fleire dagar kan ikkje følgjast med den tida vi har til rådvelde. Vi tel stort sett berre ein gang, og brukte tidlegare ei forenkling der talet på observerte individ ved kolonien blei multiplisert med 0,6. Faktoren er basert på at ein viss del av dei observerte individ er ikkje-hekkande, og at ein viss del av dei hekkande er fråverande (ute på sjøen for å fiske) når teljinga blir gjort. Sjå elles Bakken & Mehlum (1988). Dei siste åra har vi gått over til å fotografere alle flokkane av lunde, alke og lomvi som ligg på vatnet rundt dei to koloniane i fylket, og på bileta tel vi kor mange alke og lomvi det er i høve til lunde. Når vi har eit overslag over kor mange lundefuglar det er ved kolonien, har vi dermed også eit overslag over alke og lomvi.

Lunde: Teljing av tilsynelatande okkuperte reirgangar i prøvelfelt er tidkrevjande, og dei første åra talte vi i staden alle fuglane ved kolonien, på sjøen og i lufta, når vértilhøva har vore gode og fuglane lette å telje. Tidleg i juni vil ikkje-hekkande ungfuglar vere på plass i kolonien, slik at vi må ta omsyn til dette ved ei eventuell vurdering av hekkebestanden (Godø har i sine rapportar stort sett oppgitt hekkebestand i par, og for samanlikning med desse tala er det nødvendig å rekne om til hekkande par). Metodikk frå dei britiske sjøfuglteljingane (Mitchell m.fl. 2004) tilseier å rekne eitt individ som eitt aktivt reir. Dette tar omsyn til at ein del individ ligg på reir, at ein del individ er ikkje-hekkande ungfuglar og at ein del hekkande vaksne er borte frå kolonien for å fiske. Denne tilnærminga er sagt å kunne føre til undervurdering av talet på aktive reir, men vi har vurdert at dette neppe er aktuelt fordi vi har gjennomført teljingane seinare enn det ideelle (som ville vere i mai, før ikkje-hekkande ungfuglar for alvor kjem til land). Andre kjelder nemner ein omrekningsfaktor på 0,66 (Cairns 1979) men peiker på at talet på individ ved kolonien varierer for mye over tid til at slike faktorar har større verdi. For å antyde talet på hekkande par, valde vi dei første åra å multipliserte talet på individ ved kolonien med 0,8 og runde ned til næraste 500. Frå og med 2008 gjekk vi for ein av koloniane i fylket (Veststeinen) over til å telje aktive reirgangar.

Av dei to store lundekoloniane i fylket, er den på toppen av Einevarden ikkje tilgjengeleg. På Veststeinen har Godø (1983, 1984) derimot tidlegare lagt ut prøvelfelt i stripe, og i 2008 prøvde vi å lokalisere desse for å telje opp brukte reirhol i grasbakken. Det gjekk ikkje heilt, og vi talte derfor opp nye prøvelfelt i form av sirklar med radius på 3 meter (kvar med eit areal om lag 30 m²). På grunn av vértilhøva rakk vi berre å telje opp seks slike felt. Plasseringa av felta blei registrert med foto og GPS. I åra etter har vi talt opp dei same seks prøvelfelta, og bruker desse som grunnlag for å rekne ut samla hekkebestand. Godø sine prøvelfelt er også lokaliserte, og i fjor blei den øvre delen av eitt av dei talt opp. I år kom vi ikkje på land grunna dårleg ver.

Teist: Standardmetodikken tilseier telling av vaksne fuglar på sjøen ved kolonien om morgonen/formiddagen eller kvelden i tida like før hekking (slutten av april til midten av mai). Våre teljingar blir gjennomført seinare i sesongen, i rugetida eller ved klekking, og i nokre tilfelle midt på dagen. Vår erfaring er at ved ilandstiging samlar dei lokale fuglane seg, og er lette å telje. Ettersom teisten som regel fiskar nær hekkeplassen, reknar vi ikkje med at fuglar er fråverande ved teljing, men at dei returnerer i løpet av ilandstigningsperioden. Ved ilandstiging på små øyer med mye støy frå varslende måsar reknar vi med at alle teistane (også dei rugande) legg seg på sjøen. Ved større øyer og der vi ikkje går i land, må vi rekne med at ein del rugande fuglar blir liggande på reiret.

--- o ---

Ved ilandstiging blir alle reir av året noterte, og om dei er tome eller har innhald i form av egg eller ungar. Talet på desse blir også noterte. For å unngå at eggrøvarar nyttar høvet mens foreldrefuglane er vekke frå reiret, avgrensar vi tida på land ved så langt som mogleg å halde oss i rørsle og unngå lengre opphald i nærleiken av reir. Det blir ikkje drive ringmerking under teljingane.

Med berre ei teljing i kvart reservat er metodikken vår svak når det gjeld artar i fuglefjell (særleg alkefuglar), der ein helst bør ha fleire teljingar gjennom rugetida for å få rimeleg sikre overslag av hekkebestanden. Tid og ressursar tillet dessverre stort sett berre ein omgang med teljing i reservata. Det er dermed heller ikkje mogleg å vurdere hekkesuksess (talet på ungar i høve til talet på par som går til hekking) i detalj, da dette krev relativt tett oppfølging av koloniane med fleire besøk utover hekkesesongen.

Forklaring til tabellane

I neste kapittel er data frå teljingane i kvart sjøfuglreservat samla i ein tabell som viser år, teljedato, registrerte artar og talet på registrerte individ og evt. kor mange par hekkebestanden utgjer. Ikkje utfylte felt betyr at arten ikkje blei observert.

Vanleg skrift: Tal individ observert

Utheva skrift: Vurdering av tal hekkande par

Truleg ikkje hekking
Hekking sannsynleg
Hekking påvist

År	1995	2004	2005	2007	2008
Dato	11.6.	8.7	16.6.	5.6.	14.6.
Grågås	11			2 (1 par)	2 (1 par)
Ærfugl	10 (fleire hoer m/ungar)		1 par		1 (1 reir)
Tjeld	2 par		3	4 (3 par)	4 (3 par)
Fiskemåse			10		3 (2 par)
Svartbak	40 par	14	25 (9 par)	54 (24 par)	62 (24 par)
Gråmåse	220 par	10	29 (11 par)	122 (70 par)	102 (35 par)
Sildemåse			2		2 (1 par)
Terne			75	10 (3-5 par)	1 (1 par)
Steinkobbe			2	1	1

Eldre data, tal individ ikkje oppgitt, berre tal hekkande par

14 individ sett, men truleg ikkje hekking (ikkje grunnlag for å setje tal for hekkande par)

3 individ sett, hekking sannsynleg, men dårleg grunnlag for å vurdere hekkebestand

4 individ sett, hekking påvist, hekkebestand vurdert til 3 par

2 individ sett, hekkebestand vurdert til 1 par

Nokre definisjonar


Hekkebestand: Den delen av ein populasjon som har etablert seg med reir og egglegging. Omfattar såleis ikkje ungfuglar eller andre individ som ikkje hekkar, men som likevel kan opphalde seg i området.

Rugande: Dette ordet blir i teksten brukt om fuglar som frå båt blir observert liggande på reir (egg eller ungar), eller som har nyklekte ungar (sjølv om dei har forlate reiret).

Status for sjøfuglreservata

Dei undersøkte reservata blir i det følgjande gitt ei kort omtale. Resultat frå tidlegare registreringar er tatt med for å gi eit inntrykk av utviklinga i hekkebestandane. Sjøfuglreservata blei verna i 1993, og næraste telling i tid (1995) er tatt med som referanse for "normaltilstanden" slik den var rundt fredingstidspunktet.

Område talt opp i juni 2012 er markert med raudt. Sjøfuglreservata og ein del marine våtmarksreservat er vist med grønt, men nokre vil vere for små til å synast på kartet.



Gjennomgangen begynner med eit område som ikkje er verna som naturreservat. Dette er det einaste området i dei faste hekkefuglteljingane som ikkje er verna, og blir tatt med fordi ein vesentleg del av krykkjene i Sogn og Fjordane hekkar her.

Buholmen

Einaste omtale av denne lokaliteten tidlegare er gjort av Brun (1973) som registrerte 102 krykkjereir på Buholmen i juni 1972. Etter dette har det truleg ikkje hekka sjøfugl i nemneverdig omfang, for Johansen og Ervik (1977) nemner ikkje Buholmen trass i detaljerte undersøkingar elles i området. Lokaliteten ligg også nær fleire av dei stadene som blei undersøkt av Godø i 1983, 1984, 1994 og 2000, utan at den er omtalt av han, og den er heller ikkje nemnt i data frå registreringar som Fylkesmannen fekk gjort i området i 2003.

Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn kom i juni 2008 over ein etablert krykkjekoloni på austsida av den eksponerte og relativt låge Buholmen (støste høgde 32 m). Kolonien blei oppsøkt på ny og fotografert 16.6.2008, og det blei påvist 410 krykkjer og 278 reir. Det blei elles talt 45 toppskarv, 83 ærfuglhannar, 230 gråmåsar, 120 svartbak og 1 teist. Ein stor del av stormåsane var ungfuglar, og det var truleg ikkje hekking. Sannsynlegvis hadde krykkjene opphav (i alle fall delvis) frå kolonien på Einevarden, som stod tom frå og med 2008.

I 2010 blei krykkjekolonien på Buholmen fotografert og talt opp på ny 15.6. Kolonien hadde auka i omfang og spreidd seg til nordsida av holmen. Det var 938 individ og 470 reir i kolonien, altså ein vesentleg auke på dei to åra etter at kolonien blei oppdaga. På eit skjer like ved kolonien låg om lag 450 ærfuglhannar (og 8 hoer), 40 toppskarv og to storskarv. Elles blei det registrert rundt 80 gråmåsar (hekking) og 10 svartbak (deriblant eit par med dunungar) og ein sildemåse. Ved detaljundersøking av bileta blei det dessutan oppdaga nokre få lomvi i krykkjeberget.

I fjor blei Buholmen besøkt og fotografert 7.6. Det blei talt 952 individ av krykkje og 434 reir i bruk i hovudkolonien på austsida. I tillegg hadde det etablert seg hekkande fugl på vestsida, men dette området var vanskeleg å få oversikt over på grunn av skjer og ugunstig vindretning. På eit bilete tatt inn frå nord blei det talt opp 46 krykkjer og rundt 20 reir. Totalt blei det dermed registrert 1013 individ og 454 reir i bruk.

På sjøen blei det registrert 8 lomvi og 5 alke, og ut frå foto kunne det leggjast til 42 lomviar på hyller i krykkjekolonien. Av teist blei det sett 12 frå båten, 10 av desse samtidig.

I år gjorde veret det ikkje mogleg å få undersøkt Buholmen i hekketida.

Tabellen under er basert på rapportar der omtalt reiserute viser at Buholmen har vore i undersøkingsområdet:

År	1973	1983	1994	2003	2008	2010	2011
Dato	juni	1.7.	3.6.	13.7.	15.6.	15.6.	7.6.
Toppskarv					45	40	35
Storskarv						2	1
Ærfugl					83 hannar	450 hannar	65 (2 hoer)
Krykkje	102 reir				410 (278 reir)	950 (470 reir)	1050 (460 reir)
Svartbak					120	10 (3 par)	40 (5 par)
Gråmåse					230	80 (10 par)	30 (10 par)
Alke							5
Lomvi						5?	50 (30 par)
Teist					1		12 (5 par)

Sildekruna

Landareal 72 da, sjøareal 182 da

Ein lita halvøy nord på øya Silda, med rik flora. Spesielt viktig som hekkelokalitet for gråmåse (ein av dei største koloniane i fylket), men også for fleire andre kyst- og sjøfuglartar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, gravand, tjeld, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, teist, vipe og småspove. I 1990-åra var det eit aukande problem med attgroing av lauvtre.

År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	3. og 14.6.	1. og 14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv		7	6	7	5	9	10	
Grågåås		12 (3 par)			1 par	16 (3 par)	2 (1 par)	6 (1 par)
Kanadagås		28			19	9		
Ærfugl	25 hoer (fl. m/ kull)	450 (27 hoer m/kull)		15 (4 hoer) 2-4 par	9 (5 ho/ 2 kull) 2-4 par	26 (25 ho/ 4 kull) 5-8 par	8 hoer/ 1 kull (2-4 par)	
Siland		2 par			25			2 (1 par)
Tjeld	15 par	6 par	1 (1 par)	2 (1 par)		3 (2 par)	3 (2 par)	3 (2 par)
Sandlo	3 par							
Strandsnipe		1 par						
Raudstilk		2 par						
Myrsnipe	1 par	1 par						
Storspove	4 par	1 par						
Tjuvjo		1 par						
Fiskemåse			8					
Svartbak	75 par	50 par	66 (20 par)	34 (10 par)	46 (10 par)	31 (5-10 par)	21 (5 par)	42 (10 par)
Gråmåse	350 par	400 par	509 (100-150 p.)	333 (130 par)	300 (90 par)	286 (40 par)	286 (75 par)	358 (125 par)
Sildemåse						8		
Teist		5				1 (1 par)		2 (1 par)
Kråke							1	


Registreringar 9.6.12, frå 17:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv:	12	-
Grågåås:	5	?
Ærfugl:	11 (9 hannar)	5
Fiskemåse:	2	-
Svartbak:	30 (8 rugande eller m/pull)	8
Gråmåse:	223 (90 rugande eller m/pull)	95
Sildemåse:	5	-
Teist:	2	1

Gråmåsen har auka sakte men sikkert i Sogn og Fjordane dei siste tre åra, og hekkebestanden i sommar var den største sidan 2007. Unntaket er Sildekruna. I fjor auka både tal individ og tal reir i kolonien til eit nivå blant dei betre vi har registrert sidan teljingane tok til på 2000-talet, men i år har tala gått tilbake igjen. Svartbaken held seg meir stabilt på eit lågt nivå.

Reservatet har tydelegvis eit godt jordsmonn, for det er stor tilvekst av lauvkratt, særleg på nordsida. Dette avgrensar tilgjengeleg hekkeområde, men utan at det ser ut til å bety så mye med dagens svake næringstilgang og dermed beskjedne hekkebestand. Kratt og tre blei felt vinteren 2008/09, og området rydda hausten 2009, utan at det gav seg andre utslag på hekkebestanden enn det ein kunne forvente ut frå utviklinga i fylket generelt.

Sildekruna er eit av dei få områda i fylket der det har vore ungar av ærfugl å sjå dei siste åra. I fjor såg vi ingen, verken ungar eller vaksne, men i år blei 11 vaksne sett oppe på land i reservatet. To av desse var hoer, og det verkar sannsynleg med hekking, i alle fall hekkeforsøk. Dyr på beite: Ingen observert.



Flatholmen

Landareal 27 da, sjøareal 69 da

Ein flat holme med fin gras-/strandeng, med sauebeite. Tradisjonell hekkelokalitet for måsefuglar og viktig trekklokalitet for grågås (beite). Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, myrsnipe, vipe og småspove.


År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	4.6.	1.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv			2					
Grågås	3 par	15 (2 par)	36	11 (1-2 par?)	17 (1-2 par?)	23	12	2
Kanadagås			95	8 (1 par)	60	24	59	
Ærfugl	75 (fleire ho m/kull)	30 (14 ho m/kull)	15 (3 hoer)	6 (3 hoer) 3-4 par	17 (16 ho, 1 kull) 3-4 par	4 (hoer) 2 par	10 (8 hoer) 2-3 par	3 (1 ho) 1 par
Tjeld	6 par	3 par	6 (3 par)	3 (2 par)	8 (4 par)	2 (1 par)	5 (3 par)	3 (2 par)
Fiskemåse		25 par	18	3 (2 par)		3 (2 par)	1	16 (8 par)
Svartbak	90 par	100 par	85 (20 par)	62 (25 par)	52 (10 par)	48 (10 par)	44 (15 par)	47 (25 par)
Gråmåse	75 par	100 par	169 (40 par)	168 (70 par)	200 (80 par)	96 (30 par)	144 (55 par)	101 (55 par)
Sildemåse	50 par	50 par	5		2 (1 par)		11 (4 par)	2 (2 par)
Terne								2*
Lunde					2			
Teist						1 (1 par)		
Kråke			1	2	2	2	1	

* Raudnebbterne

Registreringar 9.6.12, frå 17:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	10	?
Kanadagås:	26	-
Ærfugl:	3 hannar	1
Tjeld:	2 (1 rugande)	1
Fiskemåse:	27 (11 rugande)	15
Svartbak:	46 (16 rugande eller m/pull)	20
Gråmåse:	125 (49 rugande eller m/pull)	55
Sildemåse:	12 (5 rugande)	6

Stabilt for gråmåse og svartbak, og kanskje ein auke på gang for fiskemåse. Sildemåsen er også oppe på bestenotering etter 2000. Ein relativt stabil, god hekkeplass. Dyr på beite: Sauar (ikkje talt).



Flatholmen
5.9.2010
(Norge i bilder/
Norge Digitalt)

Lysholmen

Landareal 19 da, sjøareal 79 da


Ligg i nordre Ulvesund, ut mot Sildegapet. Vegetasjonen er prega av strandeng. Viktig hekkeplass for måsefugl, hadde på 80-talet den største sildemåsekolonien i Nordfjord. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, sildemåse og gråmåse.

År	1994	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	4. og 14.6.	1. og 14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv		14	30	10	5	4	1	1
Grågås	2 par	8	6	2 (1 par)	1 (1 par)		2	
Ærfugl	40 hoer, fleire m/ kull	300 (mest hannar)	11 (4 hoer, 1 kull)	22 (7 hoer) 5 par	3 hoer 2 par			4 (1 ho) 1 par
Stokkand					7			
Siland								2 (1 par)
Tjeld		2 par	4 (2 par)		8 (4 par)		2 (1 par)	
Fiskemåse			27	11 (5 par)	7 (3 par)	20 (2 par)	2 (1 par)	5 (2 par)
Svartbak	45 par	60 par	63 (20 par)	55 (20 par)	46 (10 par)	34 (10 par)	40 (15 par)	45 (15 par)
Gråmåse	160 par	30 par	42 (15-20)	27 (10 par)	26 (3-4 par)	17 (5-10 par)	35 (20 par)	28 (15 par)
Sildemåse		35 par	10	4 (3 par)				
Teist		2			2 (1 par)	2 (1 par)		2 (1 par)
Kråke			1			1		

Registreringar 9.6.12, frå 17:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv:	21 (kvileplass)	-
Grågås:	5	1
Havelle:	2	-
Tjeld:	4 (1 rugande)	2
Fiskemåse:	10 (4 rugande)	5
Svartbak:	36 (12 rugande eller m/pull)	15
Gråmåse:	38 (12 rugande eller m/pull)	15
Sildemåse:	5 (2 rugande)	3

Hekkebestandane er stabile, men små. For gråmåsen sin del skuldast dette sikkert at den større Sildekruna like ved lokkar til seg hovudparten av dei lokale fuglane. Generelt er hekkebestandane om lag på nivå med fjoråret. Fråveret av ærfugl er typisk for utviklinga av hekkebestanden av denne arten i Sogn og Fjordane, som i år er på det lågaste nivået som nokon gang er registrert. Dyr på beite: Ingen observert.



Lysholmen 5.9.10
(Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Einevarden

Landareal 1458 da, sjøareal 1031 da

Det største fuglefjellet i fylket, vest på Vågsøy. Utilgjengeleg område som det er vanskeleg å få full oversikt over. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, krykkje, gråmåse, svartbak, alke, lomvi, teist og lunde.

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.
Havhest	25 par	5	8 (5 par)	3 (2 par)			
Toppskarv		113 (10 par?)	25 (2-4 par)	44 (20 par)	8 (10 par)	55 (5-10 par)	66 (5 par)
Havørn		1 ungfugl		4 (1 vaksen)			1
Tjeld		1					
Tjuvjo				3			
Krykkje	2100 reir	90 (20 reir)	32 (16 reir)	150			
Fiskemåse		2					1
Svartbak		6	2	19	12	6	5
Gråmåse		26	4 (2 par)	34	12	16	19 (2 par)
Alke	ca. 100 par	350	300 (180 par)	250 (150 par)	200 (160 par)	130 (105 par)	74 (150 par)
Lomvi	ca. 100 par	250	200 (120 par)	150 (90 par)	230 (185 par)	120 (95 par)	45 (85 par)
Lunde	5000 par	3300	6400 (5000 par)	5000 (4000 par)	3600 (2900 par)	2000-2500 (1800 par)	1500-2500 (1500 par)
Teist			4 (2 par)	10 (5 par)			2 (1 par)
Kråke				5 (2 par)			
Ramn							

Registrering 10.6.12, frå om lag 08:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Storskarv	1	-
Toppskarv	42	5
Svartbak	2	-
Gråmåse	18	3
Krykkje	400 (fødesøk)	-
Alke	60	110
Lomvi	25	55
Lunde	3000	2400
Teist	2	1

Det var uroleg sjø i området under teljinga, og sjølv om vi stort sett låg i le for vinden var det som vanleg problematisk å få godt oversyn over hekkebestandane i dette området. Særleg gjeld dette for toppskarv, da fuglane hekkar i bratte fjellsprekker med dårleg innsyn.

Bølgjene gjorde det også problematisk å få oversikt over kor mange alkefuglar som låg på sjøen, men talet på 3000 lunde er nok ganske representativt. Dette tilseier, ut frå den enkle metodikken vi baserer oss på, at hekkebestanden av lunde er rundt 2400 par (teljing av reirgangar er ikkje praktisk mogleg, da Einevarden ikkje er tilgjengeleg utan klatreutstyr).

Ein serie bilete av fugl på sjøen viste 602 lundefugl, 14 lomvi og 29 alke. Dersom dette er representative tal, tilseier det at lomvi utgjer rundt 2,2 % av individa og alke 4,6 %, eller om lag 55 par lomvi og 110 par alke. Dette er ein del under tidlegare overslag rekna ut på tilsvarande måte, særleg for lomvi.

Dei siste spora etter krykkjekolonien på Einevarden er no borte, utan at det er godt å forklare kvifor fuglane forsvann. Både den gamle kolonien i Stallbrekka mot sør og den nye på Buholmen i nord har auka dei siste åra.

Stallbrekka

Landareal 271 da, sjøareal 124 da

Mindre fuglefjell i Kvalheimsvika vest på Vågsøy. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, krykkje, gråmåse, svartbak og teist.

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.
Havhest	15 par	10 par	23 (13 par)	34 (15 par)	14 (7 par)		2 (1 par)
Toppskarv		21	34 (5 par?)	7 (5 par)	6 (1 par)	1	16 (1 par)
Ærfugl	50	42 (2 hoer)	2 hannar	18 (3 hoer)	27 (7 hoer)	6 (5 hoer)	17 (3 hoer)
Vandrefalk							1
Tjeld		3 (2 par)				1	2 (1 par)
Krykkje	40-50 par	200 (145 par)	350 (216 par)	180 (112 par)	330 (164 par)	273 (180 par)	270 (201 par)
Svartbak	10 par		4 (1 par)	2		1	4
Gråmåse	100 par	52 (20 par)	106 (30 par)	75 (25 par)	56 (10 par)	46 (18 par)	43 (15 par)
Teist	”nokre få”			6 (3 par)	5 (3 par)		
Ramn						1	2 (1 par)

Registrering 10.6.12, frå 08:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	25 (3 reir sett)	10
Ærfugl	4 (2 par)	?
Krykkje	347 (226 reir i bruk)	230
Gråmåse	56 (16 rugande)	20
Svartbak	5 (1 rugande)	1
Teist	6	5

I fjor fann vi eit enkelt par havhest i Stallbrekka, etter at den i 2010 for første gang ikkje blei påvist som hekkefugl i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. I år var arten nok ein gang borte.

Krykkjekolonien aukar derimot framleis. Fotografering av berget viste at 226 reir var i aktiv bruk (talet er runda forsiktig opp i tabellen fordi nokre få reir kan ha vore ute av syne på bileta). Talet er det høgaste som er notert i denne kolonien, og utviklinga har vore positiv heilt sidan botnåret 2008. For andre artar er det ikkje snakk om større endringar.



Utsnitt av den nederste og tettaste delen av krykkjekolonien i Stallbrekka.

Klovningen

Landareal 210 da, sjøareal 430 da

Omfattar også skjera Skorningane. Høglennt øy og holmar i den ytre skjergarden med frodig vegetasjon. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, ærfugl, tjeld, steinvendar, krykkje, gråmåse, svartbak, alke, lomvi, lunde og teist. Lunde og krykkje forsvann som hekkefuglar på 1980-talet, alke og lomvi etter 1995.

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	4.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.
Toppskarv		59 (15-20 par)	35 (2-4 par)	33 (5 par)	37 (5-10 par)	28 (5 par)	34
Ærfugl		130 (36 hoer)	116 (5 hoer) 5 par?	650 (45 hoer)	310 (25 hoer) 5-10 par	168 (10 hoer) (5 par)	90 (3 ho) (5 par)
Svartand		250		60	40		
Havørn			1 vaksen	2 vaksne			
Tjeld	4 par	2	6 (4 par)	2 (2 par)	4 (3 par)	5 (3 par)	2 (2 par)
Fiskemåse		7 (5 par)	1 (1 par)	1	5 (1 par)	1 (1 par)	
Svartbak	50 par	49 (1 par)	38 (9 par)	18 (2 par)	31 (10 par)	28 (7 par)	35 (5 par)
Gråmåse	10 par	119 (30 par)	197 (70 par)	77 (25 par)	57 (15 par)	105 (20 par)	106 (23 par)
Sildemåse		1	26 (15 par)		3 (1 par)	3 (1 par)	1 (1 par)
Alke	ca. 25 par	1					
Lomvi	ca. 10 par	1					
Teist		9		1 (1 par)	10 (6 par)	8 (4 par)	11 (6 par)
Kråke				2 (1 par)	2 (1 par)		1
Ramn			2 (1 par)				

Registrering 10.6.12, frå 09:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	4 (1 ut frå sprekk)	2
Ærfugl	91 hannar	?
Tjeld	2	2
Fiskemåse	4	2
Svartbak	8	5
Gråmåse	58 (15 rugande)	20
Sildemåse	1	1
Teist	14	10
<i>Skorningane:</i>		
Toppskarv:	10	-
Ærfugl	1 hann	-
Fiskemåse	2	-
Svartbak	4 (1 rugande)	1
Gråmåse	7	2
Kråke	1	-

Frisk bris og dønningar gav tidvis vanskelege teljetilhøve. Toppskarven har hatt svake hekkesesongar i den nordlege delen av fylket dei siste åra, og i år såg vi berre fire individ totalt ved Klovningen. Eitt av desse kom rett nok flygande ut frå bergsprekkene i den sentrale hekkeplassen, så det var truleg hekking i år – i motsetnad til i fjor da det ikkje var aktivitet å sjå i berget.

Hekkebestandane av måsar ser ut til å vere på om lag same nivå som det har vore dei siste åra, sjølv om tal individ av både svartbak og gråmåse berre er det halve av i fjor.

Talet på teist er høgt også i år, og Klovningen peikar seg ut som eitt av dei fire-fem beste teisteområda i fylket.

Dyr på beite: Ingen observert.

Veststeinen

Landareal 110 da, sjøareal 290 da

Ei større øy med mindre skjer og holmar ytst i Skjergarden vest for Bremangerlandet. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, krykkje, gråmåse, svartbak, alke, lomvi, lunde og teist.

År	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	5.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	7.6.
Havhest	20 (8 par)	3			1		
Havsule		5	1				
Toppskarv	80 par	25 (ca 10 par)	13 (3 par)	35	13	?	26 (5 par)
Grågås	ca 10 par						
Ærfugl					27 hannar		4 hannar
Havørn		6 ungfuglar		1 vaksen			2 vaksne
Vandrefalk				1			
Tjeld	6 par	2	2 (2 par)	5 (3 par)	7 (4 par)	2	1 (1 par)
Småspove							1
Fiskemåse			5				
Svartbak	75 par	50	167 (40 par)	10 (5 par)	47 (5 par)	4	75 (15 par)
Gråmåse	5-600 par	80 (25 par)	153 (60 par)	55 (15 par)	86 (15 par)	61 (20 par)	55 (25 par)
Sildemåse			35 (10 par)				
Alke	75-100 par	22	65 (40 par)	10 (5 par)	22 (10 par)	?	5
Lomvi	150-200 par	10	105 (60 par)	20 (10 par)	35 (15 par)	?	1
Lunde	minst 8000 par	2500-4000 (2000 par)	1900 (1500 par)	100 (2800 par)	1600 (3400 par)	80 (2600 par)	3000 (2500 par)
Teist		2	9 (5 par)	6 (4 par)	9 (5 par)	?	5 (3 par)
Kråke					1		2
Ramn					1 (1 par)		1
Havert					1		9
Steinkobbe					3	8	

Registrering 10.6.12, frå 09:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	26	5
Svartbak	10	10
Gråmåse	8 (2 rugande)	15
Lunde	16 på sjøen	2500 (auke ved Einevarden, så neppe ned her..)
Teist	1	3
Kråke	1	-
Havert	25	

Det første forsøket på å nå ut til Veststeinen 9. juni måtte avbrytast på halvvegen, på grunn av store dønningar. Dagen etter kom vi fram under langt betre tilhøve, men like etter auka vinden slik at tellinga måtte avbrytast. Vinden dreidde i tillegg frå nord til aust, slik at det ikkje var mogleg å kome på land for å telje i lundekolonien.

Tala med overslag over hekkande par er relativt grove og lauseleg funderte vurderingar basert på eit tynt materiale, ettersom vi ikkje kom rundt på nordsida av øya. Alke og lomvi blei ikkje sett, og med bakgrunn i at berre eit fåtal individ blei sett i fjor, er det grunn til å tru at begge desse artane er på veg til å forsvinne som hekkefuglar.

Av lunde såg vi berre 16 individ, i to små flokkar på sjøen. Dette er ikkje noko unormalt, da lundekolonien på Veststeinen kan synast tom i delar av dagen, og sydande av liv liv til andre tider. Ettersom vi ikkje kom i land i år, har vi vurdert tal hekkande par med utgangspunkt i at talet på hekkefuglar

i kolonien har vore relativt stabilt etter at vi tok til med tellingar av reirhol i prøvefelt i 2008, og at tal lundefuglar ved Veststeinen ser ut til å ha auka i år. Det er dermed ikkje noko som umiddelbart tilseier anna enn at lundebestanden på Veststeinen er om lag som i fjor.
Dyr på beite: Ingen observert.



Veststeinen, med vind frå nord-nordaust. Lundefuglane hekkar i dei grøne partia, hovudsakeleg på den graskledde knausen til høgre (Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Skorpeholmane

Landareal 12 da, sjøareal 62 da

To holmar og nokre mindre skjer nær munningen av Nordfjorden på nordsida av Rugsundøy. Hekkeplass for måsefugl, men sterkt tilgroing med buskfuru og lauvtre dei siste ti åra. Av påvist hekkande artar kan nemnast hegge, ærfugl, siland, vipe, tjeld, steinvendar, fiskemåse, svartbak og makrellterne.

År	2000	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	1. og 15.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv	3	4		14	10	5	5	
Storskarv					2			
Hegge				1				
Grågås	18 (hekking)		3	2 (1 par)			12	4 (2 par)
Ærfugl	18 hoer (14 med ungar)	5	4 hoer	5 (2 hoer) 2 par		1 (1 par)	3 ho, 1 kull (2 par)	24 (9 hoer) 5 par
Siland	2 par		2					
Tjeld	2 par	6	2	2 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)	
Storspove	1 par							
Fiskemåse	20 par		2	2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	3 (2 par)	4 (2 par)
Svartbak	ca 30 par	23 (4 par)	35 (12 par)	24 (6 par)	11 (2 par)	13 (5 par)	9 (5 par)	31 (10 par)
Gråmåse	5 par	3 (1 par)	6 (2 par)	6 (2 par)	7 (1 par)	7 (5 par)	20 (7 par)	23 (12 par)
Kråke			1	1			2	1

Registrering 9.6.12, frå 16:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	6	-
Grågås	5	2
Ærfugl	4 (3 hoer)	3
Siland	10	3
Tjeld	4	2
Fiskemåse	4 (1 rugande)	2
Svartbak	17 (5 rugande)	10
Gråmåse	17 (8 rugande)	12
Kråke	1	?

Begge holmane har vore dekt av skog, men det har likevel kvart år blitt registrert ein liten bestand av hekkande svartbak og nokre gråmåse. For tre år sidan blei skogen felt på den vestlege holmen, og med nokre få unntak er det der alle dunungar og rugande fuglar seinare har blitt registrert. Resultatet frå tellinga i år er svært likt resultatet frå i fjor når det gjeld talet på hekkande par.

Tal hekkande par i 2000 skriv seg frå ein skogkledd holme, i eit år med gode næringstilhøve. Talet frå 2005 viser tilstanden på ein skogkledd holme med dårlege næringstilhøve, og i år er situasjonen open holme men lite næring. Her må vi sjølvsagt ta omsyn til at berre ein av holmane er rydda for skog, men i alle fall er det tydeleg at både næringstilgang og tilgang på eigna hekkeplassar påverkar sjøfuglane – i alle fall i fjordstrøka, der tal gode hekkeplassar er avgrensa.

Dyr på beite: Ingen observert.

Haukedalsholmane

Landareal 16 da, sjøareal 96 da

Tre holmar og nokre mindre skjer sør for Rugsundøy. Holmane har vore sterkt gjengrodde med buskfuru og lauvtre. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, stokkand, sildemåse, gråmåse, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

År	2000	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	12.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	17.6.	8.6.
Toppskarv			2				2	
Hegre	15-20 par	21	5	7 (5 par)	4 (3 par)	4	1	
Grågås		1		5 (2 par)		11 (4 par)		
Ærfugl	24 hoer (6 med ungar)	16 hoer	13 (12 hoer)	17 (9 hoer) 5 par	7 hoer 3 par	3 hoer 3 par	12 (11 ho) 5 par	15 (10 ho) 5 par
Siland								
Tjeld	4 par	8	2	2 (2 par)	4 (2 par)	2 par	4 (3 par)	3 (3 par)
Strandsnipe				1 (1 par)		1 (1 par)		1 (1 par)
Raudstilk								
Fiskemåse	150 par	33 (6 par)	2 (2 par)	2 (1 par)		5 (2 par)	4 (2 par)	3 (2 par)
Svartbak		21 (3 par)	31 (11 par)	20 (6 par)	17 (4 par)	23 (12 par)	23 (12 par)	24 (10 par)
Gråmåse	10 par			2 (1 par)		10 (3 par)		
Kråke		2	1	1	2			

Registrering 9.6.12, frå 16:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	2	?
Ærfugl	5 (4 hoer)	3
Tjeld	2	2
Fiskemåse	8 (3 rugande)	4
Svartbak	37 (15 kull/rug.)	20
Gråmåse	4 (1 rugande)	2

Det har tidlegare blitt registrert opptil 110 par gråmåse (1984) og 150 par fiskemåse (2000) i reservatet, men dei siste åra har tala vore mye lågare på grunn av tilgroing med utplanta grantre i tillegg til dårleg næringstilgang. For tre år sidan blei skogen felt på alle dei tre holmane, og sjølv om hogstavfallet ikkje blei rydda før i fjor (etter hekkesesongen) har vi sett ein auke i talet på hekkande fuglar samanlikna med 2008. Hekkebestandane har auka tydeleg i år, etter ferdigstilt rydding, og er klart høgare enn i 2007 da næringstilhøva etter alt å dømme var langt betre. Dette viser på same måte som for Skorpelholmane at gjengrodde hekkeområde hindrar sjøfuglane i å utnytte det potensialet næringstilhøva elles gir. Dyr på beite: Ingen observert.

Tennøyane

Landareal 151 da, sjøareal 197 da

To graskledde øyar i Bremanger kommune der fjordarmene Midtgulen og Nordgulen møtast. Øyane ligg kloss i kvarandre og er begge på rundt 70 dekar. Øyane er særleg av verdi som hekkeplass for måsar, men av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, raudstilk, fiskemåse, hettemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	2000	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	2.6.	14.6.	7.6.	15.6.	19.5.	15.6.	8.6.
Toppskarv							3
Grågås	20 (hekking)					4 (1 par)	
Ærfugl	24 (21 hoer)	3 (2 hoer)	4 (1 hoer) 2 par		45 (12 hoer) 2 par		28 (2 hoer) 2 par
Siland				5 (2 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Tjeld	4 par	5 (2 par)	1 (1 par)	5 (4 par)	1 (1 par)	4 (3 par)	
Heilo		1				2	
Storspove	+						
Strandsnipe				1 (1 par)	1 (1 par)		
Fiskemåse		31 (10 par)	13 (5 par)	12 (6 par)	5-10 (3 par)		8 (1 par)
Svartbak	ca. 30 par	48 (10 par)	27 (10 par)	18 (5 par)	30-40 (20 par)	12 (5 par)	12 (5 par)
Gråmåse	120 par	148 (50 par)	181 (70 par)	65 (25 par)	170 (70 par)	45 (10 par)	65 (25 par)
Makrellterne	ca. 25 par						1
Kråke		1					

Registrering 9.06.12, frå 15:20

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	5	4
Heilo	1	-
Fiskemåse	7	3
Svartbak	19 (1 rugande)	8
Gråmåse	36 (10 rugande)	20
Sildemåse	4	2

Tennøyane blei utsett for planmessig forstyrning og hærverk i hekketida i 2010, og truleg har dette gjentatt seg også i fjor og i år. Resultatet er lite hekkande fugl i eit område som var på god veg tilbake til tilstanden ved århundreskiftet (og slik sett i ein eineståande positiv situasjon i fylket).

Tennøyane er framleis i bra tilstand når det gjeld vegetasjonen, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for sjøfugl.

Dyr på beite: 5 sau registrert på den vestlegaste av øyane.

Vengane

Landareal 40 da, sjøareal 580 da

Ei samling låge holmar og skjer i Frøysjøen, med lite jordsmonn men til dels frodig vegetasjon på dei største. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, raudstilk, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	21.6.	14.6.	14.6.	7.6.	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Grågås	1 par	22	37 (1 par)	77 (1 par)	18 (1-2 par)	6 (1-2 par)	15 (3 par)	
Ærfugl	7 hoer 2 par	3 (2 hoer)						
Stokkand								1
Tjeld	13	11	9	2 (2 par)		6 (4 par)	3 (2 par)	2 (1 par)
Småspove	2							
Strandsnipe	1							
Fiskemåse	9 (5 par)	4 (4 par)	6	5 (2 par)			4 (2 par)	7 (3 par)
Svartbak	40 (1 par)	80 (30 par)	92 (30 par)	96 (30 par)	52 (15 par)	64 (20 par)	83 (30 par)	73 (25 par)
Gråmåse	15 (3 par)	12 (2 par)	16 (6 par)	14 (7 par)	5 (2 par)	8 (3 par)	21 (12 par)	27 (15 par)
Teist		1						
Kråke	3-4	1	2				2	4
Oter					1			
Mink						1		

Undersøkt i 1994/95, men ikkje omtalt i rapporten (Godø 1995). Vanskelege vêrtilhøve hindra ilandstiging/teljing i 2000.

Registrering 10.6.12, frå 10:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	31	3
Svartbak	82 (28 rugande)	35
Gråmåse	21 (7 rugande)	14
Kråke	2	-

På 80-talet hekka her opptil 30 par fiskemåse og 78 par svartbak, 15 par makrellterne, 10 par raudnebbterne og 4 par teist. Generelt har hekkebestandane gått ned sidan då, med eit absolutt botn-nivå i 2004. Etter dette har talet på hekkande fuglar vore relativt stabilt, med svartbaken på eit merkbart betre nivå enn dei andre. Dyr på beite: 5 sauar og 2 lam sett på den største av holmane.

Rognane

Landareal 4 da, sjøareal 121 da

Rognane er ei samling små og låge skjer i fjorden mellom Hovden og fastlandet. Tradisjonell hekkeplass for måsefuglar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, svartbak, makrellterne og raudnebbterne.

År	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	8.6.	21.6.	14.6	14.6	7.6	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv			1	4					4
Grågås	6		4		14		2	2	
Ærfugl	17 (16 ho) 16 par	2 hoer							
Siland									1 (1 par)
Tjeld	1 par	2	4	4	1 (1 par)			3 (2 par)	2 (1 par)
Fiskemåse		1		1				2 (1 par)	2 (1 par)
Svartbak	20 par	4 (1 par)	3 (1 par)	3	8 (1 par)	3 (1 par)	3 (1 par)	6 (3 par)	5 (3 par)
Gråmåse								1	
Teist	3								
Kråke		1							

Registrering 10.6.12, frå 11:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	5	-
Svartbak	5 (1 rugande)	3

Eit lite område, og dermed meir ustabilt enn dei større reservata. Få artar og få individ, i år som dei siste åra. Skjera er svært låge og utsette for sjø, men Godø (1995) registrerte likevel 2 par tjeld, 10 par fiskemåse og 12 par svartbak.



Eit utsnitt av grasbakken i Hovdefjell naturreservat, der det for elleve år sidan hekk 1500 par gråmåse. I år blei det talt opp 29 rugande individ her.

Hovdefjell

Landareal 700 da, sjøareal 880 da

Består av Nord-Hovden og Kroksøya. Området har vore ein av dei største gråmåsekoloniane i Sør-Norge. Av andre registrert hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, svartbak, sildemåse, tjuvjo og teist.

År	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	8. og 9.6.	21.6.	14.6	14.6	7.6	15.6.	17.6.	15.6.	8.6.
Toppskarv			2						
Hegre			1						
Grågås	12 (2 par)	2	8	12	15 (2 par)			2 (1 par)	5 (2 par)
Kanadagås				3					
Ærfugl	17 (14 kull)	1 hann			10 (5-10 par)				
Siland				2					
Havørn		2 (1 ung)	1 ung			1 vaksen			
Kongeørn			2 ung						
Tjeld	3 par	12	9	3	4 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (2 par)
Fiskemåse			1	4 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	5 (2 par)	6 (2 par)	2 (1 par)
Svartbak	100 par	25	19 (4 p)	43 (15 p)	24 (7 par)	15 (3 par)	21 (5 par)	13 (5 par)	17 (7 par)
Gråmåse	1500 par	48	95 (12 par)	420 (170 par)	475 (140 par)	83 (10 par)	108 (10 par)	121 (45 par)	105 (40 par)
Sildemåse									4 (2 par)
Teist	8								
Kråke								4	
Ramn				1					
Oter		2							

Registrering 10.6.12, frå 11:00

Nord-Hovden: Havørn 1 vaksen, tjeld 1, svartbak 2, gråmåse 58 (29 rugande). Vesle Kroksøy: Tjeld 1, svartbak 6 (3 rugande), gråmåse 2 rugande. Store Kroksøy: Grågås 2, heilo 1, svartbak 5 (1 rugande), gråmåse 31 (13 rugande eller m/dunungar).

Hovdefjell samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2	1
Havørn	1 vaksen	?
Tjeld	2	2
Heilo	1	-
Svartbak	13 (4 rugande)	5
Gråmåse	91 (44 rugande)	50

Nedgangen i hekkebestanden har vore dramatisk etter 2000, da det hekka om lag 1500 par gråmåse i reservatet (1200 par i 1995). Ringmerking av gråmåseungar i kolonien (gjort av Vidar Seim i fleire år), viser at nedgangen kom i 2001: I 1997 blei ca. 120 ungar merka, i 1998 63 ungar, i 1999 89 ungar, i 2000 106 ungar, i 2001 6 ungar, i 2003 2 ungar, og i 2004 0 ungar (ringmerkaren fann om lag 25 reirgroper i 2004, men det såg ikkje ut som det hadde vore ungar i nokre av dei). Det blei ikkje ringmerka i reservatet i 2005. I 2006 fann Vidar Seim 30 reirgroper som det såg ut til å ha vore ungar i, og merkte 7 ungar. I 2007 blei det funne 40 reir i hovudkolonien som såg ut til å ha vore i bruk. Det blei likevel berre merka 9 ungar, og funne 6 daude ungar (om lag ei veke gamle). I 2008 og 2009 såg vi ikkje hekkande gråmåsar i hovudkolonien i det heile, men i 2010 var fuglane tilbake – om enn i svært avgrensa omfang. Det har berre skjedd små endringar frå då og fram til i år.

Dyr på beite: 4 sauar sett på store Kroksøy (stor tilvekst av einstape på sørlege del av øya)

Frøyskjera

Landareal 180 da, sjøareal 11670 da

Eit av dei større reservata i fylket, omfattar eit stort tal øyar, holmar og skjer i den ytre skjergarden sørvest for Frøya/Kalvåg. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, raudstilk, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

År	1984	2004	2005	2007	2008	2010	2011
Dato	6.6.	21.6.	14.6	7.6	15.6.	16.6.	7.6.
Islom							1
Havhest					1		
Toppskarv		90	80	15	10	29	59
Storskarv				1			
Grågås	3	2 par	8			5 (1 par)	11 (2 par)
Ærfugl	82 (70 hanner)	80 5 par	249 (33 hoer)	192 (14 hoer) 10 par	30 (5 hoer) 3 par	455 (28 hoer) 5-10 par	140 (32 hoer) 10 par
Tjeld	8 par	ca. 25	7	8 (4 par)	10 (5 par)	12 (7 par)	11 (6 par)
Spove sp.							1
Myrsnipe							1
Steinvendar	1 par						1 (1 par)
Fiskemåse		2	18	5 (2 par)	6 (2 par)	2 (2 par)	1 (1 par)
Svartbak	75 par	95 (1 par)	121 (50 par)	169 (45 par)	64 (20 par)	156 (35 par)	211 (45 par)
Gråmåse	80 par	30	60 (20 par)	170 (40 par)	54 (12 par)	124 (30 par)	92 (35 par)
Sildemåse	100		1	20 (8 par)			
Terne	60 par*		4-5	10 (3-4 par)	1		
Tjuvjo	1 par						
Alke							2
Teist	10	2					
Kråke			1		1 (1 par)		4
Oter							4 (2 ungar)
Havert			1 hann				
Steinkobbe						1	1
Nise				1			

* Raudnebbterne

Registrering 9.6.12, frå 13:45:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Storskarv	1	-
Toppskarv	85	-
Grågås	11	2
Ærfugl	139 hanner og 5 hoer	6
Tjeld	1	1
Svartbak	103 (16 rugande)	40
Gråmåse	65 (15 rugande)	25
Kråke	1	-

Ingen større endringar sidan i fjor. Området består av eit stort tal små øyer og holmar, med spreidde par og berre få konsentrasjonar av hekkande fugl. Svartbaken er den arten som har klart seg best gjennom dei vanskelege tilhøva etter samanbrotet i 2004, og fordi den også er den mest talrike arten i området har Frøyskjera hatt ei meir stabil utvikling enn andre område. Dyr på beite: Ingen observert.

Aralden

Landareal 40 da, sjøareal 140 da


Ein større holme og nokre mindre skjer som ligg vêrhardt til vest for Hovden. Fjell i dagen med lite jordsmonn og vegetasjon. Hekkeplass for svartbak, gråmåse og teist, kvileplass for skarv, og beiteplass for ærfugl og havelle vinterstid.

År	2004	2005	2007	2008	2010	2011
Dato	21.6.	15.6	6.6	16.6.	16.6.	7.6.
Toppskarv	8	2		21		10
Ærfugl	7 hannar	3 (2 hoer)			1 hann	
Tjeld	3	1	2 (1 par)	9 (3 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Fiskemåse		1		4	5	
Svartbak	15	10 (2 par)	63 (4 par)	15 (4 par)	25 (4 par)	23 (6 par)
Gråmåse	3	4	15	2	20	2 (1 par)
Sildemåse			13			
Teist		4	4 (2 par)	1 (1 par)		5 (3 par)
Kråke						1

Registrering 9.6.12, frå 11:55

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	11	-
Ærfugl	4 hannar	-
Fiskemåse	1	1
Svartbak	14 (4 rugande)	6
Gråmåse	4	2

Området er tilsynelatande stabilt som hekkplass, men det ligg ikkje føre teljingar frå 80- og 90-talet, så det er uklart kor store bestandane har vore tidlegare. Området er også vanskeleg å telje på grunn av konstante dønningar og sterkt drag i sjøen, som gjer det vanskeleg med innsyn til dei indre delane av holmen. Tal hekkande par måsar er minst på høgde med dei siste par åra, men tal individ er lite.



Aralden 2.9.2010. (Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Indre-Ånnøy

Landareal 84 da, sjøareal 119 da

Reservatet omfattar eit lyngheiområde på den austlegaste delen av Ånnøy. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, raudstilk, småspove, svartbak, gråmåse og sildemåse.

År	1994	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	9.6.	9.6.	15.6	4.6	16.6.	3.6.	15.6.	7.6.
Toppskarv		3						
Grågås		7			4 (2 par)	2		6 (3 par)
Ærfugl	8 (8 par)	2 (2 par)						
Tjeld	1 par					1 (1 par)		
Fiskemåse							1	
Svartbak			5 (3 par)	6 (4 par)	5 (2 par)	6 (3 par)	3 (1 par)	2 (1 par)
Gråmåse	60-70 par	20 par	2 (1 par)	1 (1 par)		2 (1 par)		1
Kråke					1			1

Registrering 10.6.12, frå 12:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2 (m/ungar)	1
Tjeld	3 (1 rugande)	2
Svartbak	2	1

Sterk nedgang, og små bestandar dei siste 10 åra. Den grovvaksne lyngheia blei brent i fjor vår, men så langt ser det ut til at berre grågåsa har tatt det opnare terrenget i bruk i større omfang enn før. Den mest talrike arten ved vernetidspunktet var gråmåse, men det spørst om denne arten vil kome tilbake til Indre-Ånnøy. Reservatet ligg nær Florø hamn, som ikkje lenger gir den tilgangen til fiskeavfall som tidlegare kompenserte for dei negative utslaga av menneskeleg aktivitet i området. Dyr på beite: Ikkje sett.



Indre-Ånnøy 2.9.2010. (Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Nekkøytåa

Landareal 149 da, sjøareal 291 da

Ein del av Nekkøya, dessutan høyrer to mindre holmar med til reservatet. Lyngheia var tidlegare ein viktig hekkeplass m.a. for sildemåse og gråmåse. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, raudstilk, småspove, enkeltbekkasin, steinvendar, fiskemåse, svartbak, gråmåse og sildemåse.

År	1994	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	9.6.	14.6.	6. og 9.6.	15.6	4.6	16.6.	17.6.	15.6.	7.6.
Hegre				1					
Grågås		4 (2 par)				7 (2 par)		2 (1 par)	
Ærfugl	14 (fl. hoer m/ungar)	14 hoer	1 ho (1 par)		4 (1 ho)				
Siland			1 par						
Tjeld	5 par	1 par	1 par	3 (2 par)	3 (1 par)	1 (1 par)		2 (2 par)	2 (1 par)
Storspove	2 par			2					
Fiskemåse				1	2 (1 par)	2	1 (1 par)	2 (1 par)	4 (2 par)
Svartbak	10 par		5 par	6	3 (1 par)	6 (1 par)	8 (3 par)	5 (3 par)	10 (5 par)
Gråmåse				1		1	1		1
Terne	20 par*					2 (1 par)*			2*
Kråke				5		1	1	1	1
Ramn				1					

* Raudnebbterne

Registrering 10.6.12, frå 12:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	1
Svartbak	2	1
Hegre	2	-
Kråke	1	-
<i>Tretteskjeret:</i>		
Svartbak	2	1
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Terne	12 (4 rugande)	5
<i>Klungreskjeret:</i>		
Tjeld	1	1
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	2	1
Kråke	1	-

I 1990-åra blei bestandane kraftig reduserte, mest sannsynleg på grunn av redusert beite og påfølgjande attgroing. Lyngen blei brent i fjor vinter, utan at det har ført til så mange fleire hekkande fuglar enno. Dei to små skjera i vest ser ut til å vere mest forlokkande, og for første gang i dette århundret blei hekking av terne påvist i år. Dyr på beite: Sau på "hovudøya".



Nekkøytåa med Tretteskjeret i midten og Klungreskjeret heilt til venstre, 2.9.2010. (Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Ytterøyane

Landareal 590 da, sjøareal 16320 da

Består av fire åtskilte grunnvassområde med små holmar og skjer i NV (Sverslingane) og NØ (Kvitingane), og større holmar og øyer i SV (Ytterøyane) og SØ (Nærøyane). Områda i nord er prega av berg i dagen, i sør er mange av dei større holmane/øyane dekt av beitemark og strandeng med ein rik blomsterflora. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, småspove, raudstilk, gråmåse, svartbak, raudnebbterne og teist. Det er dessutan fanga fleire havsvalar med rugeflekk i samband med ringmerking.

År	1994*	2004**	2005	2007	2008***	2009*	2010	2011
Dato	10.6.	21.6.	15.6.	4.6.	15.6.	19.5.	16.6.	7.6.
Lom ubest.						1		
Havhest			4					
Havsule		13	1					
Toppskarv		50 (29 par)	120 (20-30 par)	88 (10 par)	33 (5 par)	39 (5-10 par)	34	79 (10 par)
Grågås	12 (2 par)		14 (1 par)	28 (5 par)	28 (4 par)	2 (1 par)	14 (1-3 par)	7 (3 par)
Ærfugl	210 (110 ho, fl. m/ungar)	260	1400 (stort sett hannar)	485 (18 hoer) 10-15 par	21 (5 hoer) 3 par	45 (11 hoer) 5-10 par	1159 (9 ho) 5-10 par	1005 (33 ho) 5-10 par
Svartand			57			2	80	
Siland	110							
Havørn		1 vaksen					1 vaksen	2 vaksne
Tjeld	9 par	8	18	4 (3 par)	15 (9 par)	2 (2 par)	16 (9 par)	20 (10 par)
Storspove			2					
Småspove				1 (1 par)	1 (1 par)			
Krykkje			1					
Fiskemåse			12	74 (5-10 par)	3	24 (5 par)	9 (4 par)	10 (4 par)
Svartbak	ca. 60 par	95 (1 par)	122 (10 par)	313 (70 par)	120 (10 par)	40 (5 par)	126 (35 par)	149 (40 par)
Gråmåse	ca. 215 par	15	34 (2 par)	212 (35 par)	24 (4-5 par)	60 (10 par)	95 (25 par)	71 (20 par)
Sildemåse		2	2 (1 par)		6 (1 par)	20	2	3 (1 par)
Rdn. terne	75 par							
Lomvi				1				
Lunde		2	6	1				
Teist		1	5	4 (3 par)		10 (7 par)	7 (5 par)	10 (8 par)
Kråke			2	3 (2 par)	2 (1 par)		2	3
Ramn			1					
Kanin			1					
Havert				1				
Sel ubestemt				1				
Nise							1	

*Sverslingane ikkje talt

**Nærøyane og Kvitingane ikkje talt

***Kvitingane ikkje talt

Registrering 9.6.12, frå 10:30

Ytterøyane: Toppskarv 10, havørn 2 vaksne og ein ungfugl, tjeld 2, fiskemåse 1, svartbak 61 (5 rugande), gråmåse 22 (7 rugande), sildemåse 4.

Nærøya og Sandøyane: Toppskarv 2, storskarv 1, grågås 17, ærfugl 14 (1 ho), tjeld 4, svartbak 54 (9 rugande), gråmåse 3, kråke 1.

Kvitingane: Tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 10.

Sverslingane: Toppskarv 11, ærfugl 37 (2 hoer), tjeld 1, svartbak 2, gråmåse 1, teist 1, lunde 1.

Ytterøyane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Storskarv	1	-
Toppskarv	23	5-10
Grågås	17	2
Ærfugl	51 (3 hoer)	5
Havørn	3 (2 vaksne)	?
Tjeld	8	8
Fiskemåse	2	1
Svartbak	127 (14 rugande/reirfunn)	45
Gråmåse	26 (7 rugande)	15
Sildemåse	4	1
Teist	1	1
Lunde	1	-
Kråke	1	-


Ytterøyane er vanskelege å kome i land på når sjøen er uroleg, og det blei ikkje gjort ilandstiging i år. Overslaget over tal hekkande par toppskarv er derfor usikkert, men vi såg lite aktivitet i området der hekkeområdet ligg, og truleg hekka det ikkje mange par i år heller. Toppskarvkolonien i dette reservatet blei etablert på Sverslingane rundt 1997, men flytte året etter til det mindre eksponerte området ved Ytterøyane fyr. Her vaks hekkebestanden til 56 reir i 2003, men har etter dette gått tilbake. Forstyrningar gjennom ilandstiging i hekketida har vore ein viktig årsak til dette.

Hekkebestandane av måsar har gått opp og ned i takt med næringstilgangen, og er i år om lag som i fjor. Men fordi Ytterøyane er blant dei områda der problemet med ulovleg ilandstiging og eggssamling er størst her i fylket, kunne bestandane truleg ha vore ein god del større.

Dei store flokkane av ærfugl som førebur seg til fjørfelling seinare på sommaren mangla i år. Desse flokkane flyttar seg ein del rundt, og det samla talet på ærfugl i større kystområde er derfor meir interessant. Men Ytterøyane er openbert av stor verdi for ærfuglen. Kanskje er dette også noko av forklaringa på at det for tredje året på rad blei registrert vaksen havørn i reservatet.
Dyr på beite: Sau på Nærøya.



Ytterøyane fyr



Ytterøyane naturreservat med dei fire øygruppene Ytterøyane, Sverslingane, Kvitingane og Nærøya/Sandøyane i kvart sitt hjørne.

Kvalsteinane

Landareal 280 da, sjøareal 8780 da

Består av fleire større og mindre holmar og skjer i den ytre/midtre skjergarden. Dei viktigaste er Værholmane, Store Kvalsteinen, Lille Kvalsteinen, Guleskjeret og Kvannskjeret. Sau beitar på fleire av holmane. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, tjeld, vipe, steinvendar, småspove, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	6.6.	21.6.	15.6.	4.6.	15.6.	19.5.	15.6.	22.6
Toppskarv	40-50	1	7	19 (2 par)	13	1	7	9
Storskarv	3							
Hegre		1						
Grågås	24 (5-10 par)	10	43 (3-5 par)	9 (4 par)	6 (1 par)	15	7	8 (4 par)
Ærfugl	120 (30 hoer, fl. m/ungar)	14	9 (7 hoer)	42 (6 hoer) 3-5 par	1 (1 par)	8 (2 hoer) 2 par	105 (5 ho)	5 hannar 2 par
Tjeld	20 par	35	21	20 (10 par)	11 (6 par)	10 (6 par)	14 (9 par)	10 (6 par)
Vipe					1			
Småspove								4
Fiskemåse	20 par	2	12	72 (5 par)	47 (1 par)	5	20 (5 par)	14 (6 par)
Svartbak	130 par	150	140 (10 par)	186 (70 par)	98 (20 par)	55 (20 par)	80 (25 par)	91 (35 par)
Gråmåse	350 par	40 (1 par)	111 (3 par)	82 (30 par)	86 (15 par)	6	67 (20 par)	57 (15 par)
Sildemåse		3	3	1	5 (1 par)			
Teist	12		1	8 (4 par)	2 (2 par)	9 (6 par)	6 (3 par)	9 (5 par)
Kråke	1 par	1 par	1 par	4 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	4	3
Ramn	1 par		1	2 (1 par)				
Oter		1						

*mest makrellterne

Registrering 9.6.12, frå 09:15

Store Kvalsteinen m.fl.: Grågås 1, tjeld 3, fiskemåse 14 (4 rugande), svartbak 12 (3 rugande), gråmåse 3, sildemåse 2, kråke 1+reir.

Guleskjeret - Lille Kvalsteinen: Toppskarv 1, grågås 20, ærfugl 6 hannar, tjeld 3 (1 rugande), fiskemåse 5, svartbak 13 (2 rugande), gråmåse 9, kråke 1.

Kvannskjeret: Tjeld 3, svartbak 38 (4 rugande), gråmåse 36 (8 rugande), sildemåse 16 (3 rugande), teist 14.

Vedelskytten: Tjeld 2, fiskemåse 2, svartbak 40 (9 rugande), gråmåse 2.


Værholmane: Grågås 1, tjeld 6, svartbak 10, kråke 2.

Kvalsteinane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	22	3
Ærfugl	6 hannar	2
Tjeld	17 (1 rugande)	10
Fiskemåse	21 (4 rugande)	9
Svartbak	113 (11 rugande)	40
Gråmåse	50 (8 rugande)	16
Teist	14	8
Kråke	4 (1 reir)	1

Kommentar: Her som i det meste av fylket er hekkebestandane stort sett på nivå med fjoråret. Elles er det mest positive trekket at teisten ser ut til å halde seg stabil på eit bra nivå. I år som i fjor blei alle teistane sett ved Kvannskjeret heilt i sør. Det er elles verd å nemne at det hekkar 40-50 par terne her i 1995, men dei er aldri sett her seinare, heller ikkje i år. Godø noterte også 50 par sildemåse i 1995.

Dyr på beite: Sauar observert på Værholmane, Store Kvalsteinen og Lille Kvalsteinen.



Kvalsteinane naturreservat.

Eikefjordholmane

Landareal 24 da, sjøareal 86 da

Tre holmar som ligg kvar for seg inst i Eikefjorden, aust for Florø. Grunt jordsmonn, men frodig grasvegetasjon. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, tjeld, raudstilk, strandsnipe, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

År	1994	2000	2006	2009	2010	2011
Dato	8.6.	8.6.	14.6.	3.6.	8.6.	14.6.
Grågås		3 par	12 (3 par)	12 (3 par)	20 (1 par)	5 (1 par)
Kanadagås	2 par					
Ærfugl	1 par	12 ho m/ungar (12 par)				
Stokkand				1		
Siland	33	10 (1 par)	15	4 (1 par)	14 (2 par)	4 (2 par)
Tjeld	24	7 par	6 (3 par)	3 (2 par)	13 (7 par)	8 (6 par)
Vipe			1			
Hettemåse		3				
Fiskemåse	160 par	275 par	120 (51 par)	116 (55 par)	101 (45 par)	111 (55 par)
Svartbak		10-12 par	13 (4-5 par)	8 (3 par)	9 (4 par)	9 (2 par)
Gråmåse	12		2 (1 par)	1		3 (3 par)
Sildemåse						3 (1 par)
Makrellterne	50 par	30-40 par	48 (16 par)		35 (10 par)	2

Registrering 10.6.12, frå 14:10

Middagsholmen: Siland 7, tjeld 5, fiskemåse 44 (19 rugande), svartbak 1, gråmåse 3 rugande, sildemåse 2, raudnebbterne 8 (1 rugande), kråke 1.

Notaholmen: Siland 2, tjeld 1, fiskemåse 15 (8 rugande), svartbak 11 (2 rugande), gråmåse 2, sildemåse 1, raudnebbterne 9.

Kvalvikholmen: Grågås 3 (+ 1 kull), tjeld 4, fiskemåse 31 (16 rugande), svartbak 2, makrellterne 2 (1 rugande).

Eikefjordholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	3 (+ 1 kull)	1
Siland	9	4
Tjeld	10	6
Fiskemåse	90 (43 rugande)	50
Svartbak	14 (2 rugande)	5
Gråmåse	5 (3 rugande)	3
Sildemåse	3	1
Raudnebbterne	9 (1 rugande)	5
Makrellterne	2 (1 rugande)	1

Eikefjordholmane har ved alle teljingane i dette tiåret hatt ein god bestand av fiskemåse, med tanke på kor dårlege hekkeresultat det elles har vore langs kysten. Dei siste åra har hekkebestanden av fiskemåse vist tendensar til forsiktig auke i heile Sogn og Fjordane, men Eikefjordholmane skil seg framleis ut blant dei aller beste lokalitetane for arten. Hekking av gråmåse og sildemåse så langt inne i fjordane er også spesielt. Dessutan hekka begge terneartane her i år, men i svært små tal.

Dyr på beite: Ikkje sett.

Timberøyholmane

Landareal 5 da, sjøareal 91 da

To små holmar i Høydalsfjorden søraust for Florø, med lite jordsmonn, men der dette finst er det eit lite skogholt med furu som er fleire tiår gammalt. Viktig hekkplass særleg for måsar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

År	1994	2000	2006	2007	2009	2010	2011
Dato	8.6.	8.6.	14.6.	4.6.	3.6.	8.6.	14.6
Grågås						4	7 (2 par)
Ærfugl		9 ho m reir/kull (9 par)	1 hann	4 (2 par)	2 (1 par)		3 hoer (2 par)
Siland		1 par		6 (2-3 par)	1	4 (1 par)	6 (2 par)
Tjeld	2 par	3 par	1	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	4 (2 par)
Fiskemåse	15 par	10-12 par	25 (10 par)	23 (10 par)	19 (13 par)	28 (20 par)	47 (20 par)
Svartbak		3 par	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Gråmåse				1 (1 par)			
Makr. terne	30 par				2	62 (20 par)	35 (12 par)
Rdn. terne			6 (1 par)				
Steinkobbe		1				1	

Registrering 10.6.12, frå 13:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	3	2
Svartbak	1	1

Timberøyholmane har vore inne i ei positiv utvikling dei siste åra, særleg for fiskemåse og terner. Det var derfor overraskande å finne reservatet nesten tomt for fugl i år, særleg fordi det ikkje var teikn til tilbakegang i nærliggande reservat. Ei forklaring kan vere dei mange hyttene i nærleiken, for det låg ein båt med stangfiskarar berre 25 meter frå land under teljinga. Ved det andre reservatet i fylket som skilte seg ut på same negative måte i år (Sogneoksen i Gulen), låg det også hobbyfiskarar tett ved land under teljinga. Dyr på beite: Ingen.



Timberøyholmane 2.9.2010. (Norge i bilder/ Norge Digitalt)

Karsskjeret

Landareal 1 da, sjøareal 9 da

Eit lite skjer like nord for Svanøy, utan nemneverdig vegetasjon. Først og fremst av verdi for ternar, men elles er også svartbak, fiskemåse og tjeld registrert.

År	1994	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6.	5.5	14.6.	4.6.	15.6.	16.6.	8.6.	14.6.
Ærfugl	3 (3 par)	5 hoer						
Siland								
Tjeld	1 par	1 par		2				
Krykkje								
Svarbak	1 par	1 par	2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Makrellterne		*		60 (5 par*)	75 (41 par)			
Terne ubest.			65 (16 par)					

*talt for tidleg (i eggleggingsperioden)

Registrering 10.6.12, frå 13:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Makrellterne	16 (+ 1 knust egg)	1

Det tradisjonelle svartbakparet hekka ikkje på skjeret i år (for første gang), men makrellternene var tilbake igjen – og det hadde tydelegvis skjedd dramatiske ting. Minst eitt ternepar hadde nok hekka, for det låg eit knust (predert) terneegg på holmen. Kanskje var flokken på 16 i ferd med å prøve på nytt, ettersom det var relativt tidleg i sesongen for ternene.

Gulholmen

Landareal 62 da, sjøareal 160 da

To holmar og nokre mindre skjer som ligg i den ytre skjergarden. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, sildemåse, gråmåse, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

År	1995	2000	2005	2007	2008	2010	2011
Dato	13.6	6.6	15.6.	4.6.	15.6.	10.6.	22.6.
Toppskarv		10					
Grågås	6 par	26	4	15 (3-4 par)	4 (2 par)	36	7 (1 par)
Ærfugl	500	10 hoer, fl. m/ungar		8 (2 hoer) 2 par			
Siland	25						
Havørn			1 (ungfugl)				
Tjeld	4 par	3 par	4	3 (2 par)	5 (3 par)	3 (2 par)	3 (2 par)
Sandlo			2				
Småspove							2 (1 par)
Fiskemåse			2	2 (1 par)	36	1	2
Svarbak	20-25 par	25 par	21 (4 par)	35 (12 par)	14 (5 par)	24 (7 par)	48 (20 par)
Gråmåse	50 par	100 par	25 (8 par)	50 (20 par)	25 (10 par)	30 (12 par)	45 (20 par)
Sildemåse		50-60 par	8 (6 par)	2 (1 par)	15 (5 par)	10 (5 par)	13 (5 par)
Kråke					2		

Registrering 9.6.12, frå 09:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	12	1

Ærfugl	4 hannar	2
Tjeld	7 (1 rugande)	4
Svartbak	19 (5 rugande/ungar)	10
Gråmåse	22 (5 rugande)	10
Sildemåse	6	4

SNO har fått meldingar om ulovleg ilandstiging og eggknusing på Gulholmen, noko som kanskje kan forklare tilbakegangen for måsane her i år. Tala i fjor begynte elles å nærme seg nivået i 1995, noko som er ganske eineståande. Dyr på beite: sauar observert.

Trefotskjera

Landareal 30 da, sjøareal 316 da

Ei mindre samling holmar i den midtre skjergarden, mellom Askrova og Svanøy. Frodig strandeng. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, raudstilk, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	1994	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	12.6	7.6	15.6.	4.6.	15.6.	3.6.	8.6	14.6.
Toppskarv								12
Ærfugl		6 (1 ho)						
Tjeld	4 par	1 par	6	5 (3 par)	5 (3 par)	3 (3 par)	9 (3 par)	3 (2 par)
Fiskemåse			4	1 (1 par)	1 (1 par)			7 (2 par)
Svartbak	5 par		5 (1 par)	4 (3 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	4 (1 par)	8 (2 par)
Gråmåse	40 par		2	1 (1 par)	2 ungfuglar	1 (1 par)	3 ungfuglar	1
Rdn. terne	60 par							
Makr. terne	”ein del”							
Teist					3 (2 par)			2 (1 par)
Kråke			1	2 (1 par)		2	2	
Oter				1	1		1	

Registrering 6.6.12, frå 10:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	9	4
Svartbak	1	1
Teist	2	1

Trefotskjera blei verna først og fremst fordi dei var viktige hekkeplassar for fiskemåse og ternar. Ternar har ikkje blitt observert etter århundreskiftet, mens fiskemåsen berre har hekka med eit enkelt par no og då. Hekkebestanden av måsar er framleis nær nullpunktet, så dette er eit område som neppe vil vere blant dei som rekoloniserast først dersom næringstilhøva betrar seg. Dyr på beite: Ingen observert.

Moldvær

Landareal 210 da, sjøareal 2920 da

Ei samling større og mindre øyar, holmar og skjer, del av eit større grunnvassområde i ytre og nordlege del av Askvoll. Viktig hekkplass for fleire sjøfuglartar. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	13.6	28.6	17.6	19.6	12.6	14.6	10.6	8.6
Toppskarv	300 par	250 (54 par)	240 (165 par)	210 (97 par)	115 (85 par)	134 (50 par)	99 (50 par)	119 (65 par)
Grågås	30 (6 par)	125	500	39 (2 par)	65 (3 par)	119 (4 par)	345 (4 par)	218 (2 par)
Ærfugl	100 hoer (fl. m/ungar)	11 (1 ho)	12 (7 hoer) 7 par	13 (9 ho/4 reir) 5-10 par	50 (16 ho/7 reir) 10-15 par	12 (10 ho/6 reir) 10 par	13 (9 ho/1 reir) 5 par	24 (14 ho/2 reir) 8 par
Siland			2	2 (1 par)				
Havørn		2		1 vaksen				
Tjeld	6 par	10	5	8 (4 par)	6 (4 par)	11 (6 par)	13 (6 par)	6 (4 par)
Steinvendar	1 par				2 (1 par)	7 (3 par)		1 (1 par)
Storspove					4			
Fiskemåse		2 (1 par)	15	4 (4 reir)	9 (4 par)	1 (1 par)	6 (2 par)	1 (1 par)
Svartbak	50-60 par	90 (1 par)	162	147 (12 par)	98 (10 par)	135 (15 par)	84 (25 par)	126 (25 par)
Gråmåse	250 par	73	123 (3 reir)	147 (45 par)	126 (15 par)	184 (25 par)	114 (35 par)	82 (35 par)
Sildemåse			8	98 (30 par)	80 (36 par)	80 (31 par)	180 (44 par)	100 (26 par)
Terne				380 (69 reir)		90 (1 par)	100	2*
Lomvi			2		1			
Lunde		1	5					
Teist	25	30	30	14 (7 par)	28 (15 par)	20 (12 par)	20 (10 par)	15 (9 par)
Kråke				2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)		
Oter	1	1					1	
Steinkobbe		6	6		40			

* Raudnebbterne

Registrering 6.6.12, frå 11:03

Kvannskjeret: Toppskarv 6 (7 reir, 5 med innhald), grågås 8 flygande, ærfugl 9 (6 hoer, to sett flygande ut frå øya, 3 reirfunn), tjeld 2, svartbak 15 (2 rugande, 8 reirfunn), teist 2.

Ingvaldsøyna: Toppskarv 1 tomt reir, grågås 4, ærfugl 13 (6 hoer, 1 reirfunn), tjeld 5, raudstilk 1, fiskemåse 5 (1 reirfunn), svartbak 5 (1 reirfunn), gråmåse 4 rugande (2 reirfunn), sildemåse 43 (20 rugande, 16 reirfunn), raudnebbterne 49 (8 reirfunn).

Husøyna og holmar mot S: Toppskarv 1 (reir?), grågås 1, tjeld 2, fiskemåse 6 (2 rugande), svartbak 50 (9 rugande), terne 4, teist 4.

Storøyna: Toppskarv 74 (32 reir, 27 med innhald), grågås 47, ærfugl 1 hann, tjeld 4 (1 rugande), steinvendar 1 varslande, småspove 2, fiskemåse 9, svartbak 37 (5 rugande, 2 reirfunn), gråmåse 83 (28 rugande, 8 reirfunn), sildemåse 8, raudnebbterne 15 (1 reirfunn), teist 5.

Klubben: Toppskarv 5 reir (alle med innhald), myrsnipe 1, svartbak 6 (3 reirfunn), gråmåse 10 (1 rugande, 3 reirfunn), teist 1.

Melskjeret: Toppskarv 9, grågås 6, ærfugl 12 (2 hoer), svartbak 2, kråke 1.

Moldvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	95 (45 reir, 37 med innhald)	50
Grågås	66	3
Ærfugl	35, av desse 14 hoer (4 reirfunn)	8
Tjeld	13 (1 rugande)	7


Steinvendar	1 varslande	1
Raudstilk	1	-
Småspove	2 (1 par)	?
Fiskemåse	20 (2 rugande, 1 reirfunn)	7
Svartbak	115 (16 rugande, 14 reirfunn)	28
Gråmåse	97 (33 rugande, 13 reirfunn)	40
Sildemåse	51 (16 reirfunn)	20
Raudnebbterne	68 (9 reirfunn)	15
Teist	12	7

Ilandstiging på Kvannskjeret, Ingvaldsøy, Storøyna og Klubben. Moldvær har saman med Ryggsteinen stått i ei særstilling når det gjeld talet på teist i fylket, og stort sett har talet på observerte individ lagt mellom 20 og 30 ved kvar teljing sidan 1995. I fjor var talet 15, og i år 12, det minste som er registrert her. Samtidig ser det ut til at teisten har hatt eit relativt bra år i fylket under eitt. Talet på skarvereir har også minka frå i fjor, og er ein tredel av reirtalet i 2005. Ved teljetidspunktet låg produksjonssnittet i år på 2,21 egg pr. skarvereir (n=42), mot 2,32 i fjor og 2,49 i 2010. Gjennomsnittleg kullstorleik det året er det største som er registrert i fylket, når ein reknar inn tome (prederte) reir. Før dette hadde hekkande kråker spesialisert på toppskarvegg sørga for at gjennomsnittleg kullstorleik ved teljing hadde vore heilt nede i 1,59 i 2007 (34 reir hadde da blitt tømt av kråke). Dårlege næringstilhøve må nok ta skulda for at hekkebestanden av toppskarv har vore liten dei siste åra, sjølv om det er fullt mogleg at forstyrringar i hekketida spelar ei viktig rolle. Under teljingane registrerte vi at skarv forlot reiret mens båten var på 40 m avstand. Dette er i overkant nervøse reaksjonar samanlikna med andre toppskarvlokalteter, og viser at det er viktig å respektere minsteavstanden til land på 50 m i hekketida.

Talet på grågås som samlar seg for å skifte vengefjør i dette avsides området varierer ein del, men saman med Ryggsteinen er Moldvær eit av dei viktigaste fjørfellingsområda i fylket. Ternene som dukka opp i 2007 har hekka sporadisk seinare. I år fann vi ein koloni saman med sildemåsane på Ingvaldsøy. Moldvær er også eit av dei sikraste når det gjeld å finne ærfuglreir, sjølv om vi ikkje leitar aktivt etter slike.

Talet på hekkande måsar er framleis beskjedent, på linje med i fjor. Sildemåsen såg lenge ut til å klare seg betre enn dei andre artane, og sjølv med berre ein enkelt koloni på Ingvaldsøyna har sildemåsen til tider vore den mest talrike av måsane. Men i fjor hadde truleg folk vore på land og forsynt seg med egg, og talet på sildemåseindivid var i år mindre enn ein tredel av toppåret for to år sidan.

Dyr på beite: Ingen observert.



Moldvær naturreservat.

Ryggsteinen

Landareal 130 da, sjøareal 820 da

Ei samling mindre øyar, holmar og skjer, både låge og eksponerte og høgare med frodig vegetasjon. Del av same store grunnområde som Moldvær. Viktig hekkeplass for fleire sjøfuglartar, og av Godø (1991) nemnt som den viktigaste myteplassen for grågås i Sogn og Fjordane. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo, teist og lunde.

År	1984	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	17.6	28.6	17.6.	19.6.	12.6.	16.6.	10.6.	8.6.
Toppskarv	350 (74 reir)	250 (70 reir)	190 (67 reir)	2 (3 reir)	2 (2 reir)	1 (1 par)		10
Grågås	260 (5 par)	140	490	180	160 (2 par)	160 (1 par)	210 (4 par)	66 (2 par)
Ærfugl	700 (50 hoer, fl. m/ungar)	5	18 (8 ho/3 reir) 5 par	64 (4 ho/3 reir) 5 par	11 hannar	2 (1 ho) 1 par	45 (5 hoer) 3 par	
Siland	180							
Havørn						1		
Tjeld	2 par	4	4	2 (2 par)	14 (2 par)	5 (4 par)	12 (6 par)	4 (2 par)
Steinvendar	1 par							
Fiskemåse		3	12 (1 reir)			1	4 (1 par)	2 (1 par)
Svartbak	50 par	65	160	139 (10 par)	64 (10 par)	59 (20 par)	112 (20 par)	70 (20 par)
Gråmåse			48	50 (5 par)	18 (3 par)	10 (3 par)	19 (5 par)	12 (5 par)
Sildemåse		3		10 (2-3 par)	17		8 (2-3 par)	2 (1 par)
Tjuvjo	2 par		3			2		
Terne	20 par*	100	60				18 (3 par)	
Lunde	12 (5 reir)	8-10	5	9 (4 par)	1		2	
Teist	120	15	25	5 (3 par)	13 (7 par)		2 (2 par)	5 (3 par)
Kråke		2 (1 reir)	2 (1 reir)	2 (1 reir)	1			1
Steinkobbe		30	15	14	12	7		14
Havert			1					

*raudnebbterne

Registrering 6.6.12, frå om lag 15:20

Indrøyna: Toppskarv 5 (2 reir, tomme), grågås 33, fiskemåse 1, svartbak 40 (2 rugande, 4 reirfunn), teist 9.

Husøyna og holmar mot V: Grågås 48, ærfugl 1 hann, tjeld 3, svartbak 20, sildemåse 4, terne 6.

Ytrøyna: Toppskarv 2, grågås 15, ærfugl 6 (1 ho), tjeld 3, svartbak 19 (1 rugande), gråmåse 1, terne 65, teist 2, oter 1.

Paradis: Tjeld 2, fiskemåse 1, svartbak 14, ternar 20, steinkobbe 2.

Ryggsteinen samla:


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	7 (2 reir, tomme)	2
Grågås	96	1
Ærfugl	7 (1 ho)	3
Tjeld	8	6
Fiskemåse	2	1
Svartbak	93 (3 rugande, 4 reirfunn)	20
Gråmåse	1	1
Sildemåse	4	2
Terne	90	10
Teist	11	5
Oter	1	
Steinkobbe	2	

Ilاندstiging på Ytrøyna. Etter tre sesongar med forsvinnande få toppskarvreir, blei det i 2010 konstantert at toppskarven ikkje lenger hekka på Ryggsteinen. Det blei ikkje eingang registrert skarv innanfor reservatgrensene. Dei låglendte øyene såg i 2007 ut til å ha blitt skylt over av havet, for alle tarevollar og anna "lausøre" var borte (tareskog utanfor reservatgrensene var blitt hausta rundt 2006, og dette kan ha påverka bølgedemping på grunnene rundt). Heller ikkje i fjor blei det funne skarvereir i reservatet, som inntil for fem år sidan jevnt har hatt rundt 70 hekkande par. I år blei det funne to reir, som det begge truleg hadde vore egg i, men som ved teljinga var tome. Teist blei for første gang ikkje sett i 2009, men to individ blei registrert i 2010, fem i fjor, og 11 i år.

Dei 90 ternene som blei registrerte i år sat i flokkar på skjera, og fleirtalet hekka neppe. Overslaget på 10 hekkande par er derfor svært usikkert, men det er sannsynleg at eit mindre tal faktisk hadde gått til hekking.

Vidar Seim registrerte i samband med ringmerking av toppskarv på 80- og 90-talet ein jamn hekkebestand på til saman 4-5 par lunde på Ytrøyna og Indrøyna, og truleg har denne halde seg stabil fram til nyleg. Ved ein kontroll i 2006 fann han 4 reir på Ytrøyna, men vi har ikkje funne spor etter hekking dei aller siste åra.

Dyr på beite: Ingen observert.



Ryggsteinen naturreservat.

Håsteinen

Landareal 320 da, sjøareal 3950 da

Den største av dei tre øygruppene i ytre nordre Askvoll, med om lag 50 øyer, holmar og skjer. Mye fjell i dagen og lite lausmasse, men stadvis frodig vegetasjon. Hekkeplass for mange artar av sjøfuglar, og eit viktig myte- og vinterområde for skarv og marine dykkender. Av hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, gravand, ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

År	1995	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	13.6	28.6	17.6.		19.6.	12.6.	16.6.	10.6.	8.6.
Lom						1			
Toppskarv		160	25		51	97	45	2	63
Storskarv					2				
Grågås	80 (11 par)	105	115	16	4 (2 par)	43	24 (5 par)	69 (1 par)	40 (1 par)
Ærfugl		350	2	16 hannar	1 hann		125 hannar	15 hannar	38 hannar (3 par)
Svartand							3		
Siland		11	1	1			1		
Tjeld	10 par		11	4	7 (5 par)	8 (5 par)	15 (7 par)	11 (7 par)	6 (5 par)
Småspove						3			
Steinvendar	2 par								
Raudstilk	1 par								
Fiskemåse		3	18	13	12 (6 par)	47 (12 par)	32 (8 par)	16 (7 par)	7 (2 par)
Svartbak	30 par	45	64	120 (35 p)	174 (30 p)	88 (5 par)	60 (8 par)	93 (30 par)	90 (30 par)
Gråmåse		35	15	34 (5-10 p)	29 (10 par)	29 (4 par)	15 (4 par)	29 (7 par)	34 (6 par)
Sildemåse		1	5	3	15 (2 par)	4	1	1	
Rdn. terne	120 par								
Terne		65			2	16 (5 par)		28	
Tjuvjo	1 par	2	1			3	1	2 (1 par)	3 (1 par)
Alke	1								
Lomvi					10				
Lunde		6			5				
Teist	10								
Kråke		1				4		1	1
Oter								2	
Steinkobbe		5	39	1					8

Registrering 6.6.12, frå 16:25

Lambholmen (+ holmar): Tjeld 1, gråmåse 1, svartbak 4.

Kvannskjeret: Tjeld 2, fiskemåse 2 (1 rugande), svartbak 6 (1 rugande), gråmåse 2 (1 rugande).

Kalvøyna og Bolten: Grågås 4, tjeld 1, fiskemåse 4, svartbak 8.

Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Grågås 16, tjeld 3, fiskemåse 2, svartbak 32 (7 rugande), gråmåse 13 (7 rugande), sildemåse 25 (14 rugande), tjuvjo 2 (eit par), steinkobbe 1.

Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Fiskemåse 1, svartbak 3 (2 rugande).

Skarveskjera - Svartskjera: Tjeld 1, svartbak 2.

Kubbeskjeret: Toppskarv 25, svartbak 1.

Håsteinen samla:


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	25	-
Grågås	20	3
Tjeld	8	5

Fiskemåse	9 (1 rugande)	4
Svartbak	56 (10 rugande)	25
Gråmåse	15 (8 rugande)	10
Tjuvjo	2	1
Steinkobbe	1	

Kommentar: Dette store området har vore temmeleg daudt med tanke på hekkande sjøfugl etter århundreskiftet, og Håsteinen gjekk allereie tidleg på 90-talet inn i ei klart negativ utvikling som ser ut til å ha endra den viktigaste funksjonen frå hekkeplass til kvileplass. Teisten, som blei registrert med 85 individ midt på 80-talet, har ikkje blitt registrert etter 1995. Taretråling tok til ved Håsteinen allereie på 70-talet, men først midt på 80-talet kom haustinga opp i større mengder. Området er eitt av dei viktigaste hausteområda for taretrålarane i fylket, og det let seg dessverre ikkje gjere å halde taretrålinga utanfor dette området da forvaltingsplanen for tare blei forhandla fram for snart ti år sidan.

Berre talet på hekkande svartbak held seg på eit rimeleg nivå, som i fjor (og er tilbake på nivået frå 90-talet). Tjuvjo blei observert for femte året på rad, og hekking er ikkje usannsynleg. Men truleg er det Håsteinen si uforstyrta plassering meir enn den lokale næringstilgangen som får tjuvjoane til å etablere seg i området.

Dyr på beite: Ingen observert.



Håsteinen naturreservat.

Smelvær

Landareal 400 da, sjøareal 4880 da

Omfattar fleire øyar, holmar og skjer i den midtre skjergarden. Fleire viktige hekkeplassar for sjøfugl, men etter ein markert nedgang i byrjinga av 1990-åra (dels på grunn av mink), har hekkebestandane i liten grad tatt seg opp igjen. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, enkeltbekkasin, steinvendar, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	1995	2000	2004	2005	2007	2008	2010	2011
Dato	13.6	6.6.	9.7	15.6.	6.6.	15.6.	8.6.	8.6.
Smålom					1			
Storlom							1	
Toppskarv	25	15	20			3	3	17
Grågås	32 (2 par)	12 par	80	60	24 (4-5 par)	165 (20 par)	52 (10 par)	46 (5 par)
Gravand				2				
Ærfugl	100 (fl. hoer m/ungar)	18 hoer m/ungar	90		1 (2-3 par)		2 hannar 2 par	91 (7 hoer) 5 par
Siland	60				5 (2-3 par)	5 (1 par)		
Havørn							2	
Tjeld	4 par	6 par			9 (6 par)	43 (30 par)	25 (15 par)	11 (7 par)
Småspove		1 par					2 (2 par)	
Sandlo					1			
Raudstilk		1 par						
Steinvendar						4		
Fiskemåse		5-6 par	2		27 (10 par)	36 (14 par)	43 (15 par)	15 (4 par)
Svartbak	20 par	20 par	20	30	89 (20 par)	50 (8 par)	60 (20 par)	29 (16 par)
Gråmåse	30 par			2 par	1	17 (2 par)	51 (12 par)	3 (1 par)
Sildemåse				6		1		
Tjuvjo			1					
Terne			25		2	1	43	
Teist	3					1 (1 par)		
Kråke				1	1 (1 par)		4 (2 par)	4 (2 par)
Oter				4				
Steinkobbe				3	1			

Registrering 9.6.12, frå 08:10

Storøyyna (utanfor reservatet, berre vestlegaste delen): Grågås 57, fiskemåse 3, svartbak 4 (1 rugande), gråmåse 2.

Rundholmen-Hamneholmen: Grågås 30 flygande, tjeld 1, svartbak 9 (3 rugande).

Vardøyyna og Smellværet: Grågås 2, svartbak 1, gråmåse 1, terne 4.

Guridøyyna, Espøyyna og Ognholmane: Grågås 2, ærfugl 3 (2 hoer), tjeld 1, fiskemåse 24, svartbak 40 (10 rugande), gråmåse 2, terne 1, kråke 1.

Ramsøyyna og holmar: Toppskarv 1, grågås 5, tjeld 2, fiskemåse 34 (10 rugande), svartbak 20 (4 rugande), gråmåse 10.

Sandholmane: Grågås 2, tjeld 1, fiskemåse 2, svartbak 6 (1 rugande), gråmåse 1.

Ryggane: Gråmåse 3.

Smelvær samla (reservatet + Storøyyna):


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	96	5

Ærfugl	3 (2 hoer)	5
Tjeld	5	4
Fiskemåse	63 (10 rugande)	20
Svartbak	80 (19 rugande)	30
Gråmåse	19	5
Terne	5	2
Kråke	1	1

Sjølv om Storøyna ligg utanfor reservatgrensene tar vi med observasjonane derfrå, da øya er omgitt av reservatet på tre kantar og fuglane bruker mye av området under eitt.

Svært grunt farvatn gjer det vanskeleg å undersøke Smelvær, slik at det heftar ein del usikkerheit ved overslaga over hekkande par. Men inntrykket er likevel positivt for måsane sin del, som i det meste av fylket. Bestandane er likevel små for eit så stort område. Situasjonen i Smelvær er på mange vis lik den i Håsteinen, med forbausande lite liv samanlikna med områda rundt. Som Håsteinen er Smelvær eit viktig taretrålingsområde, og er tomt for teist.

Dyr på beite: Ingen observert.



Smelvær naturreservat.

Kuøyna

Landareal 140 da, sjøareal 246 da

To øyar og nokre mindre holmar og skjer i den midtre skjergarden NV for Atløy. Myr og lynghei. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, vipe, enkeltbekkasin, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, sildemåse og svartbak.

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	12.6	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	14.6.	8.6.	22.6.
Toppskarv								2
Grågås			8			3		
Ærfugl			11 (6 hoer)	2 hannar		5 (1 ho) 1 par	10 (1 ho) 1 par	17 hannar 1 par
Siland				1 (1 par)			2 (1 par)	
Tjeld			6	1 (1 par)			2 (1 par)	3 (2 par)
Storspove			5					
Småspove						1 (1 par)		
Fiskemåse			2	4 (1 par)	1		3 (2 par)	
Svartbak	8-10 par	3	23 (4 par)	7 (3 par)	10 (1 par)	9 (1 par)	2 (1 par)	6 (2 par)
Gråmåse	15 par		3	1	1		7 (1 par)	18 (2 par)
Terne					1			
Kråke			1			1	2	2

Registrering 8.6.12, frå 19:00

Ytre Kuøyna: Fiskemåse 2, svartbak 1, gråmåse 4, kråke 1.

Lambholmen: Svartbak 1, gråmåse 5.

Kuøyna samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Svartbak	2	1
Gråmåse	9	2
Kråke	1	?

Etter århundreskiftet har det ikkje vore nemneverdig hekking i dette reservatet. Det er ingen teikn til betring i år. Reservatet er tilsynelatande i bra tilstand med tanke på vegetasjonen, men andre faktorar gjer det tydelegvis lite attraktivt..

Dyr på beite: Sau på Ytre Kuøyna.

Senholmen

Landareal 20 da, sjøareal 280 da

Holmen med fleire mindre skjer ligg i den midtre skjergarden mellom Atløy og Bulandet. Rik, fuglegjødsla flora med m.a. kystblåstjerne. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, steinkobbe, fiskemåse, gråmåse, svartbak og teist.

År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	7.6.	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	22.6.
Toppskarv	40-50	180 (7 reir)	35-40 (19 reir)	21 (17 reir)	12 (25 reir)	25 (20 reir)	27 (17 reir)	48 (16 reir)
Grågås	15			1		10		3 (1 par)
Ærfugl	30 (mest hann)					1 hann		2 hoer (2 par)
Tjeld		2 par	4	2 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	5 (2 par)	2 (1 par)
Fiskemåse				5 (2 par)	1	1	4 (1 par)	1 (1 par)
Svartbak	30 par	70	30 (9 par)	46 (20 par)	22	11 (2 par)	21 (4 par)	15 (8 par)
Gråmåse	80-100 par	100	60 (3 par)	120 (50 par)	18	40 (6 par)	45 (8 par)	60 (28 par)
Sildemåse						4 (1 par)		
Teist		8	11	11 (6 par)	9 (5 par)	3 (2 par)	2 (1 par)	4 (2 par)
Kråke				1	1			
Steinkobbe			23	1	15	45	60	1

Registrering 8.6.12, frå 18:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	8 (17 reir, 16 med innhald)	17
Grågås	1	1
Ærfugl	1 reir	2
Tjeld	2	1
Fiskemåse	1	1
Svartbak	40 (7 reirfunn)	12
Gråmåse	110 (12 rugande, 10 reirfunn)	35
Sildemåse	10	3
Steinkobbe	60	

Ilandstiging på sjølve Senholmen. Hekking av toppskarv blei påvist første gang for mindre enn ti år sidan, og med ein topp i 2008 har hekkebestanden lagt på litt under 20 par. Talet på teist har derimot gått ned dei siste åra, og i år blei det for første gang etter 2000 ikkje registrert teist ved Senholmen.

At toppskarv og teist på den eine sida og stormåsan på den andre sida ikkje blir påverka av dei same næringsproblema, er Senholmen ein god indikasjon på. Då talet på hekkande toppskarv var på det høgste i 2008, var tilhøva for måsan så dårlege at ingen av dei hekka på holmen. Etter dette har hekkebestandane bygd seg forsiktig opp igjen, med eit tydeleg oppsving dei to siste åra.

Senholmen er, trass i at den er relativt liten, ein av dei verkeleg interessante hekkeplassane i fylket. Dessverre ligg den utsett til for forstyrringar.

Dyr på beite: Ingen.

Skardholmen

Landareal 40 da, sjøareal 151 da

Ligg i den midtre skjergarden, aust for Værlandet. Frodig, fuglegjødsla vegetasjon, grasdominert i vest og lyngdominert i aust. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, ærfugl, tjeld, gråmåse og svartbak.

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6	9.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.
Toppskarv	7 reir	45	19 (11 par)	64 (10-15 par)	27 (15 par)	35 (15 par)	12 (5 par)	40 (5-10 par)
Grågås			3					
Ærfugl	10-12 hoer (med ungar)							
Tjeld	1 par	1 par	3	1 (1 par)	8 (4 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	5 (3 par)
Fiskemåse		1			8 (2 par)	2 (1 par)		4 (1 par)
Svartbak	25 par	10	21 (3 par)	12 (5 par)	25 (5 par)	18 (5 par)	12 (2 par)	9 (3 par)
Gråmåse	200 par	25	78 (20 par)	170 (70 par)	73 (20 par)	80 (15 par)	72 (25 par)	40 (15 par)
Sildemåse							1 (1 par)	
Terne				10-15				
Tjuvjo	1 par							
Teist			2-3		3 (2 par)	1 (1 par)		
Kråke				2 (1 par)	2 (1 par)			2 (1 par)
Steinkobbe		7	2		15		1	

Registrering 8.6.12, frå 16:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	19 (5 reir sett)	5-10
Tjeld	2	3
Svartbak	7	3
Gråmåse	47 (15 rugande)	20

Kommentar: Toppskarven hekkar i sprekker i loddrett bergvegg og kan derfor ikkje teljast frå land, men det var rolig ver og rimeleg gode tilhøve for å sjå opp til sprekkene frå båt. Talet på observerte toppskarvreir ligg tett opp til fjoråret, som var overraskande lågt etter at det gjennom fleire år har halde seg på eit jamt nivå (på same måte som Senholmen som ikkje ligg langt unna).

Talet på hekkande måsar har gått litt opp og ned dei siste åra, men etter den kortvarige oppgangen for måsane i heile fylket i 2007 har hekkebestandane i grove trekk vore stabile rundt eit mye lågare nivå - og vesentleg mindre enn på 90-talet.

Dyr på beite: Ingen observert.

Kvitingane

Landareal 263 da, sjøareal 1583 da

Ei samling på om lag 30 øyar, holmar og skjer i den midtre skjergarden, midt i Vilnesfjorden aust for Værlandet. Grunt jordsmonn, med vegetasjon dominert av lynghei og strandeng. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, stokkand, siland, tjeld, vipe, steinvendar, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne og raudnebbterne.

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6	8.7.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.
Toppskarv		25	22	2	62	48	16	22
Storskarv				1				
Hegre			1					
Grågås			2	4 (2 par)	22 (2 par)			
Kanadagås							2 (1 par)	
Gravand			1	1 (1 par)				
Ærfugl			2 hoer	5 (1 ho) 2 par			5 hoer 1 par	4 hoer 2 par
Siland							2 (1 par)	14
Havørn								1 ungfugl
Tjeld	4-5 par		14	14 (8 par)	13 (8 par)	6 (3 par)	16 (7 par)	14 (7 par)
Fiskemåse			4 (1 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	5 (2 par)		
Svartbak	2-3 par	30	52 (2 par)	70 (20 par)	28 (6 par)	29 (4 par)	38 (5 par)	46 (15 par)
Gråmåse		16-20	5	1	4	1	1	6 (3 par)
Sildemåse								1
Terne			8	47 (10 par)*	8			3*
Tjuvjo		1				1	2	
Kråke					2	3		
Ramn			2					
Steinkobbe		5	18	14	18	12	15	15

*makrellterne

Registrering 8.6.12, frå 17:08

Geitekvitingen m/holmar: Toppskarv 2, ærfugl 5 (2 hoer), tjeld 3, fiskemåse 1, svartbak 3 (1 rugande), steinkobbe 35.

Hansholmen: Tjeld 2, svartbak 9.

Jørnkvitingen: Svartbak 2, terne 7.

Leirkvitingen: Svartbak 2, teist 1.

Vardeholmen-Eineskjera: Toppskarv 1, svartbak 3.

Søre Hjelparen: Toppskarv 26, svartbak 5.

Nordre Hjelparen og holme i sør: Toppskarv 6, storskarv 4 ungfuglar, ærfugl 1 hann, siland 2, svartbak 11 (4 rugande).

Kobbvikskjeret: Toppskarv 1, tjeld 1 (og 1 vaksen havørn på Aralden like ved).


Kvitingane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	36	-
Ærfugl	6 (2 hoer)	2
Siland	2	1
Havørn	1	-
Tjeld	6	4
Fiskemåse	1	-
Svartbak	35 (5 rugande)	15
Terne	7	2
Teist	1	1

Området hadde etter sigende store problem med mink på 90-talet, og bestandane har vore små også seinare pga. næringssvikten frå 2004 av. Det har ikkje skjedd større endringar frå i fjor, med unntak av at gråmåsen (som i fjor forsøkte seg med hekking for første gang, med tre par) no er borte igjen.

Lyngen på Leirkvitingen (den største av holmane) begynner å bli i grovaste laget, og skjøtsel i form av lyngbrenning bør vurderast nærare.

Dyr på beite: Ingen observert.



Kvitingane naturreservat omfattar også det lille Kobbavikskjeret ved øya Aralden i sør.

Raudøy

Landareal 538 da, sjøareal 1947 da

Ligg i midtre/indre skjergard, og består av den store Raudøya (419 dekar) i vest, den mindre Kjeøya i aust, og fleire mindre holmar og skjer mellom desse. Raudøya er flatlendt, dominert av myr og røsslyng, heva noko over ein skjerm av tre rundt strandsona. Tradisjonell og viktig hekkeplass for sildemåse og gråmåse. Av andre påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, steinvendar, fiskemåse, svartbak og teist.

År	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	7.6.	8.7.	16.6.	4.6.	14.6.	16.6.	8.6.	14.6.
Toppskarv	5							
Grågås	9 par					1 par		
Kanadagås	1 par		18	5	16 (1 par)		2 (1 par)	
Gravand	1		1 par			1 par		
Ærfugl	15 hoer (fl. m/ungar)				1 ho			3 hoer 1 par
Siland	8 par	1 par	3				3 (2 par)	2 (4 par)
Tjeld	6 par		2	2 (2 par)	3 (2 par)	2 par	4 (4 par)	2 (4 par)
Storspove	1 par							
Fiskemåse			3 (1 par)		2 (5 par)		2 (1 par)	5 (1 par)
Svartbak	100 par	7 par	50 (20 par)	70 (30 par)	25 (4 par)	5 par	15 (10 par)	22 (10 par)
Gråmåse	200 par	220	200 (70 par)	300 (100 par)	80 (20 par)	230 (40 par)	160 (30 par)	25 (10 par)
Sildemåse	350 par	70	200 (70 par)	350 (150 par)	90 (25 par)	270 (50 par)	340 (80 par)	20 (10 par)
Terne			2*					5
Tjuvjo							2 (1 par)	
Teist		1						
Kråke			1	2	1		1 (1 par)	2 (1 par)
Steinkobbe								1

*makrellterne

Registrering 8.6.12, frå 19:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	5	1
Fiskemåse	2	1
Svartbak	12	10
Gråmåse	50	20
Sildemåse	50	20
Kråke	1	1

Ilandstigning på Raudøya, som lenge har vore ein av dei viktigaste hekkeplassane i fylket for sildemåse og gråmåse. Talet på gråmåse og sildemåse har tidlegare blitt registrert ved fotoseriar horisonten rundt frå eit sentralt utsiktspunkt. Bileta viste 473 måsar i 2007, 115 i 2008, 454 i 2009, og 418 i 2010. Det reelle talet på sildemåse og gråmåse blei vurdert til hv. 650, 170, 500 og 500.

I fjor blei det gjennomført ei rask teljing i regnvær. Talet på sildemåsar og gråmåsar var da etter alt å dømme suverent det minste talet som er registrert. Kolonien verka bortimot tom, og det blei ikkje gjort forsøk på reirleiing på grunn av regnet. I år var det meir fugl i området, truleg på høgde med det førre botnresultatet i 2008. Kva som var årsaka til at kolonien blei meir eller mindre forlatt i fjor, da bestandane elles var i forsiktig auke, er ikkje godt å seie - men det kan ha vore lokale forflytningar utløyst av ei eller anna form for forstyrning i den mest sårbare perioden. At det er på tide med lyngbrenning kan også vere eit poeng, men det åleine forklarar ikkje nedgangen frå 2010 til 2011.

Dyr på beite: -.

Krokholmen

Landareal 12 da, sjøareal 49 da

Holme i indre skjergard sør for Atløy, med rik, fuglegjødsla vegetasjon. Tradisjonell hekkelplass for måsefuglar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	5. og 11.6	7.6.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.
Toppskarv			1			11		
Grågås		3 par					2 par	
Kanadagås	11 (2 par)	4 (1 par)	2	8 (3 par?)		1 (1 par)		21
Gravand							1 (1 par)	
Ærfugl	25 (10 ho m/ungar)	16 hoer, fl. m/ungar	4 (3 hoer)	48 (32 hoer) 10-15 par	5 hoer 3 par	13 ho/2 reir 3 par	32 (17 ho/7r) 7 par	8 hoer 5 par
Siland			5			3 (1 par)	4 (2 par)	
Tjeld	1 par	5 par	2	3 (2 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	5 (2 par)	
Steinvendar						2 (1 par)	1 (1 par)	
Hettemåse	11 par							
Fiskemåse	50-60 par	100 par	10	19 (8 par)	31 (10 par)	31 (29 par)	85 (30 par)	50 (25 par)
Svartbak	4-5 par	30 par	7	11 (4 par)	13 (5 par)	9 (7 par)	9 (4 par)	10 (4 par)
Gråmåse		30 par	2					15 (5 par)
Sildemåse							1	15 (5 par)
Terne						10 (1 par)	10 (1 par)	
Kråke		1 par	2	1				

Registrering 8.6.12, frå 19:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	6 hoer + 7 dunungar	4
Tjeld	1	1
Fiskemåse	29 (4 rugande)	15
Svartbak	20 (3 rugande)	8
Sildemåse	2	1

Det blei ikkje gjort ilandstiging i år, da det begynte å bli seint på dag og litt kjøleg i veret. Men det var tydeleg at hekkebestanden av fiskemåse hadde minka ein heil del frå i fjor. I tillegg til nedgang for fiskemåsen hadde gråmåsane forsvunne, og av sildemåse såg vi berre eitt par, noko som stod i skarp kontrast til at tal hekkande svartbak var nesten firedobla. Svartbaken har nok fått augene opp for Krokholmen, kanskje i ein slik grad at dei andre artane flyttar over til andre hekkelassar?

Talet på hekkande ærfugl har vore svært lågt i Sogn og Fjordane gjennom fleire år. Den vesle Krokholmen har vore eit av dei beste områda for ærfugl i fylket frå 2007, og ein av få observasjonar av ærfuglkull i fylket i år blei gjort her. Men med ein aukande svartbakbestand på ein såpass liten holme er det ikkje usannsynleg at tal hekkande ærfugl vil minke dei næraste åra.

Dyr på beite: Ingen observert.

Prestøy

Landareal 211 da, sjøareal 196 da

Reservatet dekker vestre delen av Prestøya og nokre mindre holmar, og ligg i indre skjergard like ved fastlandet. Tradisjonell hekkelokalitet for måsar (på ei myr inne på øya). Av påvist hekkande artar er kan nemnast tjeld, vipe, småspove, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, sildemåse og svartbak.

År	1995	2000	2004	2005	2008	2009	2010	2011
Dato	5. og 13.6	7.6.	8.7.	16.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.
Hegre					1	1		
Grågås						2 (1 par)		
Ærfugl		8 hoer (fl. m/ungar)						
Siland							2 (1 par)	
Tjeld		4 par			3 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Storspove		1 par						
Enkeltebekkasin		2-3 par						
Hettemåse		6						
Fiskemåse		5 par		4	3 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Svartbak	10-15 par	3 par	1	1		2 (1 par)		1 (1 par)
Gråmåse						2		1
Sildemåse						2		
Terne								1
Kråke						1 (1 par)		

Registrering 9.6.12, frå 7:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	1
Hegre	2	-
Gravand	6	2
Siland	4	2
Fiskemåse	1	1
Svartbak	1	1
Gråmåse	2	1

Prestøy hadde i 1983/84 om lag 400 par fiskemåse, 200 par sildemåse, 100 par gråmåse og 50 par svartbak, og var ein av dei viktigaste hekkelokalitetane for måsar i Sogn og Fjordane. Nokre av artane minka i tal da det lokale fiskemottaket blei lagt ned, og på same tid grodde granplantingar frå 70-talet til og øydela tilhøva for sjøfuglane. Skogfelling blei sett i gang i 2007, og rydding fullført hausten 2008. Truleg er det framleis for grovvaksen lyng i reservatet, og gjenveksten av lauvkratt er omfattande. Brenning er derfor aktuelt, men ei kraftleidning ut til fyrlykta i vest og gardshus utanfor reservatgrensene gjer dette risikabelt.

Alle observasjonar utanom svartbak og tjeld blei gjort på Lauvholmen. Tre gravandpar blei sett, men det er usikkert om det kan vere hekkeplass for alle på holmen. Eit individ blei sett i ei steinrøys skjult av rognekratt.

Dyr på beite: Ingen observert.

Flatøy

Landareal 75 da, sjøareal 175 da

Like sør for Prestøy, i overgangen mellom Dalsfjorden og Granesundet. Flatlendt øy, opphavleg med myr og røsslynghei. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, storkand, siland, tjeld, vipe, enkeltbekkasin, steinvendar, småspove, storspove, strandsnipe, raudstilk, myrsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak og makrellterne.

År	1995	2000	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	5. og 13.6	7.6.	8.7.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.
Toppskarv								1	
Hegre		2			1				
Kanadagås	1 par	1 par							
Grågås		45						3	
Storkand								2	
Ærfugl		13 hoer, fl. m/ungar						2 (1 par)	
Siland		2 par		2					
Tjeld	2 par	3 par					1 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Storspove							1 (1 par)		
Raudstilk					2 (1 par)				
Strandsnipe						1 (1 par)		2 (1 par)	1 (1 par)
Fiskemåse	15 par		1			1 (1 par)	1 (1 par)		
Svartbak	3 par		1	1	3 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)
Gråmåse									1
Kråke		1 par			1				

Registrering 8.6.12, frå 20:10

	Observert	Overslag, hekkande par:
Hegre	2	-
Siland	5	2
Strandsnipe	1	1
Småspove	2	1
Fiskemåse	2	1
Svartbak	1 (rugande)	1

Tilgroing med barte innplanta på 70-talet reduserte gradvis verdien av øya som hekkeplass for sjøfugl. Den sørlege halvdel av øya blei snaua for tre og lyngen brent vinteren 2007, og skogen på den nordlege delen felt vinteren 2008. Like etter ryddinga blei det registrert hekking av måsar her igjen for første gang sidan 1995, men omfattande nyetablering har det ikkje blitt enno. Flatøy har for så vidt heller aldri hatt store konsentrasjonar av hekkande sjøfugl, men snarare eit breitt artsutval av andefuglar, vadarar og måsar. Og dette kan sjå ut til å vere på veg tilbake.

Dyr på beite: Ingen observert.

Kvannholmen

Landareal 2 da, sjøareal 13 da

Ein liten holme tett oppunder land i Granesundet, av spesiell verdi for fiskemåse og terner. Av påvist hekkande artar er kan nemnast tjeld, fiskemåse, raudnebbterne og makrellterne.

År	1995	2000	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	5.6.	7.6.	16.6.	4.6.	14.6.	14.6.	8.6.	14.6.
Hegre		1						
Grågås							1 par	
Kanadagås	2 par							2
Ærfugl			9 hoer			5 reir (5 par)	3 (1 ho) 6 par	1 par
Tjeld		1 par				1	1	
Fiskemåse	2 par		15 (4 par)	21 (10 par)	14 (6 par)	70 (37 par)	70 (30 par)	50 (20 par)
Svartbak	1 par	1 par		2 (1 par)		1 (1 par)	1 (1 par)	5 (1 par)
Terne	10 par*			7 (2-3 par)*		10 (3 par)**		35 (8 par)

*makrellterne

**raudnebbterne

Registrering 9.6.12, frå 07:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 reirfunn	2
Hettemåse	2 rugande (2 reirfunn)	2
Fiskemåse	22 (6 rugande, 27 reirfunn)	30
Svartbak	1 (1 rugande)	1
Terne	9 (1 reirfunn)	3

Ilandstiging. Den lille Kvannholmen har dei siste åra hatt ein av dei største fiskemåsekoloniane langs kysten av Sogn og Fjordane, noko som mest av alt viser kor langt nede fiskemåsebestanden i fylket har vore. Seks reirfunn av ærfugl i fjor er bortimot ekstremt på fylkesnivå. I år blei det funne to ærfuglreir.

Talet på fiskemåsereir var litt redusert i fjor, med berre 16 reirfunn. I år var det betre ver, slik at vi kunne gi oss betre tid på land, men det er likevel ikkje tvil om at tal fiskemåsereir hadde auka ein heil del. Det blei funne 27 reir, noko som faktisk er fleire enn talet på fiskemåsar observert! Dette viser at vi ikkje får fullt oversyn over holmen frå båt, men stadfester også den generelle trenden vi ser elles i fylket i år, at det er langt færre måseindivider på hekkeplassane sjølv om hekkebestanden (tal reir) er stabil eller svakt aukande. Det var med andre ord få "arbeidsledige" på hekkeplassane i år.

Funn av to par hekkande hettemåsar (dei første etter 2000 på kysten av fylket i det heile tatt) er av dei meir spesielle funna i år. Dyr på beite: Ingen observert.



Kvannholmen
ligg mindre enn
100 meter frå
land.
2.9.2010.
(Norge i bilder/
Norge Digitalt)

Bunesholmane

Landareal 50 da, sjøareal 270 da

To større og fem mindre holmar i ope farvatn i den midtre skjergarden SØ for Værlandet. Snautt, men sjølve Bunesholmen har frodig vegetasjon mellom devonske svaberg. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, tjuvjo, gråmåse og svartbak.

År	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6.	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	9.6.	14.6.
Toppskarv			5				
Grågås	18 (1 par)						
Svartand			1 hann				
Havørn		1					
Tjeld	3 par	3	2 (1 par)	2 (1 par)		4 (3 par)	1 (1 par)
Fiskemåse		30	22 (10 par)	9 (4 par)	2	27 (10 par)	13 (8 par)
Svartbak	10-12 par	2	12 (4-5 par)	8 (2 par)	4 (2 par)	5 (2 par)	4 (2 par)
Gråmåse		8	2 (1 par)	8 (2 par)		10 (6 par)	9 (3 par)
Sildemåse				3		2	
Terne		70					
Kråke			1 (1 par)				
Steinkobbe					9	1	

Registrering 8.6.12, frå 16:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Fiskemåse	7 (3 rugande)	4
Svartbak	2	1
Teist	1	1

Eit område med små hekkebestandar, og merkbar nedgang frå i fjor. Det var ikkje store hekkebestandar her på 80-talet heller, Godø (1984) nemner 5-6 par svartbak og ein flokk på 500 ærfugl ("Brattholmane"). Naboområdet Myrbærskjera ser ut til å ta hand om dei fleste måsane i dette området, så slik sett er det kanskje ikkje mye meir å vente på denne lokaliteten før næringstilhøva på kysten blir vesentleg betre enn i dag.

Dyr på beite: Ingen observert.

Myrbærskjera

Landareal 40 da, sjøareal 390 da

Ei samling holmar og skjer i ope farvatn i den midtre skjergarden, i Buefjorden vest for Lutelandet. Trass i fjell i dagen og grunnlendt jordsmonn, er det ein frodig blomsterprakt i reservatet. Av påvist hekkande artar er kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist.

År	1995	2004	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6.	8.7	16.6.	5.6.	14.6.	16.6.	9.6.	14.6.
Toppskarv						1		12
Grågås	11			2 (1 par)	2 (1 par)	7 (2 par)		4 (2 par)
Ærfugl	10 (fleire hoer m/ungar)		1 par		1 (1 par)			
Siland								2 (1 par)
Tjeld	2 par		3	4 (3 par)	4 (3 par)	3 (2 par)	4 (2 par)	5 (3 par)
Fiskemåse			10		3 (2 par)	5 (2 par)	3 (2 par)	
Svartbak	40 par	14	25 (9 par)	54 (24 par)	62 (24 par)	37 (15 par)	62 (20 par)	38 (15 par)
Gråmåse	220 par	10	29 (11 par)	122 (70 par)	102 (35 par)	47 (10 par)	90 (45 par)	75 (30 par)
Sildemåse			2		2 (1 par)	5 (2 par)	1 (1 par)	14 (5 par)
Terne			75	10 (3-5 par)	1 (1 par?)			
Tjuvjo	1 par							
Kråke							3 (1 par)	
Steinkobbe			2	1	1		1	
Havert						1		

Registrering 8.6.12, frå 15:55

Holmar i SV: Grågås 15, ærfugl 3 hoer, tjeld 3, svartbak 54 (11 rugande), gråmåse 12 (6 rugande), sildemåse 8 (3 rugande), kråke 1.

Holmar i NØ: Grågås 8, svartbak 22 (5 rugande), gråmåse 141 (58 rugande), sildemåse 15 (6 rugande).

Myrbærskjera samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	23	4
Ærfugl	3 hoer	1
Tjeld	3	2
Svartbak	76 (16 rugande)	25
Gråmåse	153 (64 rugande)	75
Sildemåse	23 (9 rugande)	10

Ein tradisjonelt viktig hekkeplass for måsar, som har klart tilbakegangen etter 2000 betre enn mange andre hekkeplassar. Myrbærskjera ser faktisk ut til å køyre sitt heilt eige løp, med dobling av hekkebestandane for alle måseartane samanlikna med i fjor. Situasjonen er faktisk på høgde med den kortvarige toppen i 2007, berre at i år er sildemåse på plass i tillegg.

Marksjiktet er både frodig og svært tett, og dette kan gjere deler av holmane mindre eigna som hekkeplass for sjøfugl. Vi veit likevel ikkje om vegetasjonen har endra seg vesentleg dei siste åra, da den også tidlegare er omtalt som "frodig og artsrik" (Godø 1991).

Dyr på beite: Ingen observert.

Ei større øy og eit tjuetals holmar og skjer i den indre skjergarden, ved innløpet til Åfjorden i Hyllestad. Det meste er lynghei og fattigmyr, men den vestlege delen av hovudøya (Hatløya) er gamal beitemark, etter kvart gjenvakse med einer, bjørk og rogn. Eit plantefelt på Luten heilt i aust skriv seg nok frå tida før gardsbruket vest på øya blei fråflytta på 50-talet. Av registrert hekkande artar kan nemnast grågås, tjeld, steinvendar, svartbak, gråmåse, sildemåse, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og tjuvjo. Området er også av stor verdi som rasteplass og vinterområde, og er verna som våtmarksreservat.

År	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	11.6.	16.6.	5.6.	14.6.	14.6.	9.6.	15.6.
Toppskarv		12	8	19	6	6	10
Hegre				1			
Grågås	18 (6 par)	15		11 (2 par)	15 (2 par)	6 (2 par)	28 (2 par)
Kanadagås		7	7 (2-3 par)			2 (1 par)	
Ærfugl	45 (fleire m/ungar)	8 (2 hoer)	13 (7 hoer) 6 par	5 ho (to kull) 3 par			21 (17 hoer) 6 par
Siland			2 (1 par)	3 (1 par)	2 (1 par)	5 (2 par)	3 (1 par)
Havørn					1 ungfugl		
Tjeld	5 par	13	12 (5 par)	14 (6 par)	1 (1 par)	8 (4 par)	12 (6 par)
Storspove	2 par	1					
Strandsnipe						1 (1 par)	
Steinvendar		1					
Fiskemåse	80 par	7 (6 par)	9 (4 par)	9 (1 par)	9 (1 par)	17 (5 par)	15 (5 par)
Svartbak	30 par	12 (5 par)	27 (10 par)	29 (5 par)	19 (8 par)	24 (8 par)	36 (15 par)
Gråmåse		7 (6 par)	9 (3 par)	1		7	2
Terne	75 par*		2		9		
Teist		2		2 (1 par)	5 (3 par)		
Kråke		1	2			2 ungar (1 par)	
Oter			1	3			
Steinkobbe		2					1

*makrellterne

Registrering 8.6.12, frå 15:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	14	-
Grågås	11	5
Ærfugl	14 (4 hoer)	4
Siland	2	1
Tjeld	3 (1 rugande)	3
Fiskemåse	3	2
Svartbak	26 (3 rugande)	15
Gråmåse	1	-

Hekkebestandane i området har berre for svartbaken sin del auka nemneverdig sidan 2005, og ligg generelt på eit lågt nivå. Hovudøya er såpass stor at det er lett å oversjå hekkande fuglar der, men ut frå den generelle aktiviteten å døme skjer så godt som all hekking på holmane mot vest og sør.

Det er eit langt stykke igjen til dei observerte hekkebestandane i 1983/84, med 220 reir av fiskemåse, 80 av gråmåse, 40 av sildemåse, 20 av svartbak og på det meste 345 ternereir. Berre svartbaken begynner å nærme seg. Hovudøya (Hatløyna) har store, opne grasmarker i vest, men desse var i ferd med å gro til med lauvskog, og hogst blei gjennomført vinteren 2007. Rydding etter hogsten blei gjennomført etter hekkesesongen i fjor, og det er no store, opne, beita enger tilgjengelege som hekkeplass. Men det tidlegare

kulturlandskapet er dessverre utsett for altfor mye ulovleg ilandstiging og forstyrringar til at fuglane vil hekke der i særleg omfang.
Dyr på beite: Sau.

Ønaholmane

Landareal 195 da, sjøareal 84 da

To større holmar og nokre mindre skjer i Åfjorden i Hyllestad. Holmane er i stor grad dekte av lyng, med nokre mindre lauvtre. Av registrert hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, raudstilk, svartbak, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og teist.

År	1984	2006	2007	2008	2009	2011
Dato	13.6.	12.6.	5.6.	14.6.	14.6.	15.6.
Hegre					1	
Grågås				6 (3 par)		
Kanadagås						4
Ærfugl	6 ho m/ungar 6 par	7 (5 hoer)	10 (3 hoer) 3 par	11 hoer/3 kull 5 par	7 (5 hoer/1 kull) 2 par	1 ho m/ungar 1 par
Siland	7	3 (2 hoer)		4 (1 par)		
Tjeld	4 par	6	6 (3 par)	3 (2 par)	5 (3 par)	2 (2 par)
Steinvendar	1 par					
Raudstilk	2 par					
Strandsnipe		1				
Fiskemåse	45 par	58 (5 par)	33 (8 par)	17 (5 par)	3 (2 par)	7 (3 par)
Svartbak		7 (4 par)	6 (2 par)	5 (2 par)	10 (3 par)	3 (2 par)
Gråmåse		9 (3 par)			1	
Terne	200 par*					
Teist	8					
Kråke			2 (1 par)	1 par		2
Ramn		1				

*75% makrellterne

Registrering 8.6.12, frå 13:20

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Kanadagås	4	?
Grågås	1	1
Ærfugl	3 hoer	2
Tjeld	3 (1 rugande)	2
Strandsnipe	1	1
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	3	2
Oter	1	

Ingen store endringar frå siste teljing, men artsutvalet ser ut til å auke litt igjen. Med plassering inne i fjorden har området vesentleg vore av verdi for fiskemåse og terne, men ingen av desse ser ut til å ha fått augene opp for holmane enno. Øyene har vore i ferd med å gro igjen med spreidde gran og rogn, og desse har blitt rydda vekk over dei siste par åra. Etter hekkesesongen i år var det for første gang på fleire år tørt nok til å svi av lyng, og vi får sjå om dette gir seg utslag i auka hekkebestandar i åra som kjem.

Dyr på beite: Ingen observert.

Ramsholmen

Landareal 99 da, sjøareal 210 da

To større holmar og to mindre, som etter kvart har blitt tilvaksne med rogn, gran og buskfuru. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, strandsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse og svartbak.

År	1995	2005	2006	2007	2009	2010	2011
Dato	10.6.	16.6.	12.6.	5.6.	18.5.	9.6.	14.6.
Grågås	spor						4 (1 par)
Siland		2					1 (1 par)
Tjeld		1	2				1 (1 par)
Fiskemåse	15 par	3					1
Svartbak	12 par	3	3			2	3 (1 par)
Gråmåse		1					
Terne		1	2				1
Kråke				1	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Ramn			1				
Steinkobbe						1	

Ikkje talt opp i 2012.

Gåsvær

Landareal 451 da, sjøareal 14780 da

Stort reservat nordvest i Solund kommune, med fleire øyar, holmar og skjer. Busetnad på sjølve Gåsværet, som ikkje er freda. Rik, fuglegjødsla vegetasjon dei fleste stader. Av påvist hekkande artar er kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, småspove, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist.

År	1995	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	10.6	22.6	13.6.	20.6.	12.6.	16.6.	9.6.	21.6.
Havsule		3						
Havhest		1	3					
Toppskarv	85 reir	65 26 reir	80 36 reir	193 (68r) 70 par	106 (78r) 85 par	176 (61r) 65 par	148 (70 r) 75 par	115 (71 r) 80 par
Grågås	40 (6 par)	57 (2 par)		74 (5 par)	106 (5 par)	73 (5 par)	62 (5-10 par)	19 (1 par)
Kvitkinng.					2			
Stokkand					1 hann			
Ærfugl	450 (200 hoer m/ungar)	600	170 (24 ho, 2r)	119 (11 ho, 9 k/r) 10 par	60 (9 hoer, 4 r) 8 par	300 (11 hoer, 9 r) 10 par	128 (32 hoer, 2 r) 10 par	195 (8 hoer, 1 r) 5 par
Svartand			25			60		
Havørn			2 par, vaksne					
Tjeld	13 par	14	16 (6 reir)	29 (12 par)	12 (6 par)	26 (12 par)	28 (15 par)	21 (12 par)
Heilo							1	
Raudstilk	2 par							
Krykkje			3 ungfuglar					
Fiskemåse		26 (3 reir)			59 (5 par)	3 (3 par)	23 (8 par)	2 (1 par)
Svartbak	300 par	200 (35 reir)	525 (47 reir)	221 (40 par)	163 (20 par)	264 (35 par)	325 (45 par)	187 (50 par)
Gråmåse	500 par	65 (12 reir)	380 (31 reir)	262 (60 par)	311 (120 p)	398 (50 par)	388 (60 par)	276 (75 par)
Sildemåse	120 par	10 (1 reir)	15	174 (25 par)	65 (20 par)	250 (40 par)	175 (35 par)	143 (55 par)
Terne		110	7	1	3			6
Makrellt.							50 (15 par)	
Raudnebbt.	225 par					336 (30 par)	35 (15 par)	
Tjuvjo					1			
Lunde		2						
Teist	20	13	17	5 (3 par)	6 (3 par)	15 (8 par)	9 (5 par)	9 (5 par)
Kråke		3	1		3 (1 par)	1	4 (2 par)	3 (2 par)
Oter			1				1	
Havert		1	1					
Steinkobbe				7	2		4	
Nise					3			

*raudnebbterne

Registrering 6.6.12, frå 18:20 (Litleværet og Skjerdingane), og 7.6.12 frå 07:25

Litleværet og holmar rundt: Toppskarv 1, grågås 14, tjeld 3, fiskemåse 2, svartbak 32 (7 rugande), gråmåse 4 (2 rugande), sildemåse 4, raudnebbterne 16 (hekking), teist 1, steinkobbe 1.

Skjerdingen og holmar: Toppskarv 2 (4 reir, 3 med innhald), ærfugl 5 (2 hoer), tjeld 4 (1 reirfunn), fiskemåse 2, svartbak 3 (1 reirfunn), gråmåse 1, sildemåse 5, terne 10 (6 reirfunn).

Svarteskjera: Grågås 10 flygande N.

Steinane: Toppskarv 32 (Kråkesteinen 1 reir, med innhald, Lægdesteinen 8 reir, med innhald), grågås 4, ærfugl 2 (1 ho), tjeld 13, fiskemåse 5, svartbak 69 (2 reirfunn), gråmåse 190 (30 rugande, 39 reirfunn),

sildemåse 83 (30 rugande, 12 reirfunn), terne 1, teist 9, kråke 1. Måsereir funne ved ilandstiging: 22 på Kråkesteinen og 33 på Lægdesteinen.

Plittane: Toppskarv 38 (Fugleplitten 22 reir, 21 med innhald; Storeplitten 6 reir, med innhald), storskarv 2 ungfuglar, grågås 5, ærfugl 3 (1 ho, 1 reirfunn), tjeld 7, fiskemåse 5, svartbak 90 (14 rugande, 4 reirfunn), gråmåse 18 (1 rugande, 3 reirfunn), sildemåse 4, terne 6, teist 3, kråke 2. Måsereir funne ved ilandstiging: 4 på Fugleplitten og 3 på Storeplitten.

Lyngøy: Toppskarv 4 (37 reir, 35 med innhald), grågås 11, tjeld 4, heilo 3, fiskemåse 2, svartbak 78 (3 reirfunn), gråmåse 82 (10 reirfunn), sildemåse 40 (7 reirfunn), terne 1.

Gåsvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	77 (78 reir, 74 med innhald)	85
Grågås	44	5
Ærfugl	10 (4 hoer, 1 reirfunn)	5
Tjeld	31 (1 reirfunn)	18
Fiskemåse	16	8
Svartbak	272 (24 rugande, 7 reirfunn)	60
Gråmåse	295 (33 rugande, 52 reir funne)	90
Sildemåse	136 (30 rugande, 19 reir funne)	60
Terne	34 (6 reirfunn)	12
Teist	13	8
Kråke	3	2
Steinkobbe	1	

Ilandstiging på Skjerdings, Kråkesteinen, Lægdesteinen, Storeplitten, Fugleplitten og Lyngøyna.

Hekkebestanden av toppskarv i Gåsvær har halde seg relativt stabil dei siste seks år, men med litt variasjon frå år til år. Tala frå dei siste teljingane (07-12) kan ikkje direkte samanliknast med dei tidlegare teljingane på 2000-talet, da vi ikkje var i land på Lyngøy ved dei første teljingane (05-06). Utviklinga på dei holmane vi har talt kvart år, tyder likevel på at den samla hekkebestanden i Gåsvær har vore relativt stabil sidan 90-talet, men med ein del endringar frå år til år mellom dei ulike øygruppene. Det var egg eller ungar i 95% av toppskarvreira i år, mot 92% i fjor, 84% i 2010, 92% i 2009 og 2008, 96% i 2007, og 81 % i 2006.


Det har gjennom alle år blitt registrert relativt høge individtal av måsar i Gåsvær. I fjor sank individtala til eit nivå lågare enn dei har vore på ei stund, sjølv om talet på hekkande par auka. Denne utviklinga har vi sett over nesten heile fylket i år – reirtalet er i auke, men tal individ minkar. Det tilseier vel at det er færre ikkje-hekkande individ i koloniane, men samtidig har ikkje tal hekkande par auka like mye som ”ledigheitstala” er reduserte. Kvar det blir av overskotet, har vi ingen haldepunkt for å seie. Kanskje har Gåsvær lokka til seg nokre, for her aukar både tal reir og tal individ, særleg for svartbak. Talet på registrerte måsereir i år er det høgaste etter 2000.

Nyklekte måseungar er ikkje heilt enkle å artsbestemme i farten, og heller ikkje tome reir. Men vi trur ikkje at vi har bomma vesentleg med artsbestemminga, m.a. fordi sildemåsane er konsentrerte til to større koloniar (ein på Lægdesteinen og ein på Lyngøy), og fordi svartbaken gjerne hekkar spreidd. Det blei berre funne ein daud måseunge i år, i eit gråmåsereir med ein annan unge og eitt egg.

Ærfuglen har hatt dårlege hekkesesongar langs heile kysten av Sogn og Fjordane dei siste ti åra. I år blei det registrert 4 hofuglar (mot 8 i fjor og 32 i 2010), og berre funne eitt reir. Overslaget på 5 reir totalt baserer seg i stor grad på at vi ikkje var i land på alle holmar og skjer. Talet på observerte grågås er litt høgare i år enn i fjor, da det var på sitt lågaste. Men teljing av grågås er utfordrande, ettersom gåseflokkane sommarstid truleg flyttar seg ein heil del, også under fjærfellinga, og dessutan ser vi av og til at dei klart prøver å skjule seg i område med mange små skjer og holmar. Kor mange av desse vi ikkje oppdagar, er det sjølvstund vanskeleg å seie stort om. NINA/Arne Follestad gjennomførte i 2010 ei flytelling av mytande grågås langs kysten av Sogn og Fjordane, og fann da ein flokk på 162 grågås i Gåsvær 29. juni (tre veker tidlegare talte vi 62 grågås). På grunn av mye dårleg vær blei flytelling ikkje gjennomført verken i fjor eller i år. Truleg hekkar grågåsa berre i lite omfang. Ingen ungekull er sett under sjøfuglteljingane våre etter 2007.

Eit mindre tal terner hekka i Litleværet heilt i nord, elles fann vi ein koloni på hovudøya nord for Gåsvær hamn (utanfor reservatet), med 60 raudnebbterner og 25 reir.

Dyr på beite: Sauar på Litleværet, Storeplitten og Lyngøyna.



Mågøyane

Landareal 92 da, sjøareal 177 da

To øyar like vest for Storøy i vestre Solund, ut mot ope hav mellom Gåsvær og Utvær. Av registrert hekkande artar kan nemnast tjeld, steinvendar, svartbak, gråmåse, sildemåse, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

År	1984	2006	2007	2008	2010
Dato	10.6.	13.6.	6.6.	13.6.	9.6.
Toppskarv		8	22		5
Storskarv			1		
Grågås	13	3			
Ærfugl	60 (10 hoer m/ungar) 10 par	5 (4 hoer)	1 hann (1 par)		6 hannar (2 par)
Siland					
Tjeld	2 par	2	1 (1 par)	7 (4 par)	4 (2 par)
Steinvendar					
Raudstilk					
Strandsnipe					
Krykkje		3 ungfuglar			
Fiskemåse	10-12 par	1 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	4 (2 par)
Svartbak	12 par	11 (3 par)	15 (4 par)	9 (3 par)	5 (2 par)
Gråmåse		28			4 (2 par)
Teist			1 (1 par)		
Kråke			1		
Havert			1		

Ikkje talt i 2011 eller 2012.

Om lag femti øyar, holmar og skjer i eit grunnområde med velutvikla stortareskog. Den vestlegaste øygruppa i Norge. Fuglelivet i området har vore kartlagt frå slutten av 1800-talet. Av påvist hekkande artar er kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, krykkje, raudnebbterne, makrellterne, lomvi, alke, lunde og teist.

År	1995*	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	9.6.	22.6	12. og 13.6.	20.6.	13.6.	15.6.	10.6.	21.6.
Havhest	15 (2 reir)			1				
Toppskarv	150-200 p	122 (49 reir)	181 (83 reir)	231 (105 par)	212 (90 par)	89 (85 par)	221 (80 par)	166 (57 r) 75 par
Storskarv					1		4	
Grågås	15 (2 par)	97	27	142	36 (1 par)	7 (1 par)	29 (3 par)	116 (3 par)
Ærfugl	240 (40 ♀, fl. m/ungar)	250 (3 reir)	150 (5 reir)	480 (8 ho/7 kull) 20 par	78 (13 ho, 7 r/k) 15 par	115 (10 ho, 8 r/k) 15 par	422 (13 ho, 3 r) 5-10 par	198 (6 ho, 1 kull) 3-5 par
Havørn		3(2 vaksne)	1 ungfugl					
Tjeld	6 par	5	15	10 (6 par)	7 (4 par)	5 par	6 (5 par)	6 (4 par)
Småspove		3			1			
Steinvendar		1						
Fiskemåse		1	3	15 (4 par)	11 (4 par)	1	17 (5 par)	4 (2 par)
Svartbak	50 par	160 (6 reir)	172 (15 reir)	190 (20 par)	167 (15 par)	194 (15 par)	289 (35 par)	148 (35 par)
Gråmåse	200-250 p	33	230 (25 reir)	130 (30 par)	107 (25 par)	154 (20 par)	117 (25 par)	53 (25 par)
Sildemåse		22		36 (10 par)	45 (10 par)	5	1	16 (5 par)
Terne	60 par**	10-12		2	1	2	1	1
Storjo		1						
Alke		1						
Lunde		1						
Teist		8	5	15 (8 par)	18 (10 par)	7 (5 par)	16 (10 par)	5 (3 par)
Kråke		1 reir	1 reir	8 (3 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	2	
Ramn		1 reir	1 reir		4 (1 par)	1 reir (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)
Havert					4			3
Steinkobbe		6	1	1	1			

*Dårleg ver

**Raudnebbterne

Registrering 7.6.12, frå 13:00

Nordholmane: Toppskarv 8, ærfugl 36 (5 hoer), fiskemåse 5, svartbak 10, gråmåse 6, havert 9.

Nordre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 6, grågås 15, tjeld 2, svartbak 28 (9 rugande, 3 reirfunn), gråmåse 5 (2 rugande).

Søre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 20, grågås 24, ærfugl 1 hann, tjeld 4, svartbak 65 (17 rugande, 5 reirfunn), gråmåse 7 (2 rugande), sildemåse 2, kråke 1 reir, havert 1.

Tussen og Skansholmen: Toppskarv 4 reir (med innhald), svartbak 25 (4 rugande, 5 reirfunn), gråmåse 3 (1 rugande), terne 1, teist 8. 5 måsereir funne.

Skardsøyne: Toppskarv 1, småspove 5, fiskemåse 1, havert 1.

Lyngholmen: Svartbak 1, kråke 1.

Steinsøyne og Indre Steinsøyne (Tranepsholmen): Toppskarv 1 reir utan innhald, grågås 6, ærfugl 4 (2 hoer), fiskemåse 8, svartbak 32 (6 rugande, 2 reirfunn), gråmåse 5, kråke 2.

Mulen og Been: Toppskarv 14, ærfugl 5 (1 ho), svartbak 2 (1 rugande), gråmåse 2.

Bakholmen + holmar mot S: Ærfugl 9 (1 ho), svartbak 5, gråmåse 1.

Kuøyne og holmar: Grågås 2, ærfugl 2 hannar, svartbak 15 (4 rugande), terne 1.

Begla og skjer mot aust: Toppskarv 56 (31 reir på Begla, 30 med innhald), grågås 4, havørn 1 ungfugl, tjeld 1, svartbak 18 (1 rugande, 1 reirfunn), kråke 3 (1 reir), ramn 1, oter 1.

Utvær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	105 (36 reir, 34 med innhald)	45
Grågås	51	5
Ærfugl	57 (9 hoer)	5
Havørn	1 ungfugl (2K)	-
Tjeld	7	4
Fiskemåse	14	4
Svartbak	148 (42 rugande, 11 reirfunn)	55
Gråmåse	29 (5 rugande)	10
Sildemåse	2	1
Terne	2	-
Teist	8	4
Kråke	6 (2 reirfunn)	3
Ramn	1	-
Oter	1	
Havert	11	

Ilandstiging på Nordre Kvannskjeret, Søre Kvannskjeret, Tussen og Skansholmen, Indre Steinsøyna og Begla.

Gjennomgangen av toppskarven sine hekkeplassar i Utvær gav ein del overraskingar. For det første kom vi i land på Nordre Kvannskjeret (som kan vere vanskeleg tilgjengeleg), og fann ingen toppskarvreir der. For det andre fann vi i Utvær generelt mange gamle skarvereir frå i fjor, som ikkje hadde blitt tatt i bruk i år. Totalt fann vi 29 ubrukte fjorårsreir, noko vi tidlegare berre har funne unntaksvis. Når fuglar på denne måten står over hekkinga i relativt store tal, tyder det på spesielle (og dårlege) tilhøve tidleg i hekkesesongen. På Nordre Kvannskjeret fann vi derimot som nemnt ingen reir, verken gamle eller nye. Dette kan bety at det heller ikkje var så mye hekking på denne holmen i fjor, og i så fall har vi nok overvurdert hekkebestanden i Utvær i fjor. Da kom vi ikkje på land på Nordre Kvannskjeret, men rekna med at hekkebestanden der var om lag som året før, dvs. 11 par, fordi tala på andre holmar var om lag dei same som året før. Dette blir sjølv sagt spekulasjonar, men truleg har samla tal toppskarvreir i Utvær vore 80 i 2010, rundt 65 i 2011 og altså 45 i år.


På Indre Steinsøya har det også skjedd endringar dei siste åra; der fann vi 17 toppskarvreir i 2009, null i 2010, null i 2011 og eitt i år. Og på Begla fann vi i år 23 ubrukte fjorårsreir, slik at hekkebestanden der var redusert med ein tredel frå i fjor. Men for dei toppskarvane som faktisk gjekk til hekking i år, gjekk det ikkje så ille: Gjennomsnittleg kullstorleik, medrekna prederte reir, var 2,15 (2,39 om vi ser bort frå heilt prederte reir). Det var egg eller ungar i 94 % av toppskarvreira ved teljetidspunktet i år. Dei seks førre åra (2011-06) har prosentdelen reir med egg eller ungar vore 100, 92, 87, 90, 84 og 89%. Vi fann kråkereir både på Begla og på Søre Kvannskjeret.

Hekkebestanden av svartbak har auka tydeleg, med m.a. vesentleg fleire rugande fuglar observert frå båt. Gråmåsen har derimot gått tilbake, og det same med sildemåsen som i fjor etablerte seg ved Steinsøya.

Av teist blei det sett 8 individ, mot 5 i fjor. Forskjellen betyr truleg ikkje så mye, men i alle fall er bestanden ein del redusert dei siste par åra.

Utvær har aldri vore noko kjerneområde for grågås, men i det minste er hekking påvist, og det hekkar truleg årvisst nokre par. I år såg vi dei meir spreidd på holmane, og truleg hekka nokre fleir enn vanleg. Av ærfugl talte vi 57, av desse 9 hoer. Ingen ungekull eller reir blei registrert, heller ikkje på dei aller mest tradisjonelle reirplassane Den viktigaste funksjonen for arten er for tida myteområde, og ikkje hekkeplass.

Dyr på beite: Sauar på Begla.



Utvær naturreservat. Sjølve Utværøy med fyr og bygningar er ikkje del av verneområdet.

Indrevær

Landareal 806 da, sjøareal 21852 da

Eit stort tal øyar, holmar og skjer i eit grunnområde med velutvikla stortareskog mellom Utvær og Ytre Sula i Solund. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, siland, stokkand, tjeld, småspove, steinvendar, raudstilk, strandsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, sildemåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist. Området er stort og grunt og krev gode vértilhøve for å kunne undersøkast, og blei ikkje talt opp grundig på meir enn ti år før i 2007.

År	1995*	2007	2008
Dato	9.6.	6.6.	13.6.
Toppskarv	10	89	64
Grågås	1 par m/tre ungar	58 (5 par?)	44 (5 par?)
Ærfugl	60 (flest hoer)	91 (17 hoer) 10-15 par	66 (4 hoer) 5 par?
Havelle		1 hann	
Havørn		2 (vaksent par)	2 (vaksent par)
Tjeld		14 (8 par)	12 (6 par)
Fiskemåse		7 (2 par)	4 (2 par)
Svartbak	25 par	234 (60 par)	122 (20 par)
Gråmåse		65 (30 par)	40 (15 par)
Sildemåse		2 (1 par)	36 (15 par)
Terne		100 (40 par)	80
Teist		5 (3 par)	
Kråke		9 (4-5 par)	4 (2 par)
Ramn		2 (1 par)	1 (1 par)
Havert			1
Steinkobbe		1	

*dårleg vér

Registrering 7.6.12, frå 20:15, og 8.6.12 frå 07:10

Fiskholmen: Ærfugl 100.

Ternøyne m/holmar: Toppskarv 35, grågås 9, ærfugl 44, svartbak 45 (13 rugande), terne 5.

Holmar SV for Nautøyna: Svartbak 1, teist 2, kråke 1, steinkobbe 1.

Engelsskjeret: Svartbak 2.

Holmar SØ for Nautøyna: Ærfugl 1 hann, svartbak 11 (2 rugande), teist 2.

Holmar V for Husøyna: Tjeld 1, fiskemåse 2 (1 rugande), svartbak 18 (5 rugande).

Holmar Ø og N for Husøyna: Fiskemåse 1, svartbak 36 (8 rugande), gråmåse 7 (2 rugande).

Geiterøyna - Håskjeret-Sandholmen: Toppskarv 3, grågås 7, siland 1, tjeld 1, svartbak 13 (1 rugande), gråmåse 1, sildemåse 2, terne 6.

Indreværet og øyane rundt (Leiaholmen-Vardøyna): Hegre 1, grågås 8, ærfugl 1 hann, tjeld 6, svartbak 39 (3 rugande), gråmåse 38 (18 rugande), 90 sildemåse (36 rugande), terne 10 (4 rugande), kråke 1.

Korsskjera: Grågås 1, tjeld 4, svartbak 9 (2 rugande), gråmåse 1 ung, terne 2, kråke 1, nise 1.

Dansaren og skjer i S: Toppskarv 15, svartbak 1.


Gåsøyna (Sandholmane-Sandskjera): grågås 16, ærfugl 18 (1 ho), havørn 2 (1 par), tjeld 2, fiskemåse 2, svartbak 17 (2 rugande).

Torsteinskjera- Nordavindskjera: Ærfugl 50, svartbak 2.

Lyngholmen og skjera rundt: Toppskarv 38, storskarv 2, grågås 32, ærfugl 15 hannar, tjeld 3, svartbak 28 (6 rugande), gråmåse 7 (3 rugande), steinkobbe 1.

Indrevær samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	91	-
Storskarv	2	-
Hegre	1	?



Indrevær naturreservat. Dei tidlegare busette områda rundt Nautøyna, Husøyna og Indrevær er ikkje verna.

Grågås	73	12
Ærfugl	214	3
Siland	1	1
Havørn	2 (vaksent par)	?
Tjeld	17	22
Fiskemåse	5 (1 rugande)	2
Svartbak	221 (42 rugande)	80
Gråmåse	53 (23 rugande)	30
Sildemåse	92 (36 rugande)	40
Terne	23 (4 rugande)	8
Teist	4	2
Kråke	2	2
Steinkobbe	2	
Nise	1	

Første oppteljinga av heile reservatet etter 2008. Det blei også talt opp i 2007, men før det må ein heilt tilbake til 1983 og 1984 for å finne dekkande opptellingar under gode vértilhøve. Dei største tala var i 1983, og samanlikna med no skil desse artane seg særleg ut: siland (220 ind. i 1983), tjuvjo (6 par), fiskemåse (160 reir), gråmåse (120 reir), svartbak (130 reir), ternar (over 1100 reir, 80% raudnebbterne).

Dette store området har eit stort tal øyar, holmar og skjer, og burde tilsynelatande kunne by på gode tilhøve for eit stort tal sjøfuglar. Det har det da også for mange år sidan, men for tida heng det litt etter i den forsiktige, men positive utviklinga vi har sett dei siste åra. Ingen ærfuglkull registrert er betegnande for situasjonen, men dessverre også typisk for fylket sett under eitt. Grågåsa ser ut til å ha funne seg ein fristad ved holmane i nord, lengst unna dei busette områda, men overslaget over hekkebestand er relativt laust fundert.

Ternekolonien låg på ein holme midt i Indrevær hamn, og såleis ikkje i reservatet. Langt dei fleste gråmåsane og så godt som alle sildemåsane blei registrert hekkande på Slåttøyna, ei ubebodd øy aust for Indrevær hamn, som heller ikkje er med i verneområdet. Alle måsane har auka sidan førre teljing, svartbaken faktisk også ut over nivået frå det isolerte "toppåret" 2007. Sildemåsen har truleg vore gjennom ei vellukka etablering i desse åra, og har passert gråmasen i tal.

For tjelden sin del blei det undervegs gjennom reservatet notert at arten var lett å oversjå om ein ikkje leita spesielt etter den, og at den truleg blei undervurdert med 50%. Overslaget på hekkande par tjeld er derfor dobla i høve til det talet notatane gav grunnlag for.

Toppskarv har visstnok aldri blitt funne hekkande i Indrevær, og talet på teist har vore relativt ustabilt (10 individ i 1983, 36 i 1984). I år såg vi fire, det er eit lite tal for eit så stort område med tilsynelatande bra hekkelassar. Dyr på beite: Ikkje notert.

To område sør for Indrevær som ikkje er verna, men likevel viktige for sjøfugl blei undersøkt i 2007 og 2008 for å sjekke eventuelle etterverknader av *Server*-forliset. Vi vidareførte desse tellingane i år :

Småsvalane

Ei gruppe skjer i grunt stortareområde. Ligg eksponert og har ikkje hekkefunksjon, men er eit viktig vinter- og myteområde.

	6.6.07, frå 12:45	13.6.08, frå 17:10	8.6.12, frå 08:10
Toppskarv	15	-	1
Ærfugl	240 (4 hoer)	160	14 (1 ho)
Svartand	-	175	-
Fiskemåse	-	-	2
Svartbak	20	1	2
Gråmåse	-	-	1

Storesvalane

Ei gruppe skjer i grunt stortareområde. Ligg eksponert og har ikkje hekkefunksjon, men er eit svært viktig vinter- og myteområde.

	6.6.07, frå 12:10	13.6.08, frå 17:30	8.6.12, frå 08:20
Toppskarv	22	17	35
Storskarv	5	-	2
Grågås	-	6	-
Ærfugl	555 (20 hoer)	480	104 (14 hoer)
Svartand	260	250	-
Tjeld	-	-	1
Fiskemåse	-	1	6
Svartbak	115	2	35
Gråmase	-	-	8
Sildemåse	15	-	-
Ubest. stormåse	140	-	-
Teist	2	-	-
Ubestemt sel	-	-	4

Desse to områda er spesielt viktige for ærfugl og svartand, men i år var det vesentleg færre fuglar å sjå enn det har vore til same tid på året tidlegare. Det låg relativt bra med ærfugl i Indrevær, men ikkje mange nok til å vege opp for endringa frå tidlegare år.

Vassøyane

Landareal 1870 da, sjøareal 4310 da

Ei øygruppe på om lag hundre øyar, holmar og skjer i den ytre skjergarden sør for Sognesjøen. Berggrunnen er devonsk konglomerat, og jordsmonnet svært grunt og fattig. Lynghei er dominerande vegetasjonstype. Det er fleire grunnområde rundt øyane, som er verna som naturreservat (våtmark) med tanke på trekkande og overvintrande fugl. Eit tarefelt heilt i vest gjer at det samlar seg ein heil del ærfugl og andre marine dykkender i området. Som hekkeområde har Vassøyane mindre verdi.

År	2007	2008*	2009*
Dato	9.6.	6.6.	13.6.
Toppskarv	10		2
Grågås			3
Ærfugl	850 (23 hoer)	320 (1 ho)	33 (2 hoer)
Svartand	15	160	
Tjeld			1
Svartbak	43 (20 par)		
Gråmase	1		
Lunde		1	

* Berre området ved Litle Oska i Vest talt opp. Dårleg ver i 2009.

Registrering 8.6.12, frå 08:55

	Observert	Overslag, hekkande par
Toppskarv	21	-
Storskarv	1	-
Ærfugl	36 hannar	-
Tjeld	2	2
Fiskemåse	5	2
Svartbak	11 (1 rugande)	4
Havert	1 + unge	
Nise	1	

Heile øygruppa har ikkje blitt talt opp etter 2007, vi nøgde oss med å sjekke den vestelege delen av området, ved Kvannskjeret og Litle Oska der flokkane av ærfugl og svartand som skal til å gå gjennom fjørfellinga, samlar seg for å beite i tareskogen. Observasjonstilhøva var rimeleg gode, så det var ingen tvil om at det var mindre ærfugl enn vanleg i området.

Sogneoksen

Landareal 27 da, sjøareal 110 da

Ligg sørvest i Sognesjøen, og består av Sogneoksen og dei to Kråkene. Sogneoksen er ein kuppelforma bergknaus som stadvis er dekt av eit tynt jordsmonn, og med ein relativt rik flora. Kråkene er låge og brukast som kvileplassar. Holmane er viktige kvileplassar for skarv, og for grågås på trekk, og av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, svartbak, gråmåse, sildemåse og raudnebbterne.

År	1995	2007	2008	2009	2010
Dato	7.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.
Toppskarv	10	1		5	1
Grågås	17 (1 par med ungar)	2 (1 par)		6 (1 par)	2 (1 par)
Ærfugl	275 (fleire ho m/ungar)	47 (6 hoer) 3 par	110 (8 hoer) 5 par	18 (7 hoer) 5 par	13 (7 hoer) 5 par
Tjeld	2 par	4 (2 par)	7 (4 par)		6 (4 par)
Fiskemåse		3 (1 par)			3 (2 par)
Svartbak	50-60 par	121 (25 par)	26 (10 par)	59 (30 par)	28 (15 par)
Gråmåse	160 par	186 (50 par)	62 (20 par)	62 (35 par)	118 (45 par)
Sildemåse		67 (31 par)	47 (20 par)	37 (25 par)	48 (25 par)
Teist	3				

Registrering 8.6.12, frå 9:15

Kråkene: Ikkje fugl. Sogneoksen: Grågås 3, siland 1, tjeld 1, svartbak 29 (4 rugande), gråmåse 53 (15 rugande), sildemåse 35 (10 rugande), kråke 1.

Sogneoksen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	3	1
Siland	1	1
Tjeld	1	1
Svartbak	29 (4 rugande)	8
Gråmåse	53 (15 rugande)	20
Sildemåse	35 (10 rugande)	15

Sjølve Sogneoksen er ein relativt liten holme, men den byr tidvis på gode tilhøve for hekkande måsar. I år avvik Sogneoksen frå dei fleste andre sjøfuglreservata i fylket ved at alle artar har gått tilbake. Som ved Timberøyholmane, det andre området med størst tilbakegang i fylket, låg det ein fritidsbåt med stangfiskarar ved reservatgrensa. Om dette var eit eingangstilfelle, eller om det ligg ein populær fiskeplass her, kjenner vi ikkje til. 16 av svartbakane låg på vatnet ved fiskebåten, og kan ha kome til utanfrå. Dyr på beite: Ikkje sett.

Ramsbarden

Landareal 86 da, sjøareal 87 da

Består av nordre Ramsbarden, ei øy søraust i Sognesjøen. Vegetasjonen er prega av lynghei, med nokre innslag av meir frodig flora prega av fuglegjødsling. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, svartbak, gråmåse, sildemåse og tjuvjo.

År	1995	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	7.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	
Grågås	2 par m/ungar		12 (2 par)			
Ærfugl		39 hannar				
Svartand		2				
Siland					1 hann (1 par)	
Tjeld	4 par	2 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)	2 (2 par)	2 (1 par)
Fiskemåse		5 (2 par)			1	
Svartbak	20 par	5 (3 par)	1	2	2 (1 par)	4 (2 par)
Gråmåse	320 par	35 (12 par)	3 (1 par)	3	2	

Registrering 8.6.12, frå 9:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	4	2
Tjeld	1	1
Svartbak	10 (2 rugande)	2
Gråmåse	3	2
Kråke	1	-

Ramsbarden har vore ein viktig gråmåsekoloni i fylket, men ikkje i dette tiåret. Sogneoksen har overtatt som hekkeplass, i alle fall inntil i år da hekkebestandane er halverte på Sogneoksen. Vegetasjonen er i fin tilstand. Dyr på beite: Ingen observert.



Sogneoksen naturreservat (Kråkene og Sogneoksen), Ramsbarden naturreservat (Nordre Ramsbarden), og Kvernøyna naturreservat

Kvernøyna

Landareal 907 da, sjøareal 520 da

Ei stor, låglendt øy (Store Kvernøyna) innanfor Ramsbarden, med lynghei, myr og bergknausar. Reservatet omfattar om lag fire femdelar av øya. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, stokkand, siland, orrfugl, tjeld, vipe, rugde, enkeltbekkasin, småspove, steinvendar, raudstilk, svartbak, gråmåse, fiskemåse, ternar og tjuvjo.

År	1995	2007	2008	2009	2010
Dato	6.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.
Toppskarv				1	
Grågås				4 (2 par)	4 (2 par)
Ærfugl		1 hann (2 par?)			
Tjeld		2 (1 par)		2	4 (1 par)
Fiskemåse	10-12 par	5 ungfuglar		2	
Svartbak	25 par	15 (5 par)	1 (1 par)	10 (2 par)	5 (2 par)
Gråmåse		2 (1 par)		2	
Hubro	1				

Registrering 8.6.12, frå 9:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	8 (4 kull dunungar)	5
Tjeld	3	2
Fiskemåse	1	-
Svartbak	7 (2 rugande)	2

Kommentar: Hekkebestandane var på eit lågt nivå på 90-talet, truleg på grunn av mink. Sjølv om øya er så stor at det ikkje er mogleg å få godt oversyn frå båt åleine, gjekk vi ikkje i land fordi området såg livlaust og daudt ut. Øya bør sjekkast nærare for å vurdere om lyngbrenning er nødvendig, men nokon stor auke i hekkebestanden er truleg uansett ikkje å vente med det første. I år registrerte vi fire grågåskull, det største talet blant sjøfuglreservata i fylket. Dyr på beite: Rundt 20 sauar.

Guleskjeret

Landareal 2 da, sjøareal 18 da

Ein liten holme i den indre skjergarden i Gulen, med noko varierande hekkebestand. Av påvist hekkande artar kan nemnast tjeld, svartbak, fiskemåse, raudnebbterne og makrellterne.

Registrering 9.6.10, frå 20:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1 (rugande)	1
Fiskemåse	3 (2 rugande)	2

Ikkje talt i 2011 eller 2012.

Oddeholmane

Landareal 70 da, sjøareal 334 da

Ligg ved sørspissen av Steinsundøya ytst i Sognesjøen, og består av om lag ti holmar og skjer med berg i dagen og strandeng. Av påvist hekkande artar er kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, gråmåse, svartbak og raudnebbterne.

År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	8.6.	12.6.	6.6.	14.6.	15.6.	9.6.	15.6.
Toppskarv		1					6
Grågås	10 (1 par m/ungar)	3				49 (2 par)	5 (1 par)
Ærfugl	35 (flest hoer)	2 hannar		3 (2 hoer) 1 par			
Siland						5 (2 par)	
Tjeld	4 par	4	3 (2 par)	7 (3 par)	10 (5 par)	29 (9 par)	8 (6 par)
Strandsnipe					1 (1 par)		
Fiskemåse		22 (3 par)	5 (3 par)	9 (3 par)	6 (3 par)	8 (4 par)	7 (4 par)
Svartbak	40 par	38 (15 par)	72 (25 par)	37 (5 par)	44 (15 par)	70 (15 par)	45 (15 par)
Gråmåse	230 par	70 (15 par)	59 (20 par)	54 (20 par)	37 (8 par)	64 (15 par)	90 (30 par)
Terne			4				
Kråke			1				

Registrering 8.6.12, frå ca. 10:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	17	5
Tjeld	9 (1 rugande)	6
Fiskemåse	6 (2 rugande)	4
Svartbak	43 (9 rugande)	15
Gråmåse	48 (17 rugande)	25

Hekkebestandane har halde seg nesten uforandra frå i fjor, sjølv om talet på observert rugande gråmåsar har minka litt (frå 26 til 17 individ).

Dyr på beite: Ingen observert.

Lihellene

Landareal 107 da, sjøareal 296 da

Reservatet er i tre delar, som omfatta ein større og tre mindre holmar og nokre skjer i Sognesjøen utanfor Dingja i Gulen. Eit myrområde på Store Lihella skil seg frå det elles grunne jordsmonnet på holmane. Systeinen og Store Lihella er elles graskledde, mens Smålihella lengst sør er dekt av lyng. Av registrert hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, svartbak, gråmåse, sildemåse, fiskemåse, raudnebbterne og teist.

År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	6.6.	12.6.	5.6.	14.6.	15.6.	9.6.	15.6.
Toppskarv	1	1	3			1	1
Grågås	13 (1 par+ m/ungar)	40	21 (6 par)	32 (5 par)	19 (2 par)	17 (3 par)	23 (3 par)
Ærfugl	21 (fl. ho m/ungar)	4 hoer	2 hannar 2 par	4 2 par	7 hoer 5 par	9 (6 hoer) 4 par	6 hoer 4 par
Siland	1 par		1 hann (1 par)		2		
Brunnakke	1 par						
Tjeld	3 par	2	4 (3 par)	7 (3 par)	8 (5 par)	8 (6 par)	7 (4 par)
Fiskemåse	340 par	38 (15 par)	63 (30 par)	38 (15 par)	4 (3 par)	11 (5 par)	7 (3 par)
Svartbak	70-80 par	116 (25 par)	77 (25 par)	47 (15 par)	68 (20 par)	56 (20 par)	50 (15 par)
Gråmåse	200 par	300 (30 par)	210+ (20 par)	222 (80 par)	250 (50 par)	240 (90 par)	284 (100 par)
Sildemåse	250 par	15	32+ (20 par)	36 (20 par)	220 (40 par)	50 (20 par)	42 (20 par)
Terne	20 par*		6		8 (2 par)**		1
Teist	2						
Kråke			2	3 (1 par)	3	2	1 (1 par)

*makrellterne **raudnebbterne

Registrering 8.6.12, frå 10:55

Smålihella: Siland 1, tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 20 (6 rugande), gråmåse 1, terne 2, kråke 2.

Store Lihella: Grågås 22, siland 2, tjeld 5, svartbak 2, gråmåse 220 (62 rugande), sildemåse 120.

Systeinen: Siland 2, fiskemåse 3, svartbak 30 (8 rugande), terne 2, teist 1.

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	22	2
Siland	5	3
Tjeld	6	4
Fiskemåse	4	2
Svartbak	52 (14 rugande)	20
Gråmåse	230 (62 rugande)	100
Sildemåse	135	50
Terne	4	-
Teist	1	1
Kråke	2	1

Dette området i Sognesjøen er for tida ein av dei beste hekkeplassane i fylket. Ein god del av gråmåsane, og så godt som heile sildemåsekolonien, hekkar i eit søkk inne på Store Lihella og er ikkje synlege frå sjøen. Ilandstiging er derfor nødvendig. Ved den innleiande teljinga frå båten registrerte vi 175 gråmåsar (62 rugande), talet på individ auka til 230 ved ilandstiging. For sildemåsen var tilsvarande tal 10 individ sett frå båten (ingen rugande), og 135 individ ved ilandstiging. Total reirleiting blei ikkje gjort, så talet på hekkande sildemåsepar er relativt laust basert på at nesten alle fuglane oppheldt seg nede i reirområdet før ilandstiging.

På Lihellene har sjøfuglane klart seg betre enn dei fleste andre stader dette tiåret, på same måte som ved Torsholmane litt lenger inne i Sognesjøen. Desse to områda står i relativt klar kontrast til områda lengst ute i Sognesjøen.

Dyr på beite: Sau på Store Lihella.

Torsholmane

Landareal 35 da, sjøareal 341 da

Tre holmar og nokre mindre skjer i Sognesjøen sør for Losna i indre Solund. Vegetasjonen er dominert av lyng og strandeng, men på Indre Torsholmen veks ein del lauvskog som inntil rydding i år har redusert tilgjengeleg hekkeareal for sjøfuglane. Av registrert hekkande artar kan nemnast tjeld, svartbak, gråmåse, sildemåse, fiskemåse, raudnebbterne, makrellterne og tjuvjo.

År	1995	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Dato	7.6.	12.6.	5.6.	14.6.	14.6.	9.6.	15.6.
Toppskarv	1	8		3	14		2
Grågås	1 par				2		2
Ærfugl	10 hoer (6 m/ungar)	1 hann		1 hann			
Siland	6	15	1 hann (1 par)				4 (2 par)
Stokkand				3 hannar			
Tjeld	2 par	7 (3 par)	4 (2 par)	11 (4 par)	4 (3 par)	6 (4 par)	5 (4 par)
Fiskemåse	30 par	66 (30 par)	68 (30 par)	150 (31 par)	136 (53 par)	118 (60 par)	230 (70 par)
Svartbak		60 (15 par)	90 (20 par)	73 (15 par)	51 (15 par)	32 (15 par)	35 (5 par)
Gråmåse		120 (30 par)	190 (40 par)	144 (40 par)	117 (30 par)	112 (60 par)	116 (55 par)
Sildemåse		12 (3 par)	4 (2 par)	7 (3 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	8 (3 par)
Terne		8 (3 par)		3 (1 par)		10 (4 par)	34 (30 par)
Teist						2 (1 par)	
Kråke			1	1	2	1	

Registrering 8.6.12 frå 11:55

Ytre Torsholmane: Toppskarv 4, tjeld 1, svartbak 39 (17 rugande), gråmåse 110 (57 rugande + dunungar sett), sildemåse 2 rugande, oter 1.

Indre Torsholmen: Siland 2, tjeld 2, fiskemåse 260 (63 rugande, 65 reirfunn), svartbak 2, gråmåse 1 reirfunn, sildemåse 3 (1 rugande, 4 reirfunn), terne 30 (11 rugande, 18 reirfunn).

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	4	-
Siland	2	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	260 (63 rugande, 65 reirfunn)	85
Svartbak	41 (17 rugande, 2 reirfunn)	20
Gråmåse	110 (57 rugande, 1 reirfunn)	60
Sildemåse	5 (3 rugande, 4 reirfunn)	6
Terne	30 (11 rugande, 18 reirfunn)	20
Oter	1	

Ilandstiging på Indre Torsholmen. Ved den innleiande opptellinga frå båten blei det registrert 105 fiskemåsar der (63 av dei rugande). Ved ilandstiging blei det derimot talt opp ”minst 250” individ, og gjort 65 reirfunn. Den tettast vegeterte midten av holmen blei ikkje sjekka, derfor er overslaget over hekkande par justert opp (fiskemåsane hekkar både på og under rotvelter frå tidlegare skogrydding, og inne i småvakse lauvkratt).

Måsane har delt dei tre holmane mellom seg: Fiskemåsane på Indre Torsholmen, svartbak (og nokre gråmåsar) på den sørlege av dei to Ytre Torsholmane, og gråmåse og år om anna nokre få sildemåse på den nordlege.

Indre Torsholmen blei rydda for skog vinteren 2008. Året før hadde det hekket 18 par fiskemåse på holmen og tilsynelatande ingen andre artar, da plassen i stor grad var opptatt av lauvskog rundt ei klynge buskfuru. Etter trefellinga i 2008 auka talet på fiskemåsereir til 31 same år, og terne og tjeld blei funne hekkande i tillegg. I 2009 hadde fiskemåsane auka vidare til 53 reir, og sildemåse og svartbak prøvde seg

også – og i 2010 blei det funne 60 fiskemåsereir på Indre Torsholmen. I fjor var hadde talet på individ dobla seg, men fullstendig reirtelling kunne ikkje gjennomførast på grunn av regn. I år heldt auken fram. Endringane viser klart at fjerning av skog og kratt er eit svært positivt tiltak, i alle fall så lenge tilhøva elles ligg til rette for hekking. Den observerte oteren låg og sov heilt ope på ytre Torsholmen, utan at nokre av måsane reagerte.

Dyr på beite: Ingen.

Observasjonar av sjøpattedyr

Under sjøfuglteljingane har det fortløpande blitt notert ned observasjonar også av sjøpattedyr. Tabellen under viser kva artar og tal som er registrerte i sjøfuglreservata under teljingane der.

Sjøpattedyr	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Totalt
Mink	-	-	-	-	-	1	-	-	-	1
Oter	4	5	1	2	6	3	5	4	4	34
Steinkobbe	53	115	2	40	107	76	93	41	101	628
Havert	-	3	1	2	6	2	-	12	38	64
Sel ubestemt	-	-	-	1	-	-	-	-	4	5
Nise	-	-	-	1	4	-	1	-	2	8
										740
Tal område undersøkt	27	36	23*	52	48	44	53	48	53	

** I 2003 hadde teljingane fokus på indre kyst og fjordane*



Oter blir registrert kvart år, og vesentleg oftare enn mink – som berre er sett ein gang på 9 år.

Resultat frå registrering av kullstorleik

Opplysningar om kullstorleik kan seie noko om tilhøva for dei hekkande fuglane, og er samla her for toppskarv og måsefuglar. Felles for desse er at sjøfugltellingane skjer i tida like før eller under klekking. For stormåsanane kan klekkinga vere godt i gang under tellingane. Fordi måseungane forlet reiret kort tid etter klekking og ein dermed ikkje kan avgjere om eit tomt reir har blitt klekt eller røva, og det dessutan er umogleg å vurdere kullstorleik, er det for måsanane **berre** tatt med reir med egg eller heilt nyklekte ungar.

Toppskarven sine ungar blir i reiret i fleire veker etter klekking, og for denne arten er det derfor mogleg å seie at reir som blir funne tome under tellingane er forlatt av foreldrefuglane og/eller tømt av eggrøvarar (dvs. ingen klekking). For denne arten er derfor alle reir som har vore i bruk, inkludert i tabellane. Kullstorleik 0 (null) betyr at reiret har vore i bruk, men er blitt tømt og forlatt. Tal reir viser til samla reirtal, hos toppskarv inkluderer dette også reir med ukjent innhald (gjennomsnittleg kullstorleik baserer seg naturleg nok berre på reir med kjent innhald).



Toppskarvreir med fire egg, som er største registrerte kullstorleik for denne arten i Sogn og Fjordane. Hos toppskarven blir ungane i reiret i fleire veker etter at dei er klekte, og kullstorleik er derfor relativt grei å fastslå også etter klekking. For t.d. måsefuglane er vi derimot avhengige av å telje egg eller heilt nyklekte ungar, for hos desse artane forlet ungane reiret kort tid etter at dei er klekte.

TOPPSKARV

Utvær NR

• Nordre Kvannskjeret

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
20.6.07 (9 reir)	2	-	4	3	-	2,11	(kråke: 15 egg frå Utværområdet)
13.6.08	kom ikkje på land						
15.6.09	kom ikkje på land						
10.6.10 (11 reir)	7	2	2	-	-	0,55	
21.6.11	kom ikkje på land						
7.6.12 (0 reir)	-	-	-	-	-		

• Begla

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
20.6.07 (57 reir)	5	8	14	16	-	1,95	+ 14 aktive reir med ukjent innhald
13.6.08 (52 reir)	5	4	14	12	1	2,00	+ 16 aktive reir med ukjent innhald
15.6.09 (53 reir)	5	1	20	16	-	2,12	+ 11 aktive reir med ukjent innhald
10.6.10 (59 reir)	7	4	9	11	-	1,77	+28 aktive reir med ukjent innhald
21.6.11 (51 reir)	-	2	13	13	-	2,39	+23 aktive reir med ukjent innhald
7.6.12 (29 reir)	1	3	4	8	1	2,29	+ 12 aktive reir med ukjent innhald

• Indre Steinsøya

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
20.6.07 (23 reir)	6	2	7	6	1	1,73	+ 1 aktivt reir med ukjent innhald
13.6.08 (17 reir)	3	1	6	7	-	2,00	
15.6.09 (17 reir)	3	3	6	5	-	1,77	
10.6.10 (0 reir)	-	-	-	-	-		
21.6.11 (0 reir)	-	-	-	-	-		
7.6.12 (1 reir)	1	-	-	-	-	0,00	

• Lyngholmen

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
20.6.07 (3 reir)	1	-	2	-	-	1,67
13.6.08 (3 reir)	-	-	2	1	-	2,33
15.6.09 (2 reir)	1	-	1	-	-	1,00
10.6.10 (0 reir)	-	-	-	-	-	
21.6.11 (0 reir)	-	-	-	-	-	
7.6.12 (0 reir)	-	-	-	-	-	

• Tusen

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
20.6.07 (3 reir)	-	-	-	2	-	3,00	+ 1 aktivt reir med ukjent innhald
13.6.08 (7 reir)	-	1	3	-	-	1,75	+ 3 aktive reir med ukjent innhald
15.6.09 (5 reir)	2	-	3	-	-	1,20	
10.6.10 (6 reir)	1	-	2	2	-	2,00	+ 1 aktivt reir med ukjent innhald
21.6.11 (2 reir)	-	-	1	1	-	2,50	
7.6.12 (4 reir)	-	-	2	-	-	2,00	+ 2 aktive reir med ukjent innhald

Utvær samla, berre reir med kjent innhald

(snitt i parentes til høgre er utan tome reir, dvs ikkje medrekna predasjon)

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
2007 (79 reir):	14	10	27	27	1	1,89	(2,29)
2008 (60 reir):	8	6	25	20	1	2,00	(2,31)
2009 (66 reir):	11	4	30	21	0	1,92	(2,31)
2010 (47 reir):	15	6	13	13	0	1,51	(2,22)
2011 (30 reir):	0	2	14	14	0	2,40	(2,40)
2012 (20 reir):	2	3	6	8	1	2,15	(2,39)

Gåsvær NR

• Skjerdingen

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07 (4 reir)	1	-	1	2	-	2,00
13.6.08	kom ikkje på land					
15.6.09 (2 reir)	-	-	2	-	-	2,00
10.6.10 (4 reir)	1	-	1	1	-	1,67
21.6.11	kom ikkje på land					
6.6.12 (4 reir)	1	-	2	-	-	1,33

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

• Kråkesteinen

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07	kom ikkje på land					
13.6.08 (8 reir)	2	-	-	6	-	2,25
15.6.09 (5 reir)	1	1	2	1	-	1,60
10.6.10 (1 reir)	1	-	-	-	-	0,00
21.6.11 (3 reir)	-	-	2	1	-	2,33
7.6.12 (1 reir)	-	-	-	-	-	

Ukjent innhald i reiret

• Lægdesteinen

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07 (13 reir)	-	2	2	9	-	2,54
13.6.08 (10 reir)	-	1	3	6	-	2,50
15.6.09 (14 reir)	2	1	6	5	-	2,00
10.6.10 (0 reir)	-	-	-	-	-	
21.6.11 (10 reir)	2	1	5	2	-	1,70
7.6.12 (8 reir)	-	1	3	2	1	2,43

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

• Fugleplitten

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07 (24 reir)	1	5	6	12	-	2,21
13.6.08 (22 reir)	2	1	5	14	-	2,41
15.6.09 (23 reir)	3	1	3	15	1	2,43
10.6.10 (27 reir)	5	1	8	10	3	2,19
21.6.11 (33 reir)	2	8	19	4	-	1,76
7.6.12 (22 reir)	1	3	7	8	3	2,41

• Storeplitten

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07 (4 reir)	-	2	1	1	-	1,75
13.6.08 (1 reir)	-	-	1	-	-	2,00
15.6.09 (2 reir)	-	-	1	1	-	2,50
10.6.10 (4 reir)	-	-	-	2	-	3,00
21.6.11 (7 reir)	-	3	3	-	-	1,50
7.6.12 (6 reir)	-	-	2	3	-	2,60

+ 2 aktive reir med ukjent innhald

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

• Lyngøy

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt
19.6.07 (22 reir)	1	3	4	14	-	2,41
13.6.08 (37 reir)	2	7	10	16	-	2,14
15.6.09 (31 reir)	1	-	14	14	1	2,47
10.6.10 (38 reir)	4	7	15	10	2	1,97
21.6.11 (18 reir)	2	6	5	4	-	1,65
7.6.12 (37 reir)	2	3	8	17	1	2,11

+ 2 aktive reir med ukjent innhald

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

+ 1 aktivt reir med ukjent innhald

+ 2 aktive reir med ukjent innhald

Gåsvær samla, berre reir med kjent innhald

(snitt i parentes til høgre er utan tome reir, dvs utan predasjon)

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
2007 (68 reir):	3	12	15	38	0	2,29	(2,40)
2008 (76 reir):	6	9	19	42	0	2,28	(2,47)
2009 (76 reir):	7	3	28	36	2	2,30	(2,54)
2010 (71 reir):	11	8	24	23	5	2,04	(2,42)
2011 (69 reir):	6	18	34	11	0	1,72	(1,89)
2012 (68 reir):	4	7	22	30	5	2,37	(2,45)

Moldvær NR

• Storøyna

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
19.6.07 (65 reir)	24	7	11	21	2	1,54	(kråke: 120 egg frå heile Moldvær)
12.6.08 (51 reir)	12	1	18	17	-	1,83	+ 3 aktive reir med ukjent innhald
14.6.09 (33 reir)	6	4	8	15	-	1,97	
10.6.10 (31 reir)	-	3	6	15	1	2,44	+6 aktive reir med ukjent innhald
8.6.11 (41 reir)	2	3	12	18	2	2,41	+ 4 aktive reir med ukjent innhald
6.6.12 (32 reir)	5	7	6	11	1	1,87	+ 2 aktive reir med ukjent innhald

• Kvannskjeret

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
19.6.07 (5 reir)	-	-	2	3	-	2,60	
12.6.08 (9 reir)	-	-	4	5	-	2,56	
14.6.09 (5 reir)	-	-	3	2	-	2,40	
10.6.10 (10 reir)	1	1	2	6	-	2,30	
8.6.11 (9 reir)	1	2	2	3	-	1,88	+ 1 aktivt reir med ukjent innhald
6.6.12 (7 reir)	2	1	-	4	-	1,86	

• Klubben

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
19.6.07 (26 reir)	10	2	5	8	1	1,54	(kråke: 120 egg frå heile Moldvær)
12.6.08 (25 reir)	9	3	6	7	-	1,44	
14.6.09 (8 reir)	1	2	3	2	-	1,75	
10.6.10	ikkje undersøkt						
8.6.11 (9 reir)	1	1	-	6	-	2,38	+ 1 aktivt reir med ukjent innhald
6.6.12 (5 reir)	-	-	3	2	-	2,40	

Moldvær samla, berre reir med kjent innhald

(snitt i parentes til høgre er utan tome reir, dvs utan predasjon)

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
2007 (96 reir):	34	9	18	32	3	1,59	(2,47)
2008 (82 reir):	21	4	28	29	0	1,79	(2,41)
2009 (46 reir):	7	6	14	19	0	1,98	(2,33)
2010 (35 reir):	1	4	8	21	1	2,49	(2,56)
2011 (53 reir):	4	6	14	27	2	2,32	(2,51)
2012 (42 reir):	7	8	9	17	1	2,21	(2,46)

Senholmen NR

Kullstorleik	0	1	2	3	4	snitt	
14.6.08 (25 reir)	3	3	11	8	-	1,96	(2,23)
16.6.09 (20 reir)	-	2	6	12	-	2,50	(2,50)
10.6.10 (17 reir)	6	1	4	6	-	1,59	(2,45)
22.6.11 (16 reir)	3	2	6	2	-	1,25	(1,54) + 3 akt. reir med ukj. innhald
8.6.12 (17 reir)	1	1	7	8	-	2,29	(2,38)

FISKEMÅSE

Torsholmane NR (indre Torsholmen)

Kullstorleik	1	2	3	4	snitt	
14.6.08 (28 reir)	6	6	16	-	2,36	1 kull forlatt reiret + 2 tome reir
14.6.09 (50 reir)	4	13	33	-	2,58	1 kull forlatt reiret + 2 tome reir
9.6.10 (58 reir)	3	16	39	-	2,62	1 kull klekt (ikkje forlatt reiret) + 2 tome reir
15.6.11 (29 reir)	4	7	17	1	2,52	berre 1/3 av kolonien talt (regn), 4 tome reir
8.6.12 (56 reir)	7	16	33	-	2,46	1 kull forlatt reiret + 8 tome reir

Krokholmen NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
14.6.09 (26 reir)	4	6	16	2,46	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 3 tome reir
9.6.10 (17 reir)	1	1	15	2,82	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 4 tome reir
14.6.11	ikkje talt (regn)				
8.6.12	ikkje talt				

Kvannholmen NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
14.6.09 (29 reir)	5	9	15	2,34	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 8 tome reir
9.6.10 (27 reir)	-	4	23	2,85	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 1 tomt reir
14.6.11 (13 reir)	1	5	7	2,46	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 3 tome reir
9.6.12 (24 reir)	6	5	13	2,29	på slutten av rugetida, ingen ungar sett. 3 tome reir

SVARTBAK

Ryggsteinen NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (4 reir)	-	3	1	2,25	på slutten av rugetida, ingen ungar sett
16.6.09 (14 reir)	2	11	1	1,93	klekking, nokre ungar ute av reira. 7 tome reir
10.6.10	ungane ute av reira				
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
6.6.12 (3 reir)	-	3	-	2,00	

Moldvær NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (6 reir)	2	2	2	2,00	på slutten av rugetida, ingen ungar sett
14.6.09 (9 reir)	ungane ute av reira				
10.6.10	ungane ute av reira				
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
6.6.12 (5 reir)	-	2	3	2,60	klekking, nokre ungar ute av reira. 7 tome reir

Gåsvær NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (14 reir)	7	4	3	1,71	på slutten av rugetida, ingen ungar sett
16.6.09 (12 reir)	5	6	1	1,67	klekking, nokre ungar ute av reira
9.6.10	ungane ute av reira				
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
6.-7.6.12 (5 reir)	1	3	1	2,00	klekking, 6 tome reir

Utvær NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (10 reir)	2	5	3	2,10	på slutten av rugetida, ingen klekt. 6 tome reir
15.6.09 (2 reir)	1	1	-	1,50	klekking, nokre ungar ute av reira
9.6.10 (3 reir)	1	2	-	1,67	klekking, nokre ungar ute av reira
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
7.6.12 (7 reir)	2	4	1	1,86	klekking, nokre ungar ute av reira. 8 tome reir

GRÅMÅSE

Torsholmane NR (ytre nordre Torsholmen)

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
14.6.08 (18 reir)	3	10	5	2,11	klekking, 36 ungar klekt, 4 av dei daude
14.6.09	Ikkje talt				
10.6.10	Ikkje talt				
8.6.11	Ikkje talt				
8.6.12	Ikkje talt				

Gåsvær NR

• Kråkesteinen

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (21 reir)	9	8	4	1,76	klekking akkurat begynt. 3 tome reir
16.6.09 (4 reir)	2	2	-	1,50	klekking, nokre ungar ute av reira. 3 tome reir
9.6.10 (7 reir)	-	2	5	2,71	klekking, nokre ungar ute av reira
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
7.6.12 (6 reir)	3	-	3	2,00	klekking, nokre ungar ute av reira. 10 tome reir

• Lægdesteinen

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (34 reir)	13	12	9	1,88	klekking akkurat begynt
16.6.09 (16 reir)	5	6	5	2,00	klekking, nokre ungar ute av reira. 2 tome reir
9.6.10 (4 reir)	1	1	2	2,25	klekking, nokre ungar ute av reira
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
7.6.12 (12 reir)	1	6	5	2,33	klekking, nokre ungar ute av reira. 11 tome reir

• Lyngøy

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (20 reir)	5	13	2	1,85	klekking akkurat begynt
16.6.09 (12 reir)	6	3	3	1,75	klekking, nokre ungar ute av reira
9.6.10 (3 reir)	-	1	2	2,67	klekking, nokre ungar ute av reira
8.6.11	reir ikkje artsbestemt				
7.6.12 (8 reir)	1	6	1	2,00	klekking, 2 tome reir

SILDEMÅSE

Gåsvær NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
13.6.08 (7 reir)	1	3	3	2,29	
16.6.09 (21 reir)	3	9	9	2,29	på slutten av rugetida, eit kull klekt. 3 tome reir
9.6.10 (9 reir)	-	4	5	2,56	
21.6.11 (5 reir)	2	2	1	1,80	
7.6.12 (15 reir)	2	5	8	2,40	2 tome reir

Moldvær NR

Kullstorleik	1	2	3	snitt	
12.6.08 (32 reir)	5	14	13	2,25	rugetid, ingen ungar sett. 4 tome reir
14.6.09 (24 reir)	5	10	9	2,17	på slutten av rugetida, eit kull på 2 klekt. 7 tome reir
10.6.10 (42 reir)	5	7	30	2,60	rugetid, ingen ungar sett. 2 tome reir
8.6.11 (5 reir)	3	1	1	1,60	kolonien tømt av eggssamlarar (?). 21 tome reir
6.6.12 (10 reir)	3	5	2	1,90	rugetid, ingen ungar sett. 6 tome reir

MAKRELLTERNE

Karsskjeret NR

Kullstorleik	1	2	3	4	snitt	
15.6.08 (41 reir)	15	18	7	1	1,85	begynnelsen av rugetida

Kvannholmen NR

Kullstorleik	1	2	3	4	snitt	
14.6.11 (4 reir)	3	1	-	-	1,25	begynnelsen av rugetida

RAUDNEBBTERNE

Gåsvær NR

<u>Kullstorleik</u>	<u>1</u>	<u>2</u>	<u>3</u>	<u>4</u>	<u>snitt</u>	
16.6.09 (29 reir)	17	10	2	-	1,48	begynnelsen av rugetida
6.6.12 (6 reir)	2	4	-	-	1,67	begynnelsen av rugetida

Torsholmane NR

<u>Kullstorleik</u>	<u>1</u>	<u>2</u>	<u>3</u>	<u>4</u>	<u>snitt</u>	
15.6.11 (25 reir)	2	18	5	-	2,12	begynnelsen av rugetida. 2 tome reir
6.6.12 (18 reir)	-	10	8	-	2,44	begynnelsen av rugetida

Moldvær NR

<u>Kullstorleik</u>	<u>1</u>	<u>2</u>	<u>3</u>	<u>4</u>	<u>snitt</u>	
6.6.12 (9 reir)	3	4	2	-	1,89	begynnelsen av rugetida



Nyklekt gråmåseunge i eit kull på tre. På høgre side av dei to eggja er ungane i ferd med å hakke seg den første opninga.

Utvikling i hekkebestandane av utvalde artar

Vi viser her utviklinga i hekkebestandane av fire utvalde sjøfuglartar i perioden frå 1978 til 2010, med tal frå år da det blei gjort meir eller mindre fylkesdekkande undersøkingar (Godø 1978, 1979, 1983, 1984, 1995, 2000, Larsen 2005a, 2005b, 2006, 2007, 2008, 2009, 2010, denne rapporten).

Teljingane i 1978, 1983 og 1984 blei gjort i samband med utarbeidinga av verneplanen for sjøfugl (Godø 1991), og dekkjer heile fylket med berre nokre få unntak. Teljingane i 1979 og 2000 dekkjer berre den nordlege delen av fylket frå Selje til Askvoll. I sesongane 1994/95 og 2003/04 blei fylket delt opp slik at den nordlege delen (Selje-Bremanger) blei talt opp første året, og resten av fylket året etter. Teljingane viser at åra 1994 og 1995 var ganske like for dei fleste artar, og i tabellane under er dei to åra slått saman i kolonna 1995. Teljingane i 2003 og 04 kan derimot ikkje slåast saman, fordi teljingane i 2003 blei gjort ein månad seinare enn alle dei andre, og det etter alt å dømme har skjedd ein drastisk reduksjon i næringstilgangen for sjøfuglane forut for hekkesesongen 2004. Teljingane frå 2003 omfatta dessutan få lokalitetar, og er ikkje brukt her.

Tabellane viser alle kjente hekkelassar for toppskarv og teist, og dei viktigaste for gråmåse og ternar.




Verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane hadde som siktemål m.a. å verne alle kjente hekkelassar for toppskarv i fylket. Det hekkar i dag berre svært få skarvepar utanom reservata, men dessverre kan ikkje vernestatusen hindre næringsmangelen i havet.

Toppskarv

(tal reir)	? usikkert tal				- ikkje observert hekkande				() reservatet blei ikkje talt					
Reservat	1978	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Høgfjellet	10	-	-	<10				-		2				
Einevarden	15-20	20	5	?	-		15		2-4	20	10	5-10	5	5
Stallbrekka		5+	5-6	-	-		?		5?	5	5	-	1	10
Klovningen	-	-	5	-			15-20		2-4	5	5	5	?	2
Veststeinen	13	37	23	80			10		3	2?	-	-	5?	5
Ytterøyane	-		-	2?	35	29	20-30		10	5	5-10	-	10	10
Kvalsteinane	-	-	-	-	-	-	-		2	-	-	-	-	-
Moldvær	20	36	61	300		54	165		97	85	50	50	65	50
Ryggsteinen	38	26	74	324	63	70	67		3	2	1	-	-	2
Håsteinen	2	-	4	-		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Senholmen		-	-	-	?	10-15	19		17	25	20	17	16	17
Skardholmen	3	13	12	7+		15-30?	15-20		10-15	15	15	5	5-10	5-10
Gåsvær	199	128	142	85		10-15	26	36	70	85	65	75	80	85
Utvær	130	289	281	190		40-60	49	83	105	90	85	80	75	45
Totalbestand	435	555	615	995			410		330	351	265	240	265	239

Verneplanen for sjøfugl som blei vedtatt i 1993 hadde som mål m.a. å sikre alle hekkeplassar for toppskarv i Sogn og Fjordane, og med unntak for nokre ustabile førekomstar ved Stad og ein i Solund viser tabellen alle kjente hekkeplassar i fylket.

Med nokre unntak er alle hekkeplassane talte opp i 1978, 83, 84, 95, 05, 07, 08, 09, 10, 11 og 12 (fleste unntak for Høgfjellet, som ikkje har nokon fast hekkebestand). Teljingane viser auke fram til og med 1995 i nord, mens det i sør (Solund, med Gåsvær og Utvær) skjedde ein ganske markert nedgang frå 80-talet til 1995. Fylket sett under eitt er likevel 1995 toppåret, på grunn av ein formidabel hekkebestand i Askvoll (Moldvær og Ryggsteinen). Nedgangen i hekkebestanden i tiårsperioden frå 1995 til 2005 er tydeleg i dei større koloniane både i Askvoll og Solund (men merk at talet for Gåsvær i 2004 er sterkt undervurdert, og i 2005-06 berre viser om lag halve hekkebestanden). Etter 2005 auka hekkebestanden i Solund fram til og med 2007, og har deretter halde seg ganske stabil fram til nedgangen i Utvær i år. Hekkebestanden i Askvoll og den nordlege delen av fylket har derimot vore minkande og ustabil etter 1995, i ein slik grad at den samla hekkebestanden av toppskarv i Sogn og Fjordane er på veg nedover.



Utvikling i talet på hekkande par (reir) av toppskarv i alle 14 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane med koloniar av arten. Berre år med bortimot fullstendig telling av alle kjente hekkeplassar er tatt med.

Tabellen under viser gjennomsnittleg kullstorleik for toppskarv i fire hekkeområde. Tome reir er ikkje inkludert i utrekning av snittet, for at lokale variasjonar i eggpredasjon ikkje skal kamuflere dei sesongmessige variasjonane i kullstorleik.

	Utvær	Gåsvær	Moldvær	Senholmen
2007	2,29	2,40	2,47	-
2008	2,31	2,47	2,41	2,23
2009	2,31	2,54	2,33	2,50
2010	2,22	2,42	2,56	2,45
2011	2,40	1,89	2,51	1,54
2012	2,39	2,45	2,46	2,38

Hekkeområda er ikkje særleg godt ”samkøyrt” når det gjeld variasjon i kullstorleik frå sesong til sesong. For dei to Askvollområda ser vi t.d. at Senholmen har sin dårlegaste sesong når Moldvær har ein av sine beste, og omvendt. Utvær har på same måte sin beste sesong når Gåsvær har sin dårlegaste. Av rådataene i kapitlet foran går det likevel fram at kullstorleiken stort sett følgjer same utvikling på dei ulike holmane som utgjer kvart enkeltområde.

Dette tyder på at faktorar *innanfor* kvart område/reservat påverkar kullstorleiken i temmeleg stor grad. Næringstilgang er ein av dei faktorane som påverkar kullstorleik hos mange fugleartar, og det er dermed nærliggande å konkludere med at toppskarven sin hekkesuksess ikkje berre er påverka av den dårlege næringstilgang i Nordjøn generelt, men også av høgst lokale, næringsrelaterte faktorar innanfor kvart enkelt hekkeområde.

Toppskarven sin næring ved hekkeplassen

Under teljingane i 2011 blei det samla inn gulpebollar frå to av toppskarven sine hekkeplassar i Gåsvær (i 2012 var det lite gulpebollar å finne, fordi nesten ingen skarvekull hadde klekt da teljingane blei gjennomført). Gulpebollane inneheld otolittar (øyrestein) og andre ufordøyde delar av fisk som skarvane har spist, og otolittane kan artsbestemast med lupe. Grethe Hillersøy i Statens Naturoppsyn undersøkte tre gulpebollar frå Fugleplitten og fire frå Lyngøy, og fann følgjande innhald:

Fugleplitten 1:	1 sei, 2 sypike og 2 leppefisk.
Fugleplitten 2:	1 manglebørsteorm, 11 sei, 3 sypike, 1 torsk, 6 leppefisk (blant desse ein bergnebb og to blåstål) og 1 ubestemt fisk.
Fugleplitten 3:	1 sei og 12 leppefisk.
Lyngøy 1:	7 sei, 7 ubestemte torskefisk, 1 dvergulke, 1 tangsprell og 3 leppefisk (blant desse ein blåstål).
Lyngøy 2:	8 sei.
Lyngøy 3:	3 sei, 9 ubestemte torskefisk og 21 grønngylt.
Lyngøy 4:	5 sei, 6 leppefisk (blant desse 4 bergnebb og 1 grønngylt) og 2 ubestemte fisk.

Undersøkinga tyder på at småsei og leppefisk er den viktigaste næringa for toppskarvane i Gåsvær. Seien var stort sett av årsklasse 1, men gulpebollane var samla inn såpass tidleg i sesongen at det er vanskeleg å seie kor mykje 0-år gamal sei toppskarvane et i løpet av hekkesesongen. Både småsei og leppefisk er typiske bebuarar i stortareskog, og det er dermed ikkje tvil om at toppskarven i Gåsvær finn mykje av næringa si i tareskogen.


Taretråling som forklaring på variasjon i kullstorleik og hekkebestand hos toppskarv?

Taretråling er truleg den viktigaste, om ikkje den einaste, lokale faktoren som påverkar næringstilgang for sjøfuglar som finn mykje av maten sin i tareskogen. Av dei fire reservata i tabellen øvst på denne sida er det berre i Gåsvær det er opna for taretråling. Haustinga skjer med fem års mellomrom i kvart haustefelt, og

Gåsvær med næraste omland er delt i fire slike. Dette gjer det vanskeleg å vurdere i kva grad tarehaustinga påverkar hekkebestand og kullstorleik, for tareneringa har så langt avvist å offentleggjere data om når på året dei gjennomfører hausting, og kor mye som blir hausta. I sjøfuglreservat som frå år til år blir påverka av hausting i fleire ulike tarefelt etter kvarandre, blir truleg påverknaden meir eller mindre konstant.

Senholmen peikar seg ut som eit lite reservat som ligg omgitt av eit større tarefelt. Skarvane er med andre ord nøyddde til å finne mat utanfor reservatgrensene, i taretrålte område. Felt 32E, der Senholmen ligg, blei hausta ein gang mellom 1.9.2010 og 1.9.2011, dvs. rundt hekkesesongen i 2011. Dette er på same tid som kullstorleiken er den lågaste som er registrert. Tal hekkande par i 2011 er også på det lågaste, men ikkje nemneverdig mindre enn året før og året etter.

Også for Gåsvær er det eitt enkelt år som skil seg ut med særleg liten kullstorleik. Også her dreier det seg om 2011, og dette er året etter at det blei hausta tare i sørlege del av reservatet (næringsområde for skarv på øygruppene Steinane, Plittane og Lyngøy). Om det blei hausta før eller etter hekkesesongen i 2010 veit vi ikkje, fordi tareneringa ikkje vil offentleggjere haustingsdata. Fiskeridirektoratet på si side seier at dei ikkje har tilgang til tilstrekkeleg detaljerte data.



Innhaldet i fire gulpebollar av toppskarv frå Lyngøy (venstre) og tre gulpebollar frå Fugleplitten (høgre) i Gåsvær naturreservat, artsbestemt frå otolittar av Grethe Hillersøy, SNO.



Bergnebb (den minste av leppefiskane) fanga og brakt i land på ein hekkeplass, men etter alt å døme mista like førden nådde målet. Leppefisk ser ut til å utgjere nesten halvparten av næringa for toppskarven i Gåsvær.

Teist

(p = par, elles individ)	? usikkert tal				- arten ikkje observert				() ikkje talt					
Reservat	1978	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Høgfjellet		-	-	2-3p	-			-		11				
Sildekruna	-	2p	-	-	-			-	-	-	1	-	2	2
Lysholmen		2p	-	-	-			-	-	2	2	-	2	-
Flatholmen	-	-	-	-	-			-	-	-	1	-	-	-
Einevarden	-	-	8	-			-		4	10	-	-	2	2
Stallbrekka	-	-	-	2-4?			-		-	6	5	-	-	6
Klovningen	16	17	8	-			9		-	1	10	8	11	14
Veststeinen	-	14	-	-			2		9	6	9	-	5	1*
Vengane	-	-	4		-	-	1	-	-	-	-	-	-	-
Frøyskjera	2	-	10			2	-		-	-		-	-	-
Rognane	6	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovdefjell	-	-	-	-	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Aralden						-	4		4	1		-	5	-
Ytterøyane	43		2*	-		1	5		4	-	10	7	10	1
Kvalsteinane	6	-	12	-	12	-	1		8	2	9	6	9	14
Smelvær	5	-	6	3	-	-	-		-	1		-	-	-
Trefotskjera				-	-		-		-	3	-	-	2	2
Moldvær	5+	20	65	25		30	30		14	28	20	20	15	12
Ryggsteinen	4	46	120			15	25		5	13	-	2	5	11
Håsteinen	13	11	85	10		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Svarteskjeret	1	-	8	-		-		-	-			-		
Senholmen		2	4	2-3	-*	8	11		11	9	3	2	4	-
Skardholmen		-	-	-		-	2-3		-	3	1	-	-	-
Raudøy		-	2	-	-	1	-		-	-	-	-	-	-
Krokholmen		-	2	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-
Sakrisøy	1	-	7	-		-	2		-	2	5	-	-	-
Ønaholmane		3	8					-	-	-	-		-	-
Gåsvær	30	46	115	~20		-	13	17	5	6	15	9	9	13
Mågøyane		-	-	-				-	1	-		-		
Utvær	30+	105	65	-*		4	8	5	15	18	7	16	5	8
Indrevær	-	10	36	-*		-			5	-	-	-		4
Vassøyane	1	-							-	-	-			-
Sogneoksen	3	-	-	3					-	-	-	-		-
Oddeholmane		2	-	-		-		-	-	-	-	-	-	-
Torsholmane		5	-	-				-	-	-	-	2	-	-
Lihellene	1	-	5	2				-	-	-	-	-	-	1

* dårleg ver


Tabellen over viser dei fleste registrerte hekkeplassar for teist i fylket, mens figuren på neste side viser hekkebestanden gjennom åtte sesongar i 16 reservat som alle er talt opp i desse åra (reservata er skrivne med blått i tabellen). Det går fram av tabellen at bestanden av teist på enkeltlokalitetar i hekketida kan

varierte ein heil del frå år til år, og t.d. blei individtalet mange stader meir enn dobla eller halvert på eitt år mellom 1983 og 1984. Dette kan ha samanheng med at teljingane ikkje er gjennomført etter den beste prosedyren for denne arten (morgonteljingar i mai), men har måtte skje som del av ein samla og konsentrert innsats på ei tid da sjøfuglteljingane gir brukbare data for flest mogleg artar.

Uavhengig av metodikk er det likevel klart at det skjedde ein markert nedgang i hekkebestanden i fleire lokalitetar mellom 1984 og 1995. Tala frå viktige lokalitetar indikerar ein nedgang i hekkebestanden av teist på 60-90% frå midten av 80-talet til midten på 90-talet. Dette er på om lag same tid som ternene gjekk sterkt tilbake. Både teist og ternar fiskar på relativt grunt vatn, og kanskje har begge blitt ramma av ein reduksjon i bestandane av småfisk i fjøresonen (ei fiskegruppe som havforskarane har lite data om). Merk at figuren under viser eit lågare tal enn reelt for 1995, da dårleg ver hindra teljing av teist i Utvær. Dersom bestanden der endra seg på same måte som i resten av fylket frå 1984 til 1995, kan den ha vore på truleg rundt 20 par i 1995. Dette hadde ikkje gitt store utslag i figuren under.

Våre egne teljingar frå 2004 og framover viser meir stabile tal, men på eit lågare nivå enn tidlegare teljingar. Den forsiktige framgangen i 2008 skuldast i hovudsak at det blei registrert fleire teist enn vanleg nord i fylket, ein trend som heldt seg også i 2009. Men talet på teist gjekk ned sør i fylket, og i fjor omfatta denne nedgangen heile fylket. I fjor og i år har vi funne teisten spreidd meir jamt utover enn før, og dei tidlegare "kjerneområda" for arten i Askvoll og Solund skil seg ikkje lenger så mye ut.

Frå i fjor til i år er det for *alle* undersøkte hekkeplassar i fylket nedgang ved seks, stabilt i tre og auke i åtte, og det samla talet på registrerte individ auka frå 86 til 94.



Utvikling i talet på teist (individ) i 16 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane. Reservata er valde ut på grunnlag av at dei er kjende hekkeplassar for teist og har blitt talde opp alle dei gjeldande åra (blå skrift i tabellen ovanfor). 1978 er ikkje med, fordi det for to viktige lokalitetar (Moldvær og Utvær) er oppgitt "5+" og "30+" individ, som kan bety så mangt.

Gråmåse


(hekkande par)	? usikkert tal					- arten ikkje observert					() ikkje talt			
Reservat	1978/79	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Flatholmen	31 ⁷⁹	20	45	75	100			40	70	80	30	55	55	55
Sildekruna	225 ⁷⁹	470	435	350	400			120	130	90	40	75	125	95
Lysholmen	8 ⁷⁹	20	15-20	150	30			15-20	10	3-4	5	20	15	15
Stallbrekka	-	10	30	100			20		30	25	10	18	15	20
Klovningen	-	110	5	10			25-30		60	25	15	20	23	22
Veststeinen	16	90	80	5-600			25		60	15	15	20	25	20
Tennøyane	53 ⁷⁹	140	110	60	120			48	70	25	70	10	25	20
Vengane	-	6	11		20?	3-4	2-4	6	7	2	3	12	15	14
Frøyskjera	15**	85	80			2-5?	20		40	12		30	35	25
Hovdefjell	1050 ⁷⁹	900	600	1200	1500	25	20	170?	140	10	10	45	40	40
Indre-Ånnøy	110 ⁷⁹	110	30	60-70	20		1		1	-	1	-	-	-
Nekktøtta	29 ⁷⁹	2-3	-	-	-		1		-	-	-	-	-	-
Ytterøyane	35**	- *	- *	215		0-3?	5-10		35	4-5	10	25	20	15
Kvalsteinane	-	80	41	350	350	2-5?	15-20		30	15	2	20	15	16
Gulholmen		15	30	50	100	-	8		20	10		12	20	10
Trefotskjæra	-	-		40		1-2?	1?		1	-	1	-	-	-
Smelvær	80/110	65	60	30	-	-	1-2		-	2		12	1	5
Moldvær	15	100+	52	250		5-10?	10-15		45	15	25	35	35	40
Ryggsteinen	10	12	-			-	2-5		5	3	3	5	5	1
Håsteinen	86	35	25	-		-	2-5?	5-10	10	4	4	7	6	10
Svarteskjeret	13	15	20	4-5		1-2?		2?	-			-		
Kuøyna	40/45	60	65	15		-	-		-	-	-	1	2	2
Senholmen	20	-	3	45	80-100	20?	15-20		50	-	6	8	28	35
Skardholmen	110	180	120	200		5-10?	20		70	20	15	25	15	20
Raudøy		70	175	350	200	50-100	70-90		100	20	40	30	10	20
Krokholmen		14	45	-	30	-	1?		-	-	-	-	5	-
Prestøy		150	55	-	-	-	-		-	-	-	-	-	1
Kvitingane	-	-	-	-		2-5?	-		-	-	-	-	3	-
Myrbærskjera	30	35	125	220	-	2-5?	11		70	35	10	45	30	75
Sakrisøy	20	70	80	-			6		3	-	-	-	-	-
Gåsvær	136	160	225	500		5-15?	15-20	35	60	120	50	60	75	90
Mågøyane	50	25	55	-				1?	-	-		2		
Utvær		40	90	90	200-250*	10-20	5-10	30	30	25	20	25	25	10
Indrevær	70	120	30	- *		2-3?			30	15				25
Oddeholmane		30	20	230		2-3?		13	20	20	10	15	30	25
Torsholmane		22	40	-				29	40	40	30	60	55	60
Ramsbarden		60	40	320					12	1	-	-	-	2
Sogneoksen	-	5	25	160					50	20	35	45		20
Kvernøyna	45	55	30	-					1	-	-	-		-
Lihellene	60	80	75	200				30	80	80	50	90	100	100

* dårleg ver


** gjeld berre delar av reservatet

Tilnærma fylkesdekkande teljingar finst dessverre ikkje for alle åra i tabellen over, men ved å samanlikne dei enkelte hekkeplassane går det likevel rimeleg klart fram at bestanden av gråmåse i Sogn og Fjordane

var relativt stabil på 70- og 80-talet (med nokre lokale flyttingar av koloniane), og at det på 90-talet var ein tydeleg auke i dei fleste koloniane. Denne utviklinga går også fram av figuren under, som viser talet på hekkande par i 13 reservat som alle er blitt talde opp i åra 1983, 1984, 1995, 2004, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010, 2011 og 2012, dvs. år med teljingar i eit fleirtal av sjøfuglreservata. Dei høge bestandstala på 90-talet heldt seg fram til år 2000 (ikkje vist på figuren, da berre den nordlege delen av fylket blei talt det året).



Utvikling i talet på hekkande par av gråmåse i 13 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane. Reservata er valde ut på grunnlag av at dei er kjende hekkeplassar for gråmåse, og at dei har blitt talde opp i kvart av dei aktuelle åra (blå skrift i tabellen ovanfor).



Åra 2004 og 2005 hadde dårleg dekning heilt nord og heilt sør i fylket. I denne figuren er desse to åra utelatt, og det blei da mogleg å inkludere tal frå 29 reservat. Utviklinga frå år til år er likevel den same som over.

Hekkesvikten utover på 2000-talet begynner etter kvar tå få preg av ein stabil situasjon. Ringmerkingsaktiviteten til Vidar Seim i fylkets største gråmåsekoloni, Hovdefjell i Flora kommune, viser at samanbrotet i hekkebestanden kom allereie i 2001, med 2004 som eit absolutt botnår.

I tabellen er talet på hekkande par (reir) i 2004 og 2005 høgst usikre, for på det tidspunktet registreringane blei gjort var det svært få gråmåsar som faktisk hadde egg eller ungar (ungar blei berre sett på ein lokalitet i fylket) - og det er vanskeleg å seie om resten av bestandane har prøvd å hekke, eller om dei stod over. I 2005 såg vi fleire gråmåsar som låg på reir enn i 2004, og det blei funne fleire ungar, og etter dette heldt den positive utviklinga fram til 2007. Oppbygginga av hekkepopulasjonane gjekk likevel langsamt, og vi veit ikkje i kva grad gråmåsane faktisk lukkast i å få ungar på vengene. Observasjonar av havnål som føde for gråmåseungar både i 2006 og i 2007 viser at næringstilhøva ikkje var ideelle. Den nye nedgangen i

hekkebestandane i 2008 og 2009 stadfester dette, saman med mengdene av krill som i 2009 blei liggande uspiste i koloniane mellom svake og ihelsvoltne gråmåseungar.

Situasjonen i 2010 var betre, med ein jamt fordelt, men talmessig beskjeden framgang over heile fylket. Hekkebestanden endra seg lite frå 2010 til 2011, og det same er tilfelle frå i fjor til i år. I 29 gråmåsekoloniar talte både i fjor og i år, har det vore tilbakegang i 11, ingen endring i åtte, og framgang i ti. Myrbærskjera skil seg positivt ut med ein auke frå 30 hekkande par i fjor til 75 i år, utan at det er lett å forklare kva som har skjedd akkurat der. Det er ingen større negative endringar i områda rundt, så enkel og grei overflytting frå nærliggande småkoloniar kan ikkje forklare auken.

Terner

(par)	? usikkert tal					- arten ikkje observert					() ikkje talt			
Reservat	1978/79	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Flatholmen		-	5	-	-			-	-	-	-	-	-	-
Sildekruna		-	90	-	-			-	-	-	-	-	-	-
Tennøyane	18	25	20	-	25			-	-	-	-	-	-	-
Vengane	-	-	25		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Rognane	-/20	32	40	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Frøyskjera	-*	118	60			-	-		3-4	-		-	-	-
Nekkøytåa	-	-	-	20	-		-		-	1	-	-	1	5
Eikefjholmane	15	38	15								-	10	-	5
Ytterøyane	10-15		- **	75		-	-		-	-	-	-	-	-
Kvalsteinane	25	~50	235	40-50	-	-	-		-	-	-	-	-	-
Timberøyhlne	9		40	30	-			1			-	20	12	-
Karsskjeret		51	80	-				16	15	41	-	-	-	1
Gulholmen	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-
Trefotskjæra		20		60		-	-		-	-	-	-	-	-
Smelvær	105	-	195	-	-	~10	-		-	-		-	-	2
Moldvær	80	~45	22	-		-	-		100	-	1	-	-	15
Ryggsteinen	-	85	20			-	-		-	-	-	3	-	10
Håsteinen	60	21	170	120		-	-	-	-	5	-	?	-	-
Krokholmen	-	35	40	-	-	-	-		-	-	1	1	-	-
Flatøy	-	~30	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-
Kvannholmen		-	5-6	10			-		2-3	-	3	3	8	3
Kvitingane	-	-	20	-		-	-		10	-	-	-	-	-
Myrbærskjera	-	~60	150	-		-	?		5	1	-	-	-	-
Sakrisøy	30	345	-	75			-		-	-	-	-	-	-
Ønaholmane		120	200					-	-	-	-		-	-
Gåsvær	50	35	35	225		10-15	-	-	-	-	30	30	-	12
Mågøyane	-	80	20						-	-	-	-		
Utvær	50	21	30	60		10-15	-	-	-	-	-	-	-	-
Indrevær	160*	1100+	550	- **		-			40	-	-			8
Oddeholmane		90	10	-		-		-	-	-	-	-	-	-
Sogneoksen	-	60	60-70	-					-	-	-	-		
Kvernøyana	-	280	130	-					-	-	-	-		
Lihellene	-	-	15	20				-	-	-	2	-	-	-
Torsholmane		100+	220	-				2	-	1	-	4	30	20

*gjeld berre delar av reservatet


** dårleg ver

Begge terneartane er behandla under eitt i tabellen, da dei kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre, og kjeldematerialet til dels heller ikkje skil mellom artane. Raudnebbterna ser likevel ut til å vere den klart vanlegaste arten i dei undersøkte sjøfuglreservata.

Ternene hadde bra hekkesesongar fram til og med 1984 (med naturlege svingingar og forflytting mellom hekkeplassar), men etter dette har stadig fleire hekkeplassar blitt ståande tome. Godø (1995) nemnte allereie etter teljingane i 1995 at ”det er ting som tyder på at spesielt bestanden av raudnebbterne kan vere kraftig redusert i høve til byrjinga av 1980-åra.”. Ein av dei beste hekkeplassane for raudnebbterne i landet i 1983 var Indrevær i Solund kommune, med 890 reir av arten, pluss 225 reir av makrellterne (Godø 1983).

I 1984 blei det på same stad registrert 460 raudnebbternereir og 90 makrellterne (Godø 1984). Indrevær blei berre overflatisk undersøkt i 1995 på grunn av dårleg ver, men ternar er ikkje nemnt blant dei registrerte artane. Området blei ikkje talt i 2000, og ved teljingane i 2004 og seinare år blei det heller ikkje sett ternar før dei dukka opp igjen i 2007. Den nest beste ternelokaliteten i fylket i 1983 var Sakrisøy, med 235 raudnebbternereir og 110 makrellternereir. Tala i 1984 var høvesvis 200 og 55. I 1995 var det ingen raudnebbternar, og 75 par makrellterne i Sakrisøy. Området blei talt igjen først i 2005, men verken då eller seinare har det hekkande ternar der. Teljingane i 2000 var konsentrert om dei fem nordlegaste kommunane (Selje-Askvoll). Det blei ikkje funne hekkande raudnebbterne i det heile tatt det året, mens makrellterne blei funne hekkande på tre stader. Nokre år etter forsvann også makrellterna. I 2004 blei ternar funne berre i tre små koloniar (som truleg ikkje hekkar, eller hadde gitt opp hekkforsøket da teljinga blei gjort), og i 2005 blei det heller ikkje påvist hekking.

Meldingar om mogleg hekking i indre kyststrok og i fjordane gjorde at sjøfuglteljingane året etter fekk fokus flytta innover, og tre små koloniar blei funne i 2006. I 2007 fann vi sju koloniar, fem av dei i midtre og ytre strok; og i 2008 fem "koloniar" (tre av dei med berre eitt par). I 2009 såg vi fleire store flokkar med ternar, men hekkande fuglar berre i fem av reservata. Dei siste åra har ternene hekkar uregelmessig med årlege byte av hekkplass (i alle fall i dei ytre kyststroka), med unntak for Karsskjeret ved Svanøy der ternene hekkar i relativt bra tal tre år på rad til dei forsvann i 2009. I 2010 blei ternar funne hekkande i sju eller åtte sjøfuglreservat, og etter eit tilbakeslag i fjor med hekking i berre fire av sjøfuglreservata, blei ternar i år funne hekkande i 11 av reservata. Utviklinga viser at hekkebestandane er på veg tilbake til kysten av Sogn og Fjordane, men i svært små og ustabile steg. Figuren under viser at talet på hekkande par for tida berre utgjer ein svært liten del av nivået på 80-talet. Sjøfuglteljingane skjer i tidlegaste laget for å få gode tal på hekkande ternar, men i det minste har teljedatoane vore nokolunde dei same gjennom alle år.



Ved 11 hekkplassar som blei talte opp både i fjor og i år (ikkje identiske med utvalet i figuren over), har talet på hekkande ternepar gått ned i tre, og auka i åtte. Talet på hekkande par i desse sjøfuglreservata auka frå 51 i fjor til 75 i år.

Artsgjennomgang

Sjøfuglreservata blei oppretta i 1993, og for å vurdere korleis utviklinga i hekkebestandane har vore sidan då, kan det vere naturleg å bruke den teljinga som ligg nærast i tid som utgangspunkt (1995). Dersom vi konsentrerer oss om artar som hentar næringa si frå dei opne vassmassane, dvs. fisk og pelagiske krepsdyr, og på den måten ser bort frå grasetarar som grågås, og skaldyretarar som tjeld og ærfugl (som elles er i ein svært uklår bestandssituasjon), har den samla hekkebestanden i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blitt redusert frå om lag 26 000 par i 1995 til under 8000 par i år - ein tilbakegang på nesten 70%.

I dette talet druknar utviklinga for dei mange artane av sjøfuglar i tala for lundefugl, som med to koloniar i nord er den suverent mest talrike arten i fylket. Ser vi bort frå lundefuglen slik at situasjonen for dei andre sjøfuglartane skal kome betre fram, er samla hekkebestand i fylket redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til 2800 i år; ein tilbakegang på nesten 80%. Etter den markerte tilbakegangen frå 2007 til 2008, har det likevel vore ei svakt positiv utvikling gjennom dei siste fire åra.

For 15 av dei ulike artane av sjøfugl i Sogn og Fjordane er hekkebestanden i år slik, samanlikna med "normalåret" 1995:

Betre enn i 1995:	Teist (som hadde ein dårleg sesong i 95)
Tilbake 25 til 50 %:	Fiskemåse, alke
Tilbake 50 til 90 %:	Toppskarv, tjuvjo, svartbak, sildemåse, gråmåse, krykkje, raudnebbterne og makrellterne, lomvi, lunde
Tilbake meir enn 90 %:	Havhest, ærfugl

Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (betre enn i 95) og tjeld (tilbake mellom 25 og 50%).

Nedanfor blir det gitt ei vurdering av bestandssituasjonen for ulike artar både på lengre og kortare sikt. *Endringar i perioden 1995-2011 er vurdert ut frå registreringar i 30 reservat som alle blei talt opp både i 1995, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010, 2011 og 2012.* Symbola ved artsnamnet baserer seg på desse endringane, og viser følgjande:

↑	Bestanden meir enn dobla
↗	Auke, men mindre enn dobling
→	Stabil bestand (variasjon med mindre avvik enn +/- 20%)
↘	Nedgang, men mindre enn halvert
↓	Bestanden meir enn halvert

Når bestandane er svært små, kan sjølv små endringar gi inntrykk av ei positiv utvikling. Det er derfor lagt til eit symbol for tilstanden av hekkebestanden i år samanlikna med tilstanden i 1995:

+	hekkebestanden i fylket er betre enn i 1995
0	hekkebestanden i fylket er om lag som i 1995
-	hekkebestanden i fylket har gått tilbake meir enn 25 % i høve til 1995
--	hekkebestanden i fylket har gått tilbake meir enn 50 % i høve til 1995
---	hekkebestanden i fylket har gått tilbake meir enn 90 % i høve til 1995

Havhest

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: → 2007-2012: ↓ [---]

Har vore ein fåtallig, men relativt stabil hekkfugl i fylket, og blei for første gang ikkje påvist hekkande i 2010. Året før blei arten registrert sitjande i fjellet berre i ein lokalitet, Stallbrekka (7 par). Vi såg ingen ved Einevarden, der arten har hekka fast, men i ein minkande bestand som var nede på 2 par i 2008.

I 2003 hekka havhest truleg også på Veststeinen (3 par), og går vi heilt tilbake til 2000 blei havhest også registrert ved Høgfjellet (få av sjøfuglreservata i ytre skjergard blei sjekka det året. Godø (1995) oppgjer at bestanden var relativt stabil frå 1984 til 1995, og anslår bestanden i heile fylket til om lag 100 revirhevande par. Samanliknar vi tal frå reservat som blei talte både i 1995 og 2005, gjekk

hekkebestanden av havhest ned frå **51** til **15** par på ti år. I 2007 blei det registrert **18** par, i 2009 berre **7**, i 2010 **0**, i fjor **1**, og i år **0**. Hekkebestandane var nok kunstig høge den gangen fiskeria slapp ut langt meir avfall enn i dag, men tilbakegangen har likevel gått raskt.

Toppskarv

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↘ 2007-2012: ↘ [--]

Frå slutten av 70-talet og framover heldt toppskarvbestanden i Sogn og Fjordane seg ganske stabil, med eit tyngdepunkt i Solund (Gåsvær og Utvær). Ein markert auke i hekkebestandane i fylket kom midt på 90-talet; hekkebestandane i Gåsvær og Utvær i sør hadde på dette tidspunktet gått ned med ein tredel, og Askvoll tok over som tyngdepunkt i fylket, med 425 hekkande par i Ryggsteinen i 93 og 324 i 94, og rundt 300 i Moldvær i 95. Dei neste tala (2001) viser markert nedgang i Ryggsteinen, men med påfølgande rask vekst dei neste åra igjen, og i 2003 hekka 183 par. Det er sannsynleg at dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen i praksis utgjorde ei eining for toppskarven, og at det skjedde interne forskuvingar i tyngdepunktet mellom dei frå år til anna. Det er likevel ikkje tvil om at hekkebestanden fekk ein alvorleg knekk i 2006/07, da Ryggsteinen plutsleg blei så godt som forlatt utan at det skjedde noko auke ved Moldvær.

I Solund har bestanden halde seg relativt stabil i same periode, fram til i år – da nesten halvparten av reira stod ubrukte på Begla i Utvær. Totalt sett er utviklinga i fylket foruroligande, og den totale hekkebestanden i år er under ein firedel av hekkebestanden i 1995.

Samanliknar vi reservata som har blitt talt opp alle dei aktuelle åra, har hekkebestanden gått ned frå **969** par i 1995 til **416** i 2005, **331** i 2007, **261** i 2009 og **240** i 2010. I fjor var talet **265**, men i år var det redusert til **239**.

Næringssvikt har også ramma toppskarven, men på anna vis enn for andre artar, og fleire faktorar må vurderast for å forklare bestandsendringane – som taretråling, oljesøl og forstyrring på hekkeplassane. Toppskarven er svært følsam for forstyrring frå menneske i hekketida, og det er truleg at ulovleg ilandstiging er hovudårsaka til at den veksande kolonien på Ytterøyane braut saman rundt 2004. Det brå fråveret av toppskarv i Ryggsteinen frå 2007 kom like etter at sjøområda tett opp til reservatet var blitt trålt for tare. Øyene er låge og utsette for sjø, og fjerning av bølgedempande stortareskogar kan ha øydelagt tilhøva i reservatet.



Framtidsutsiktene for denne arten er det svært vanskeleg å seie noko om, særleg fordi utviklinga har vore forskjellig ulike stader i fylket. Noko vi *kan* seie ut frå teljingane, er at talet på observerte individ i reservata ikkje seier stort om talet på hekkande par. Reirteljing er heilt nødvendig for denne arten.

Grågås

1995 – 2005: ↑ 2005 -2007: ↓ 2007-2012: ↘

Ikkje eigentleg ein sjøfugl, men arten har markert seg i sjøfuglreservata dei siste tiåra. Grågåsa samlar seg ofte i større eller mindre flokkar på stadar som også kan vere hekkeplass, slik at det er vanskeleg å slå fast om gjæsene hekkar utan å saumfare terrenget på land.

Samanliknar vi dei 30 reservata som blei talte både i 1995, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010 og 2011 på om lag same tid i juni, finn vi ein auke frå **289** til **850** individ på dei første ti åra, og så ein reduksjon til **341** i 2007, **330** i 2008 og **304** i 2009. I 2010 var grågåsa spreidd jamnare ut over store delar av kysten, og **553** individ blei registrerte. I fjor var arten å sjå færre stader i Flora kommune, og i mindre tal i dei beste grågåsområda i Askvoll, og talet endte på **458**. I år registrerte vi **270**.

Grågås er ein såpass vanskeleg art å halde oversyn over at tala i seg sjølve ikkje seier mye anna enn at mytebestanden av arten held seg nokolunde stabil. Berre ein liten del av dei registrerte gjæsene har ungar. I dei 51 reservata som blei talte opp i år, vurderer vi hekkebestanden til å vere på om lag 80 par, men berre 6 ungekull blei observerte (fordelt på tre lokalitetar).

I 2005 blei relativt store flokkar av mytande (fjorfellande) gjæser observert i ytre Askvoll, særleg ved Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen der til saman 1105 individ blei registrerte. Så store tal har vi ikkje kome over seinare. Berre 223 blei sett i same område i 2007, 268 i 2008, 303 i 2009, 624 i 2010, 324 i fjor og 182 i år. I det andre "hovudområdet" for grågås, ved Gåsvær og Utvær i Solund, var det 154 individ i 2005, 216 i 2007, 142 i 2008, 82 i 2009, 91 i 2010, 135 i fjor og 95 i år. Grågås er tilsynelatande ikkje lenger så konsentrert i enkelte kjerneområde som før, men er jamnare spreidd utover. Dei tala som det er vist til over fokuserer på dei tidlegare kjerneområda, og resultatet synest å vise at grågås er i sterk nedgang i fylket. Det kunne tenkast at spreinga av gås ut frå kjerneområda gjer at nedgangen i desse oppvegast av auke andre stader, men sjølv om vi berre ser på dei tre siste åra og tar med alle dei 47 lokalitetane som er talt opp alle tre åra, er nedgangen likevel tydeleg (2010: 981, 2011: 642, 2012: 582).

NINA/Arne Follestad gjennomførte i fjor ei flytelling av mytande grågås langs kysten av Sogn og Fjordane 28. og 29. juni. I tabellen under er flytellingane samanlikna med våre teljingar frå båt:

		Fly, 28.-29.6.10	Båt, 8.-10 + 15.-16.6.10
Flatholmen	Selje	0	12
Vengane	Bremanger	0	15
Smelvær	Askvoll	35	52
Moldvær	Askvoll	210	345
Ryggsteinen	Askvoll	300	210
Håsteinen	Askvoll	360	69
Sørværet	Askvoll	0	0
Gåsvær	Solund	162	62
Utvær	Solund	0	29
Indrevær	Solund	0	-
Sakrisøy	Hyllestad	0	6
Sum		1067	600

Teljingane er gjort på ulike tidspunkt og viser eigentleg ulike ting (mytegiess frå fly; hekkande og dels mytande gress frå båt), så resultata er eigentleg overraskande like. Det samla talet for Moldvær og Ryggsteinen i Askvoll er nesten identiske i dei to tellingane, og truleg er det her grågås i fylket først samlast når myteperioden nærmar seg. Dårleg ver hindra dessverre liknade flytelling både i fjor og i år.

Grågås kan vere verdfull for sjøfuglreservata etter kvart som færre sauar blir sendt på beite. Sjølv om dei ikkje hindrar gjengroing på same måte, er gjæsene effektive når det gjeld å halde markskiktet i vegetasjonen nede. Det vil derfor vere verdifullt å finne årsaka til reduksjonen i talet på observerte grågås etter 2005.

Ærfugl

Hekkebestand 1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2012 : ↓ [---]

Mytebestand 1995 – 2005: ↗ 2005 -2007: ↘ 2007-2012 : ↓ [--]

Godø (2000) meint at ærfuglbestanden i Sogn og Fjordane ved årtusenskiftet var på eit toppnivå etter andre verdskrig. Teljingane seinare gir ikkje grunnlag for ei slik vurdering av hekkebestanden av ærfugl i fylket, det ser meir ut som at ærfuglbestanden i fylket er i sterk tilbakegang og har store problem med å få fram ungar.

I 1995 blei det talt om lag **390** ungekull i dei 30 reservata som blei talte også i 2005, mens det i 2005 (på same tid i juni) ikkje blei sett ungar – og berre funne **13** reir med egg. I dei same reservata blei det i 2007 talt **32** reir/kull (13 ungekull), i 2008 **29** reir/kull (13 ungekull), i 2009 **30** reir/kull (4 ungekull), i 2010 **21** reir/kull (4 ungekull), i fjor **5** reir/kull (2 ungekull), og i år **9** reir/kull (1 ungekull).

Legg vi saman overslaga for hekkebestand i samtlege 51 reservat som blei talt i år, kjem vi til 72 reir. Dette er endå litt lågare enn dei siste tre åra (mellom 80 og 90 reir), og overslaga er høgst usikre, men sjølv om vi tar alle moglege og umoglege atterhald er det neppe realistisk å presse hekkebestanden i sjøfuglreservata opp i meir enn nokre hundre reir. Dette er berre ein liten brøkdel av Godø sitt overslag på 10 000 par i 2000. Rett nok gjeld Godø sitt overslag heile fylket, men i Sogn og Fjordane er ein så stor del av dei beste hekkeområda verna, at det ikkje kan vere snakk om store hekkebestandar utanfor sjøfuglreservata. Larsen (2006) nemner at han hadde talt fuglar ved Vågsøy nokre dagar i juni kvart år sidan 1999, og at "det er overraskende sjelden å se ungekull av ærfugl på Vågsøy." I løpet av sju år såg han dunungar berre ein gang, i Vedvika i 2001.

Hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane er definitivt svært svak for tida, og må ha vore gjennom ein formidabel og svært rask tilbakegang frå århundreskiftet. Dersom Godø og våre tal er nokolunde korrekte, har hekkebestanden av ærfugl gått ned med rundt 95 % på ti år, eit utruleg tal som berre delvis kan forklarast med høg predasjon på ungar etter næringskollapsen i 2003/04.

Talet på ærfuglar som flokkar seg i den ytre skjergarden utover sommaren for å ta til med fjørfelling (myting) har likevel halde seg relativt stabil i lengre tid. Totalt blei det registrert **1474** ærfuglar i 1995 og **2502** ærfuglar i 2005 i dei 30 sjøfuglreservata som blei talte begge år. Tilsvarande tal i 2007 var **1316**. Dette var etter *Server*-forliset i januar same år, og halveringa i høve to år tidlegare blei vurdert å kunne henge saman med dette. Men året etter hadde talet gått vidare ned til berre **897** individ, utan kjente hendingar som kunne forklare nedgangen. I 2009 registrerte vi **944** individ i dei same 30 reservata, i 2010 **2085** og i fjor **1672**. I år fann vi berre **295** ærfuglar i dei same sjøfuglreservata. Endringane kan skuldast at dei store flokkane med ærfugl flyttar seg mye frå stad til stad, og det kan slå sterkt ut på resultatane dersom mye fugl ligg i område som ikkje er blant dei trettitals vi har som basis for samanlikninga – eller om dei ligg utanfor dei verna områda, noko som ut frå tala ser meir sannsynleg ut. Samtidig er det merkeleg at talet i år er så vesentleg mye mindre enn tidlegare, når dei same områda er talt opp til om lag same tid. Samanliknar vi dei 47 sjøfuglreservata som er talt opp alle dei tre siste åra, var talet 2615 i 2010, 1946 i 2011 og 472 i 2012. Og tar vi med absolutt alle dei 51 områda som blei talt opp i år, kjem vi likevel ikkje lenger enn til 725 ærfuglar.

Havørn

Arten blir notert når vi ser den, men det blir elles ikkje gjort nokon ekstra innsats for å sjekke ut kjente hekkeplassar. Det blei etter *Server*-forliset i januar 2007 spekulert i om unge havørner kunne vere særleg utsette for forgifting gjennom eting av oljetilsølte fuglekadaver. Spekulasjonane fekk tilsynelatande støtte etter at vi sommaren 2007 berre såg 4 individ under sjøfugltellingane, alle vaksne fuglar. Men i 2008 var talet tilbake på "normalen", med 13 observerte individ i seks sjøfuglreservat, sju av dei vaksne. Talet frå 2005 var det same, 13 individ i seks sjøfuglreservat (3 av dei vaksne fuglar). I 2009 var talet derimot berre 7 individ (3 unge og 4 vaksne), i 2010 5 individ (3 vaksne), i fjor 6 individ (4 vaksne), og i år 8 individ (5 vaksne), men registreringane er uansett for usystematiske til at ein kan seie noko sikkert om utviklinga.

Tjeld

1995 – 2005: ▼ 2005 -2007: → 2007-2012: → [-]

Tjeld blir observert jamt spreidd på dei fleste eigna holmar og skjer, men arten har tilsynelatande vore inne i ein langsam nedgang dei siste åra – likevel med variasjonar som gjer situasjonen vanskeleg å vurdere. I dei 30 reservata som er talt opp alle sju åra, blei det talt **208** individ i 1995, **169** individ i 2005, **144** i 2007, **118** i 2009, **170** i 2010, **133** i fjor og **127** i år. Det er ikkje usannsynleg at tjelden kan ha blitt oversett i nokre av dei mest fuglerike områda, da fokus nok blir flytta mot dei "ekte" sjøfuglane når teljesituasjonen blir som mest hektisk. Men auka merksemd på akkurat dette problemet dei siste par åra har ikkje endra på situasjonen, noko som tilseier at "underfokusering" ikkje er den einaste forklaringa på endringane som er registrert.

Tjuvjo

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↓ 2007-2012: ↑* [--]

Bestanden i Sogn og Fjordane har i fleire år vore liten, som elles på Vestlandet, og er i ferd med å forsvinne som hekkefugl. I 1982 blei det observert 67 individ under sjøfuglteljningane, i 1983 også 67, og i 1984 59

individ. I 1995 blei det så observert berre 4 par, og i 2000 2 par. Frå og med 2004 er alle tjuvjoar noterte ned uavhengig av om dei er observerte ved hekkeplass eller ikkje. Både i 2004 og 2005 blei det sett 4 individ i løpet av fem dagar, i 2006 blei det sett 2 individ på fire dagar, mens det i 2007 ikkje blei observert tjuvjo i det heile på seks dagar. Situasjonen i 2008 var tilsynelatande betre, med tre observasjonar av til saman 7 individ på fem dagar, og eitt mogleg hekkeforsøk. I 2009 gjorde vi tre observasjonar av til saman 4 individ på fem dagar, og i 2010 tre par på like mange dagar. I fjor såg vi berre tre individ på snaue seks dagar, men med ei sannsynleg hekking. I år såg vi eitt par. Tala er under alle omstende så små at arten i praksis kan reknast som utdøydd som hekkfugl i Sogn og Fjordane – i alle fall til det motsette blir endeleg bevist.

Gråmåse

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2012: ↘ [---]

Godø (2000) vurderte bestanden av gråmåse i Sogn og Fjordane som stabil, og kanskje med ein positiv trend i høve til ein nedgang i slutten av 1980-åra. Dette har nok vore rett, men i åra like etter 2000 har tilhøva endra seg. Tydelegast ser vi dette i Hovdefjell, der Vidar Seim har ringmerkt gråmåseungar i fleire år. Frå 1997 til 2000 merkte han årleg rundt 100 ungar, men talet fall brått til 6 i 2001, og vidare til 2 i 2003. I 2004 fann ringmerkaren ingen ungar i kolonien, som berre fire år tidlegare blei vurdert til å halde om lag 1500 hekkande par.

Teljingane langs kysten stadfesta at arten knapt kan ha hekka i Sogn og Fjordane i 2004, og det blei meldt om ein tilsvarende situasjon i Møre og Romsdal og Hordaland. I 2005 såg situasjonen betre ut, sjølv om hekkebestanden i dei same 30 reservata som i 1995 hadde **4380** par berre var på **286** hekkande par. Tendensen til ei positiv utvikling var endå tydelegare i 2006, og i 2007 hadde hekkebestanden i dei same 30 reservata auka til **812** par. Situasjonen teikna i det heile tatt bra, etter to år med stopp i tobisfisket i Nordsjøen. Men så blei det opna for fiske igjen, og hekkebestanden av gråmåse kollapsa på ny. I dei utvalde reservata blei hekkebestanden meir enn halvert til **337** par i 2008, og vidare ned til **242** i 2009. I 2010 skjedde ein liten, positiv utvikling til **397** hekkande par, med **389** i fjor og **458** i år.

Eit særtrekk ved situasjonen i år er at sjølv om tal hekkande par dei fleste stader har auka litt, har tal individ på hekkeplassane minka. Dette betyr at det er færre ”arbeidsledige” gråmåsar i koloniane, men kvar overskuddet har tatt vegen kan vi ikkje seie noko om.

Svartbak

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2012: → [--]

Hekker jamt spreidd i skjergarden langs heile fylket. Registreringane tyder på at dei fleste hekkeplassane har vore besette også i dei siste åra med næringssvikt.

Godø (1995) oppgjer at det blei registrert 1700 par i 1995, og at bestanden i Sogn og Fjordane truleg var på 4-5000 par. Gjer vi eit utval i form av dei 30 reservata som er talde i fleire år, var det **967** hekkande par i 1995. I 2005, året etter samanbrotet i fiskebestandane i Nordsjøen, var talet redusert til **208** par. Svartbaken og dei andre stormåsane er blant dei sjøfuglane som merka samanbrotet i 2004 aller mest. Men hekkebestanden var allereie i 2005 merkbar større enn året før, og auken heldt fram i 2006 i dei reservata som blei undersøkte da. I 2007 kunne vi slå fast at hekkebestanden hadde auka vidare, og i dei 30 omtalte reservata var talet **442** par. På dei to åra frå 2005 skjedde det altså ei dobling av hekkebestanden i Sogn og Fjordane, og den nærma seg halvparten av bestanden frå 1995. Men på same måte som gråmåsen reagerte svartbaken nærast momentant negativt da industrifisket i Nordsjøen blei opna igjen. Etter den lovande 2007-sesongen hekka det i 2008 berre **154** par i dei utvalde sjøfuglreservata, ein tilbakegang på heile 65%. I 2009 var talet **196**, ei lita betring som heldt fram i 2010 med **293** hekkande par, og i fjor med **351**, til **405** hekkande par i år. Svartbaken har klart næringssvikten betre enn gråmåsen, og mens det i 1995 var fire ganger fleire gråmåsar enn svartbak i Sogn og Fjordane, er det no nesten like mange hekkande par av dei to artane.



Sildemåse

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2012: ↓ [--]

På same måte som for gråmåsen, vurderte Godø (2000) bestanden av sildemåse i Sogn og Fjordane som stabil, og kanskje med ein positiv trend i høve til ein nedgang i slutten av 1980-åra.

Det blei berre observert spredde individ av sildemåse under teljingane i 2004, med unntak av Raudøy med 70 individ og Gåsvær med 45 individ. I 2005 blei det talt om lag 200 individ på Raudøy og 10 i Gåsvær. I 2007 var tilsvarende tal 350 og 174 individ, og i tillegg hadde bestanden i Moldvær auka frå 8 til 98 individ (og 21 reirfunn), så situasjonen såg definitivt positiv ut. Men nedgangen kom på ny også for sildemåsen da tobisfisket blei opna igjen etter eitt års stenging. Ser vi på talet hekkande par i dei utvalde sjøfuglreservat som blei talt opp både i 1995, 2005, 2007, 2009 og 2010, finn vi følgjande: I 1995 **320** par fordelt på tre lokalitetar, i 2005 anslagsvis **82** par fordelt på sju lokalitetar (80% på ein av lokalitetane, Raudøy), i 2007 **242** par på sju lokalitetar, men i 2008 berre **95** par på åtte av lokalitetane. På same måte som for svartbaken stoppa nedgangen der, for i 2009 fann vi om lag **130** par i sju av dei same reservata, og i 2010 **162** par i seks reservat. Med kollapsen på Raudøy i fjor sank talet til **110**, sjølv om det truleg hekka sildemåse i 9 av dei utvalde lokalitetane. I år er talet **117** hekkande par i same tal lokalitetar.

I heile fylket under eitt fann vi 217 hekkande sildemåsepar i 11 sjøfuglreservat i 2010, 142 par i 15 reservat i fjor, og 246 par i 19 reservat i år.

Fiskemåse

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↗ 2007-2012: ↗ [-]

Tilbakegangen for fiskemåsen begynte allereie før 1995, og dermed uavhengig av næringssvikten i 2004. Utviklinga liknar meir på den vi har sett hos ternar og teist, og speglar nok at fiskemåsen har eit anna næringsval enn dei større måseartane. I dei 30 reservata som i 1995 hadde **162** par, hekka **50** par i 2005, **69** i 2007, **62** i 2008, **101** i 2009, og i 2010 **122**. I fjor var talet redusert til **88**, og talet i år er **98**. I dei same reservata hekka det til samanlikning 782 par fiskemåse i 1984. Det dårlege resultatet dei to siste åra skuldast dels at lokalitetane med den beste utviklinga ikkje er blant dei 30 som er brukt her. I alle dei undersøkte reservata fann vi 286 hekkande par i 2010, 264 i fjor, og 291 i år.

Ser vi heile fylket under eitt og tar med alle reservata, finn vi at to lokalitetar huser nesten halvparten av hekkebestanden: Eikefjordholmane med 50 par og Torsholmane inst i Sognesjøen med 85 par. Litt lenger ute, i den indre skjergarden i Askvoll, er hekkebestanden på Kvannholmen 30 par. I den inntil nyleg like store kolonien på Krokholmen har talet minka til 15, kanskje som eit resultat av at hekkebestanden av svartbak på holmen er dobla til 8 par? Ytterst på kysten fann vi ikkje større ”koloniar” enn 9 par (Kvalsteinane). Tilhøva ser med andre ord ut til å vere best i indre kyststrøk, noko som kan skuldast at næringstilgangen der er betre enn lenger ute. Inne i fjordane var hekketilhøva tilsynelatande betre i fleire år etter samanbrotet på kysten, men dei siste 3-4 åra har hekkebestandane minka mye også der. Det er svært positivt at arten no er på raudlista, slik at den kan forvalta i tråd med bestandssituasjonen.

Krykkje

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↗ 2007-2012: → [--]

Har hekka i Utvær, men er etter 1978 (da det blei talt 22 par) ikkje registrert der. Bortsett frå dette har krykkja tidlegare hekka relativt stabilt nord i Sogn og Fjordane, særleg ved Einevarden (Godø 1995). I 1994 hekka det 2100 par i Einevarden, 40-50 par i Stallbrekka, og 11 par på ei sjøbu i Leikanger på Stadlandet. Tidlegare koloniar i Høgjellet, Klovningen, Veststeinen og ved Ytre Fure (ikkje freda) var ifølgje Godø (1995) allereie på veg ut på 80-talet, og har ikkje blitt koloniserte på ny.

Det kom inn meldingar om samanbrot i sjøfuglbestandane ved Einevarden i 2003, og i juli same år blei det berre registrert 122 reir, utan fugl. Samtidig blei det telt 658 reir i Stallbrekka. Det hadde altså både skjedd store endringar i hekkebestanden, og samtidig klare forskyvingar mellom hekkeplassane. Mellom dei to koloniane er det berre vel 4 km. Det er likevel viktig å merke seg at av dei 658 reira i Stallbrekka i 2003 var berre 166 i bruk ved teljetidspunktet i juli. Ved teljingane i 2005 var det 20 hekkande par på Einevarden og 145 i Stallbrekka. På desse to lokalitetane hekka det altså **2145** par i 1995, **165** i 2005, og i 2007 var tala høvesvis 16 og 216, til saman **232**. Kolonien i Einevarden blei til slutt så liten at det ikkje lenger var nokon gevinst ved å hekke der, og i 2008 var den borte. Inntil vidare held krykkja ut i Stallbrekka, der talet på reir

i 2008 var **112**, i 2009 **164**, i 2010 **180**, i fjor **201** og i år **230**. Tala er så små at krykkja tilsynelatande er på randen av å forsvinne som hekkefugl i Sogn og Fjordane, men samtidig viser dei jo ein jamn auke, og i tillegg etablerte ein ny krykkjekoloni seg på Buholmen i Selje i 2008 med 278 reir, og den hadde auka til 470 reir i 2010 og 460 i fjor (ikkje talt i år pga. dårleg vær).

Utanfor dei naturlege hekkeplassane i berg rapporterte Larsen (2006) om ein aukande hekkebestand på sjøbuene i Måløy hamn, frå 7 reir i 2000 til 71 hekkande par i 2006. Situasjonen i dag er ukjent. Etableringa kan ha samanheng med vanskelege næringstilhøve i havet, og eventuelle førekomstar av alternativ næring i hamneområdet.

Makrellterne og Raudnebbterne

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↑ 2007-2012: ↓ [---]

Etter at dei kom inn i ei negativ utvikling på 90-talet, var desse artane borte frå Sogn og Fjordane i fleire år, i alle fall i ytre kyststrok. Eit par-tre koloniar som blei oppgitte midt i sesongen var det beste resultatet etter århundreskiftet, før vi i 2007 kunne fastslå hekking i sju koloniar med til saman rundt 230 reir. Situasjonen for ternene i Hordaland har vore den same i fleire år, og etter alt å dømme langs store delar av Vestlandskysten. I dei 30 reservata som er sjekka i kvart av åra 1995, 2005, 2007, 2009 og 2010, blei det i 1995 funne **670** hekkande par (åtte koloniar), **0** i 2005, **168** i 2007 (fire koloniar), **7** i 2008 (tre koloniar), **35** i 2009 (fire koloniar), **34** i 2010 (tre koloniar), **8** i 2011 (i ein koloni), og i år **37** hekkande par i fem koloniar.

Terner har no blitt påvist hekkande i Sogn og Fjordane sju år på rad, og i år skjedde dette i 11 av sjøfuglreservata. Sjølv om dette er det høgaste talet på hekkeplassar som er registrert sidan 90-talet, er talet på hekkande fuglar framleis lite - og det er framleis langt fram før vi kan "friskmelde" dei to terneartane. Totalt hekka det berre litt over 80 par i heile den undersøkte delen av fylket i år, kvar "koloni" med 1-20 par.

Alke

1995 – 2005: → 2005 -2007: → 2007-2012: ↘ [-]

Alke har det siste tiåret hekka ved tre lokalitetar nord i fylket, men etter at hekkefuglane forsvann frå Klovningen etter 2005, og truleg også frå Veststeinen etter 2009, er det no berre Einevarden igjen. Einevarden har heile tida vore den største, men området er vanskeleg tilgjengeleg og det er berre mogleg å vurdere hekkebestanden omtrentleg. Tidlegare teljingar oppgjer om lag 70 par (Godø 1983), 50 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995). I 2005 blei det talt om lag 350 alke, i 2007 vel 300, i 2008 250, i 2009 200, i 2010 130, i fjor 74 (frå foto), og i år om lag 60.

Det kan framleis vere at det hekkar nokre alkepar på Veststeinen, for dårleg ver hindra godt innsyn til alkene sitt tradisjonelle hekkeområde både i 2010 og i år. Men området blei undersøkt i 2011, utan at alke blei observert. Den samla hekkebestanden i fylket ser likevel ut til å halde seg relativt stabil. Om vi forsøksvis reknar individa om til par for å samanlikne med Godø sine tal, blir det om lag **205** par i 1995, **226** i 2005, **220** i 2007, **155** i 2008, **170** i 2009, **105** i fjor og **150** i år.



Lomvi

1995 – 2005: ↘ 2005 -2007: → 2007-2012: ↓ [--]

Lomvien har hekka ved dei same lokalitetane som alka. Den forsvann frå Klovningen truleg ikkje så lenge etter 1995, og som alka også frå Veststeinen etter 2009. Einevarden har vore den største kolonien, men området er vanskeleg tilgjengeleg og det er berre mogleg å vurdere hekkebestanden omtrentleg. Tidlegare teljingar oppgjer om lag 150 par (Godø 1983), 110 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995). I 2005 blei det talt om lag 250 lomvi, i 2007 vel 200, i 2008 150, i 2009 230, i 2010 120, i fjor 45 (frå foto), og i år 25.

Det kan framleis vere at det hekkar nokre lomvipar på Veststeinen, for dårleg ver hindra godt innsyn til det tradisjonelle hekkeområdet der både i 2010 og i år. Men området blei undersøkt i 2011, utan at lomvi blei observert. Det kan dermed sjå ut til at det berre er Einevarden tilbake som aktiv lomvikoloni i Sogn og Fjordane, men som tala frå Buholmen i Selje i fjor viste, har det skjedd ein rask etablering der, med 50 individ observert og anslagsvis 30 hekkande par. Om vi berre ser på dei tidlegare talte koloniane i sjøfuglreservata, og forsøksvis reknar individa om til par for å samanlikne med Godø sine tal, blir det om lag **280** par i 1995, **158** i 2005, **180** i 2007, **100** i 2008, **200** i 2009, **95** i 2010, **85** i fjor og **55** i år. Om nedgangen er reell, eller berre utslag av telleproblema i små og utilgjengelege koloniar, er ikkje godt å seie. Det er mogleg at noko av nedgangen kan skuldast flytting av lomvi til Buholmen. Uansett betyr etableringa på Buholmen at tilbakegangen i fylket ikkje er så stor som symbolet øvst gir inntrykk av (det tar berre omsyn til utviklinga i sjøfuglreservata). Men merk at Buholmen ikkje blei talt i år.

Lunde

1995 – 2005: ↓ 2005 -2007: ↗ 2007-2012: ↘ [--]

Som dei fleste alkefuglane har også lunden gått sterkt tilbake dei siste ti åra. På dei kjende hekkeplassane er situasjonen slik:

	1983	1994/95	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Einevarden	>5000 par	5000 par	2600 par		5000 par	4000 par	2900 par	1800 par	1500 par	2400
Veststeinen	9-10000 par	>8000 par	2000 par		1500 par	2800 par	3400 par	2600 par	2500 par	2500?
Ryggsteinen	11 reirfunn	ikkje talt	5 ind	4 reir	9 ind	1 ind	-	?	-	-
Utvær	323 reirfunn	ikkje talt	1 ind	-	-	-	-	-	-	-

I 2006 var første gang det blei gjennomført sjøfuglteljingar i Utvær utan at det blei sett lunde, etter at tala stadig meir hadde nærma seg nullen. I følgje lokalkjente skal hekkebestanden i Utvær ha vore på inntil 600 par. Truleg skriv desse tala seg frå Willgohs sine undersøkingar, men vi veit ikkje kva år dei refererer til. På Ryggsteinen i Askvoll hekkar lunden kanskje framleis; Vidar Seim fann 4 reir i 2006, og vurderte at hekkebestanden har ligge jamt på 4-5 par i mange år. Men det har ikkje blitt sett lunde ved Ryggsteinen etter 2010, da to individ blei registrert.

Hekkebestanden av lunde i Sogn og Fjordane har gått tilbake sidan teljingane midt på 90-talet. Utviklinga i par kan etter omrekning anslagsvis uttrykkast som minst **13 000** i 1995, **4600** i 2005, **6500** i 2007, **6800** i 2008, **6300** i 2009, **4400** i 2010, **4000** i fjor og **4900** i år. Truleg er totalbestanden meir stabil enn tala tydar på, for kolonien i Einevarden er utilgjeneleg og tala derifrå høgst usikre. Utviklinga på Veststeinen kan derimot følgjast frå år til år med rimeleg sikkerheit etter at tellefelt blei lagt ut i 2008, og har sett ganske stabil ut. Truleg er lundebestanden på Einevarden like stabil som den på Veststeinen, men denne føresetnaden er snudd på hodet i år, da vi ikkje kom på land på Veststeinen, og berre har tatt det for god fisk at lundebestanden på Veststeinen er som i fjor – fordi Einevarden er på minst same nivå som i fjor...

Teist

1995 – 2005: ↗ 2005 -2007: ↘ 2007-2012: → [+]

Teisten er vanskeleg å telje, og gode estimat på hekkebestanden er svært krevjande å få til. Dette føreset målretta innsats på forsommaren. Slik sett er ikkje dei teljingane som ligg føre, eigna til å trekkje bastante konklusjonar om kor mange teist som hekkar i Sogn og Fjordane.

Teljingane som no etter kvart er gjort over fleire år er likevel samanliknbare reint metodisk, og vi kan trygt konkludere med at bestanden av teist i fylket er langt mindre no enn den var på 70- og 80-talet. Teljingane tyder også på at nedgangen i bestanden har gått føre seg over lang tid, og at teisten no finst konsentrert om eit fåtal av dei beste områda i fylket. Men sjølv om bestanden no er mye mindre enn på 70- og 80-talet, er det likevel positivt at den ikkje ser ut til å ha blitt vidare redusert etter 1995. Ser vi på dei 30 tidlegare nemnte sjøfuglreservata, blei det talt **59** individ i 1995, **109** individ i 2005, **70** i 2007, **94** i 2008, **94** i 2009, **68** i 2010 og **72** i fjor. I år er talet **75**. Teisten har dei siste åra sett ut til å auke litt i nord, mens den er stabil eller i nedgang i dei tidlegare kjerneområda i Askvoll og Solund. Dette mønsteret kan vere tilfeldige utslag av telleteknikk, for endringane er små og ikkje konsekvente. Uansett er det verdt å peike på at i dei same 30 reservata som er nemnt ovanfor, blei det talt **218** teist i 1983, og **383** i 1984. Bestanden i år er med andre ord mindre enn 20% av bestanden i 1984.

Nokre særtrekk ved sesongen 2012

Hekkesesongen 2012 skiljer seg ikkje markert frå tilstanden i føregåande år, men nokre hovudpunkt kan trekkjast fram:

Havhest blei ikkje funne hekkande i år. Den store tilbakegangen på Runde i nabofylket mot nord dei siste åra speglast også i Sogn og Fjordane, og i dårlege tider er marginale førekomstar som dei her i fylket blant dei første som forsvinn. Havhest blei heller ikkje funne hekkande i 2010, og berre eit enkelt par blei sett i fjor.

Toppskarven hadde ein merkbar tilbakegang i Utvær i Solund sør i fylket. På Begla, den viktigaste hekkeklassen i Utvær, var nesten halvparten av dei gamle reira frå i fjor ubrukte. Dette såg i stor grad ut til å vere reir med eksponert plassering på berghyller, mens reir i bergsprekker var i bruk som før. Kanskje eit utslag av forstyrning i etableringsperioden, anten frå menneske eller andre? Auken i havørnbestanden har blitt nemnt som ein mogleg påverknadsfaktor for andre sjøfuglar, og det kan jo tenkast at toppskarven er i ferd med i større grad å gå over til å bruke skjulte hekkeplassar. Vi har likevel ingen opplysningar som visar ein auke i havørna sin bruk av verken Utvær eller andre sjøfuglområde i fylket.

Ærfuglen har vore gjennom ein katastrofal bestandsutvikling i fylket etter århundreskiftet, i alle fall dersom Godø (2000) sitt overslag på 10 000 hekkande par ved århundreskiftet er tilnærma rett. Sjølv om dette overslaget gjeld heile fylket, og ikkje berre sjøfuglreservata, omfattar reservata ein såpass stor del av dei potensielt beste hekkeområda for ærfugl at dei minst må omfatte halve bestanden. I år er overslaget på hekkande par i dei 48 (av totalt 57) sjøfuglreservata som blei talt opp ikkje meir enn om lag 90. Berre eitt ungekull og åtte reir blei registrert. Sjølv om vi tøyar strikken langt, kan det neppe hekke meir enn maksimalt nokre hundre par ærfugl i sjøfuglreservata, og altså neppe så mye som det doble av dette i heile fylket.


Nytt av året er ein markert reduksjon også i tal ærfuglhanar som førebur fjørfellinga. Totalt fann vi berre 725 ærfuglar, det lågaste talet som er registrert. Det er likevel ikkje meir enn to år sidan talet var 2679, og kanskje er resultatet i år berre eit utslag av ærfuglen sin trong til å flokke seg ved dei ytste skjera og gruntområda, utanfor der sjøfuglteljingane stort sett skjer. Men samtidig tilbakelegg vi adskillige kilometer sjøområde mellom dei ulike sjøfuglreservata, og er stort sett oppmerksomme også under desse transportetappane.

Gråmåse, svartbak og fiskemåse er i langsam vekst. Gråmåsen har sine beste område heilt i nord (på sørsida av Sildagapet mellom Selje og Vågsøy) og heilt i sør, i indre Sognesjøen mellom Solund og Gulen. Men nokre enkeltområde som Myrbærskjera og Gåsvær i midtre/sørlege del av fylket skil seg også positivt ut. Svartbaken har ei jamnare, positiv utvikling over heile fylket, sjølv om utviklinga går sakte. Nytt av året er at individtalet på hekkeplassane var mindre enn før for både gråmåse og svartbak, sjølv om tal hekkande par aukar svakt. Dette betyr at det er vesentleg færre ikkje-hekkande fuglar i koloniane i år enn tidlegare. Vi registrerte likevel ikkje flokkar av ikkje-hekkande måsar andre stader, så kvar dei ledige har tatt vegen veit vi ikkje. I fiskemåsekoloniane var det framleis mange både hekkande og ikkje-hekkande fuglar.

Hettemåse blei funne hekkande i sjøfuglreservata for første gang i dette århundret, to par i fiskemåsekolonien på Kvannholmen i Askvoll.

Terner blei i år funne hekkande i 11 av sjøfuglreservata, det høgaste tal hekkeplassar som er registrert på nesten 20 år. Men tal hekkande individ er framleis svært lågt, berre litt over ein tidel av talet i 1995.

Figuren på neste side viser utviklinga i tal hekkande par sjøfugl i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Ettersom bestandsoverslaga for dei to lundefuglkoloniane er usikre fram til 2008, og fordi denne arten er så talrik at den "drukmar" utviklinga for dei andre sjøfuglartane, er lundefugl ikkje rekna inn.



Ser vi bort frå lundefuglen for at dei andre sjøfuglartane skal kome betre fram, er samla estimert hekkebestand i fylket redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til 2800 i år; ein tilbakegang på nesten 80%.

På figuren ser vi at den store tilbakegangen skjedde rundt århundreskiftet. Etter botnåret 2004 auka hekkebestandane relativt raskt, fram til og med 2007. Interessant nok var det i denne perioden eit toårig forbod mot tobisfiske i Nordsjøen, for å få økosystemet på fote igjen. Dette fisket blei opna igjen sommaren 2007, samtidig som vi ser at sjøfuglbestandane fekk ein markert tilbakegang frå 2007 til 2008. Etter 2008 har det vore ein stabilisering eller svært langsam auke i hekkebestanden, som no er ein firedel av bestanden i 1995. Frå i fjor til i år er situasjonen relativt stabil, med ein liten auke på drygt 3 %.

Skjøtsel i sjøfuglreservata

Eit mindre tal sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane har med tida blitt ueigna for hekkande sjøfuglar på grunn av gjengroing. I dei fleste tilfella skuldast dette utplanting av bartre før vernetidspunktet, og trea har etter kvart vakse til. Tilvekst av lauvtre og lyng er også eit problem i nokre av reservata, dette skuldast i hovudsak at færre sauer blir sendt på beite ute på øyane. Godø (1995, 2000) gir oversyn over utviklinga av skjøtelseshovet i reservata. Situasjonen no er at det er gjennomført, eller behov for skjøtsel i følgjande reservat:

Sildekruna: Lauvkratt blei rydda i 1999/2000, men på grunn av rotskot frå stubbane og manglande beitedyr var det allereie mindre enn ti år seinare på tide å rydde lauvskog igjen. Sildekruna blei rydda for lauvkratt og nokre mindre holt med grantre vinteren 2008/09, og i november 2009 blei hogstavfallet samla i haugar slik at det kunne brennast. Dette er ikkje gjort enno, hovudsakeleg fordi det på ettervinteren dei siste åra aldri har vore tørt nok til å kunne brenne noko. Andre årstider må tydelegvis vurderast.

Skorpeholmane: Talet på hekkande fuglar har gått sterkt tilbake på grunn av attgroing med buskfuru og lauvtre. Skogen var bortimot 10 m høg, og det var plass for hekking berre langs sørsida av holmane, da den vestre av holmane blei rydda vinteren 2009. Først i fjor var det mogleg å få brent hogstavfallet.

Haukedalsholmane: Desse tre holmane har alle vore sterkt prega av attgroing med velvaksne buskfuru og lauvtre. 150 par fiskemåse hekka på holmane så seint som i 2000, samtidig som ein hegrekoloni hadde etablert seg. Verken fiskemåse eller hegre har hekka i særleg tal dei siste åra, og alle trea blei felt vinteren 2009. Hogstavfallet blei samla og brent hausten 2010.

Tennøyane er framleis i bra tilstand som hekkeområde, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for sjøfugl. Truleg behov for lyngbrenning dersom lyngen breier seg inn mot hekkeplassane i grasområda.

Indre-Ånnøy har vore lite nytta som hekkeplass dei siste åra, truleg har lyngen blitt for grov slik at den hindrar utsyn for rugande fuglar. Lyngbrenning bør gjennomførast.

Nekkøytåa var i same situasjon som Indre-Ånnøy, men her blei lyngen svidd av i mars 2009. Busker og enkelte tre som blei ståande igjen etter brenninga blei fjerna i fjor.

Eikefjordholmane: Vinteren 1999/2000 blei det rydda krattskog på Notaholmen, som mindre enn ti år seinare var i ferd med å bli overgrodd av nytt lauvkratt. Kvalvikholmen er i bra tilstand, mens Middagsholmen var tilgrodd med furu og einer og dermed berre delvis eigna som hekkeplass. Felling av kratt på Notaholmen og skog på Middagsholmen blei gjennomført vinteren 2009. Hogstavfallet blei samla og brent hausten 2010.

Timberøyholmane: Den austlegaste av holmane har stort sett vore ubrukt av sjøfuglane, da halve holmen er kledd av eit furuholt og grov røsslyng. Furuskogen var der før holmane blei verna, og blei etter ønske frå grunneigar ståande da holmane elles blei rydda for furu og rognebuskar vinteren 2009.

Raudøy: Røsslyngen begynner stadvis å bli lang og grovvaksen, og det vil truleg vere ein fordel å få sau på beite, eventuelt også gjennomført lyngbrenning.

Kvannholmen: I bra tilstand, men spreidde tre blei fjerna våren 2010.

Krokholmen: I bra tilstand, men tre og busker blei fjerna våren 2010.

Prestøy: Leplantingar av gran frå 70-talet vaks etter kvart til og gjorde denne tidligare svært viktige måsekolonien verdiløus. Felling av all gran og rydding av lauvkratt på lyngheia blei derfor sett i verk i 2007. All gran i reservatet er felt, men brenning og rydding kunne ikkje avsluttast i 2008 på grunn av dårleg ver på ettervintaren, og behov for maskinell rydding av dei store mengdene tre. Arbeidet var planlagt ferdigstilt vinteren 2010, men den spesiallaga gravemaskinen som var bestilt til jobben blei øydelagt under eit anna oppdrag like før. Ryddearbeidet blei gjennomført hausten 2011.

Flatøy: Buskfuru, gran og lauvtre blei fjerna i 2007, og lyngen svidd av på den sørlege delen av øya. Lyngbrenning blei gjennomført på den nordlege delen vinteren 2010.

Ønaholmane: To større holmar og nokre mindre skjer. Øyene har vore i ferd med å gro igjen med spreidde gran og rogn, særleg den nordlege. Delvis rydding blei gjennomført i 2008 og hausten 2011, og det blei gjennomført lyngbrenning på ettersommaren i år.

Ramsholmane: Lille Ramsholmen er gjengrodd med stor rogn og gran og er tom for fugl. Store delar av Årsholmen har også vore gjengrodd med buskfuru, og reservatet er for tida av liten/ingen verdi for sjøfuglar. Skogfelling blei gjennomført på halve Årsholmen vinteren 2009, men ikkje fullført fordi det kom lokale reaksjonar på endring av den vante utsikta ut fjorden. Det vil truleg bli gjort eit forsøk med å setje igjen ein skjerm av tre mot den næraste busetnaden, men uansett må det ryddast etter hogsten. Det må da flygast maskineri ut på øya, slik det blei gjort på Prestøy.

Torsholmane: Tre holmar og nokre mindre skjer som er viktig hekkeplass for måsar, men på Indre Torsholmen har plassen i stor grad vore opptatt av lauvskog. Trea blei felt vintaren 2008 for å gi fuglane plass, og fiskemåsane svarte med å doble talet på reir påfølgjande sommar, med ytterlegare auke i år. Oppryddingsarbeid blei gjennomført av lokale krefter i vinteren 2010.

Storholmen: Ligg midtveges inn Sognefjorden. Det har vore trong for lyngsviing og rydding av noko kratt, eit arbeid som blei unnagjort på ettersommaren i fjor.

Fimreiteholmane: Ligg langt inne i Sognefjorden, og er ein lokalt viktig hekkeplass m.a. for fiskemåse. Etter eit lokalt initiativ blei begge holmane rydda i 2010.

Arbeidet med opprydding og brenning av hogstavfall har vist seg å vere problematisk både på grunn av liten tilgang på folk til å gjere arbeidet, ein relativt kort sesong på grunn av ilandstigingsforbodet vår og sommar, og vanskelege vertilhøve med mye regn. Både i august og september 2009 var det 27 dagar med regn (!), og etter dette har det meste av året vore fuktigare enn normalen. Under slike tilhøve blir det vanskeleg å halde sjøfuglreservata i optimal stand, og ideelt sett bør det husdyr på beite i fleire av områda. Dessverre går tal husdyr ned på kysten, og det ser ut til at einaste løysinga er eit aktivt arbeid med å stimulere husdyreigarar til å sende beitedyr til dei mest ursette sjøfuglreservata.



Sauar på beite på Storeplitten i Gåsvær naturreservat

Litteratur

- Bakken, V. & Mehlum, F. 1988: AKUP - Sluttrapport. Sjøfuglundersøkelser nord for N 74° Bjørnøya. Norsk Polarinstitutt Rapportserie Nr 44.
- Brun, E. 1973. Nye hekkeforekomster av krykkje, *Rissa tridactyla*, på kyststrekninga Stad – Hitra. *Sterna* 12, 218-222.
- Cairns, D. 1979. Censusing hole-nesting auks by visual counts. *Bird-Banding*, vol 50, nr. 4.
- Dalen, J & Mæstad, K. 2008. Seismikkens ringvirkninger. Havforskningsnytt 5-2008. Havforskningsinstituttet.
- Dragland, Å. 2005. Ny mat til laksen? Gemini 3-2005. Sintef/NTNU.
- Engås, A., Løkkeborg, S., Ona, E. & Soldal, A.V. 1993. Effects of seismic shooting on catch and catch-availability of cod and haddock. *Fisken og havet* 9: 1-117.
- Gjøsæter, H., Haug, T., Hauge, M., Karlsen, Ø., Knutsen, J.A., Røttingen, I., Skilbrei, O. & Sunnset, B.H. 2010: Havforskningsrapporten 2010. *Fisken og havet*, særnummer 1-2010.
- Godø, G. 1978. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport frå registreringar på kysten av Sogn og Fjordane 1978. Stensiltrykk.
- Godø, G. 1979. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport fra registreringar i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommuner sommaren 1979. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Utbyggingsavdelinga.
- Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Johannesen, T. 2009. Jakten på sydebukker.
http://www.imr.no/publikasjoner/andre_publicasjoner/kronikker/2009/jakten_pa_sydebukker/nb-no
- Johansen, O. & Ervik, A. 1977. Rapport om sjøfuglundersøkelser i Sogn og Fjordane 1.7.-17.7. 1977. Stensiltrykk, 33 s.
- Larsen, B.H. 2006. Sjøfuglregistreringer på Vågsøy i Sogn og Fjordane i perioden 1999-2006. Miljøfaglig Utredning Rapport 2006:74.
- Larsen, T. 2005a. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.

- Larsen, T. 2005b. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 11-2005.
- Larsen, T. 2006. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2006. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2006.
- Larsen, T. 2007. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 4-2007.
- Larsen, T. 2008. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 8-2008.
- Larsen, T. 2009. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2009. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 14-2009.
- Larsen, T. 2010. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2010. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 1-2010.
- Larsen, T. 2011. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2011. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2011.
- Lorentsen, S-H. 1989. Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Takseringsmanual. Utgave 2, mai 1989
- Lorentsen, S-H., Sjøtun, K. & Grémillet, D. 2010. Multi-trophic consequences of kelp harvest. *Biological Conservation* 143, 2054-2062.
- Mitchell, P.I., Newton, S.F., Ratcliffe, N & Dunn, T.E. 2004. Seabird populations of Britain and Ireland. T&AD Poyser.